

Anne-Line Sæt Tomren

Tru, håp og kjærleik

- Ein sosialantropologisk studie av kategorisering og identitetsprosessar blant Rosenborgsupporterar

«Det er klubben vår. Det er kjærligheten vår»

«Roger», Rosenborgsupporter.

Forord

No er masteroppgåva ferdig. Veggen har blitt gått og ein ser kvar den har enda. Det har vore ein prosess fylt med alle slags kjensler, alt frå djup fortviling og sinne til lykkekjensla når ein får til det ein tenkte. I løpet av desse to åra eg har arbeidd med masterprosjektet har eg lært ufatteleg mykje. Om meg sjølv, både fagleg og personleg, og ikkje minst om andre, både personar involverte i prosjektet og andre rundt meg. Eg vil påstå at eg er ein anna person i dag enn eg var fyrste dagen då masterstudiet byrja.

I samband med ferdig masteroppgåve er det mange som fortentar ein stor takk. Først og fremst vil eg rette ein stor takk til mine to vegleiarar gjennom skriveprosessen, Stein Johansen og Jan Ketil Simonsen. Takk for alle tilbakemeldingar, både dei positive og dei med meir friksjon. Takk for å ha hatt trua på meg uansett, og for all hjelp og støtte gjennom mange slitsame men lærerike månadar.

Den fine mastergjengen fortentar om mogleg ein endå større takk, utan dykk hadde det vore vanskeleg og fullført dette prosjektet i det store og heile. Takk for all oppmuntring, alle gode (og mindre faglege) samtalar og samankomstar, og ikkje minst, takk for alle tips, kommentarar og hjelp i samband med oppgåva. Ønskjer dykk masse lykke til vidare framover.

Ein stor takk til Arve Hjelseth for all hjelp, og til alle i Rosenborg Ballklubb som har vore hjelpsamer med mykje. Tusen takk til Christina for god hjelp i innspurten, og for fagleg påfyll når det måtte passe. Tusen takk til Åsmund for streng korrekturlesing, det blir satt umåtelig stor pris på. Tusen hjarteleg takk til den fine familien min som har oppmuntra og hatt trua på meg, sjølv i tunge stunder. Takk for at dykk har helde ut med meg i desse åra. De er gull verdt.

Til slutt vil eg dedikere oppgåva mi til alle Rosenborgsupporterane som har vore delaktig i masteroppgåva mi. Utan dykk hadde ikkje oppgåva blitt til. Takk for all informasjon og alle historier dykk har delt med meg, og ikkje minst tribuneopplevingar.

Alle feil i oppgåva er mine eigne.

Innholdsliste

Forord.....	I
Innholdsliste	III
Illustrasjonsliste	V
Kapittel 1- Introduksjon	1
Kategorisering og identitetsprosesser i supporterkulturen.....	2
Supporterkultur som religion	6
Supporterkultur som ein maskulin uttrykksform	7
Metode og bakgrunn	8
Studieobjekta.....	10
Tilgang til feltet.....	11
Feltnotatar	12
Det kvalitative intervjuet.....	13
Nærleik og avstand til feltet	15
Kapittel 2 – Rosenborg Ballklubb og deira syngjande soldatar	19
Trøndelag sin store byrgskap	19
Rosenborg sine syngande soldatar	22
Dei ulike kjernepartiklane	25
Ultras.....	25
Tifo Trondheim	26
Forsongargruppa	27
Kapittel 3 - Kategorisering, grenseprosessar og forhandling blant Rosenborgsupporterane.....	29
Plassering av supporterane på tribuna.....	29
«Den dumme teipen»	31
Forvirringar rundt «Ultras».....	33
Relasjonar til andre typar supporterar	35
Kapittel 4 – I kampens hete – Rivalisering i fotballen.....	39
Rosenborg-Lillestrøm 10. april 2011	40
Molde-Rosenborg 7. august 2011	41
Regional identitet, by og land	42
Trakassering av motstandaren gjennom seksuelle metaforar.....	45
Kjærleik og hat.....	49
Forhandlingar om grenser med nedlatande tilrop	50
Prototypar og ein felles identitet	52
Kapittel 5 - Rosenborg som religion og Lerkendal som kyrkje? - Eit mogleg blick på religiøse dimensjonar i supporterkulturen rundt Rosenborg.....	55
Eit perspektiv på ritual i supporterkultur	55

Supporterkultur som liminalt fenomen	57
Å oppleve flyt og å vere i ekstase	60
Segregering og danning av communitas	61
Communitas, ritualisering og kommunikasjon av felles identitet og tilhøyrse	63
Reaggregering	64
Fotball som religion	65
Ein definisjon av religion som opnar for å sjå fotball som religion.....	66
Ein definisjon av religion som ekskluderer fotball som religion	69
Kapittel 6 – Makt og motstand i kommersialiseringa av Rosenborg Ballklubb	73
«Fotball skal spilles i helgen»	77
Supporterarar versus klubben; kven sine interesser blir prioritert?	82
Globalisering og utfordringar for den stadfesta identiteten	88
Nye kategoriar og typar fotballsupporterar	91
Kapittel 7 - Konklusjon: Mot ein meir mangfaldig supporterkultur	95
Kjeldeliste	97
Internettkjelder utan forfattarar	101
Andre kjelder.....	101
Vedlegg for bilete	103

Illustrasjonsliste

Figur 1- Giulianotti sin firefeltstabell for kategorisering av fotballsupporterar.....	3
Figur 2- Stolt fortid-stor framtid-bannaret laga til Vålerenga-kampen i 2005	20
Figur 3- Ei skisse av Lerkendal stadion, og korleis dei ulike delane av stadion er delt inn.	21
Figur 4- Logoen til Kjernen.	25
Figur 5- Øvre Adressa tribunen, kalla Øvre Øst.	28
Figur 6- Plasseringa til dei ulike supportergrupperingane oppe på Øvre Øst tribunen.....	29
Figur 7- Plakatar som heng på veggane på veg opp til Øvre Øst.....	33
Figur 8- Samla oversikt over dei sosiale kategoriane som blir nytta blant Rosenborgsupporterane .	38
Figur 9- Baner hengt opp av Molde sin supporterklubb, Tornekraattet, før ein kamp mellom Molde og Rosenborg i 2006	42
Figur 10- Aksjonsmerket som ein har på banner under aksjonering.....	80
Figur 11- Tifo frå kampen mellom Rosenborg og Lyon i 2002.	103
Figur 12- Tifo frå kampen mellom Rosenborg og Molde på Lerkendal stadion i 2011.	103
Figur 13- Tifo frå hyllestkampen til Roar Strand på Lerkendal stadion i 2011.	104
Figur 14- Tifo frå kampen mellom Rosenborg og Chelsea i 2007.....	104

Biletet på framsida er henta frå; <http://rbkweb.no/bakgrunner>.

Kapittel 1- Introduksjon


Forskning på supporterfenomenet har i dei siste åra blitt eit populært emne for mange ulike fagretningar, blant anna sosialantropologi, sosiologi, religion og idrett. Forskinga på feltet byrja med å fokusere på perspektiv som handla om vald og gruppa av supporterar som blir kalla for «hooligans». Fokuset frå media på fotballsupporterar har vore negativt grunna diverse episodar både i inn- og utlandet. Eksempel på episodar har vi blant anna frå Tyrkia, Italia og England der voldsscener blir vist og supporterar barikaderar seg og kastar steinar og liknande mot politi og sikkerheitsvakter. I Italia og i England har vi sterke supporteridentitetar og mange hevdar at det er her den opphavlege supporterkulturen oppstod. Men den auka kommersialiseringa av fotballen føler desse autentiske supporterane seg trua, og det oppstend ein konkurranse mellom det autentiske og marknadskreftene. Men supporterfenomenet er ikkje utelukka negativt, noko forskinga stør opp om. I seinare tid har trenden snudd, og ein fokuserer heller på ting som identitetsskaping og tilhøyrse blant supporterane. Den kulturelle og sosiale forma og meiningane blir viktigare og i større grad fokusert på (Giulianotti 1999a:1-3). I Noreg har antropologar som Archetti (2003, 1985), Hognestad (2001), fotballsosiolog Hjelseth (2006, 2005) og Hoff Leirvik (2000) forska på fotball og fotballsupporterar, men det har vore mest forskning på feltet frå England, av blant andre Giulianotti og Armstrong. Det har òg blitt skriva gradsoppgåver om norske fotballsupporterar, då spesielt blant Klanen (Skoglund-Johnsen 2006, Reim 2008), Vålerenga sin supporterklubb, men òg andre supporterar som til dømes Bataljonen (Røssevold 2005), supporterklubben til Brann. Desse gradsoppgåvene har ulikt fokus, blant anna på det kroppsleggjorte, ulike supportergrupperingar og korleis dei steller seg til kommersialiseringa av fotballen. Etter kvart som kommersialiseringa av fotballen har fått eit auka fokus både i media og blant supporterane sjølve, har det kome ein del forskning på dette òg. Kommersialiseringa ser ut til å gå hardast ut over dei tradisjonelle og autentiske fotballsupporterane som hevdar at det er dei som utgjer det ekte supporterkulturen. Dei føler seg truga av marknadskreftene, som har som mål å rekkje ut til flest mogleg, altså dei satsar breidt. Ved og gjere det, oppstend det nye kategoriar av supporterar på tribunen som til dømes familiar. Dei nye gruppene kjem i eit konkurranseforhold til dei autentiske supporterane både når det gjeld plass, tid og former for supporteråtferd. Dette vil eg fokusere meir på i det siste kapittelet i oppgåva om kommersialiseringa av fotballen.

Rosenborg Ballklubb sine fotballsupporterar har blitt nytta som døme og casemateriale i delar av den norske faglitteraturen om supporterfenomenet, til dømes i gradsoppgåva til Line Fossum (2009) og i doktorgradsavhandlinga til Arve Hjelseth (2006). Det har derimot ikkje blitt gjort noko samla samfunnsfagleg analyse av supporterkulturen i Rosenborg Ballklubb. Det er dette som er hovudmålet med dette studiet og denne oppgåva. Studiet er gjort frå eit antropologisk standpunkt,

der eg søker å forstå supporterkulturen i Rosenborg frå innsida; frå fotballsupporterane sine synspunkt. Med utgangspunkt i problemstillingar i den nyare litteraturen om fotballsupporterar, vil eg i oppgåva diskutere sosial kategorisering og identitetsprosessar blant supporterane, opplevingsdimensjonar i supporterpraksisar, med vekt på religion, ritual og maskulinitet som analytiske omgrep, og til slutt korleis supporterane responderer til kommersialiseringa av fotballen. Det grunnleggjande argumentet mitt er at kommersialiseringa av fotballen skapar ein meir mangfoldig supporterkultur. Supporterkulturen utviklar seg mot ein meir kompleks sosial struktur med fleire aktørar, fleire ressursar og fleire kategoriar eller typar av fotballsupporterar. Dei tradisjonelle supporterane og deira supporterkultur blir utfordra av utviklinga mot eit større mangfald. Dei har nokre like, men òg motstridande interesser med dei nye kommersielle aktørane som søker ei breiare samansatt gruppe av fotballsupporterar. Ein kan spekulere i om dette mangfaldet på sikt kan transformere fotballsupporterane sine uttrykksformer vekk frå den meir opprinnelege maskuline formen for supporterkultur.

Kategorisering og identitetsprosessar i supporterkulturen

Sosiologen Richard Giulianotti skriv om korleis ein kan dele inn ulike typar supporterar etter ein fire-felts tabell og kva som er spesielt for desse supportertypene. Giulianotti skriv om hooligansime og ultrasfenomenet og om ulike sider ved fotballen ved å vise til blant anna etnisitet, kjønn, klasse og det emosjonelle. Han deler fotballsupporterar i fire ulike typar; supporteren, fanen, følgjaren og flaneuren. Han rangerar dei i forhold til eigenskapar som til dømes grad av solidaritet, grad av avstand og grad av relasjon til fotballklubben supporteren følgjer. Supporteren og fanen får status som dei med mest solidaritet til klubben og blir sett på som ein tradisjonell, autentisk fotballsupporter som i stor grad identifiserer seg med klubben. Motpolen er følgjaren og flaneuren som har minst solidaritet til klubben. Desse to har relativ stor avstand og identifiserer seg i liten grad med klubben. Dei kjem over i ei forbrukarrolle, som kan bli sett på som eit «nytt» fenomen som berre har auka dei siste åra. Giulianotti hevdar at trenden viser til at ein gjeng vekk frå supporter-modellen og over i den meir forbrukarorienterte-modellen (Giulianotti 2002:25). I oppgåva mi vil eg ta utgangspunkt i supportermodellen, då eg ser på studieobjekta mine for og vere i den kategorien. Dei tilhøyrar to organiserte grupper fotballsupporterar i Rosenborg, høvesvis Ultras Nidaros og Kjernen. Ultras Nidaros fell mest innanfor supportertypen med sterk tilknytning og stor grad av identifikasjon med klubben, mens Kjernen kan vere både supportertypen og fantypen, dette på grunn av det store mangfaldet av medlemmar.



Figur 1- Giulianotti sin firefeltstabell for kategorisering av fotballsupporterar (2002:31).

I litteraturen om supporterkultur fins det ei anna inndeling av fotballsupporterar der det blir skilt mellom hooligans, casuals og ultras. Dette er den vanlege tilnærminga i studiet av supportervalg, då desse gruppene er kjende for å lage mykje bråk og ståk rundt seg. Giulianotti beskriv hooligans og casuals på omtrent nøyaktig same måte, noko som kan tolkast som at dei er vanskeleg og skilje frå kvarandre og at dei bryt med det vanlege kategoriseringsmønsteret;

the main objective of hooligans (of each casual group) is to enhance the status of their formation confrontations with rivals. Each side seeks to «do» the other, by «standing» and attacking the opposition, «decking» them, forcing them to back off, or chasing them. (Giulianotti 1999:51, Giulianotti 1999a:31).

Grensa mellom hooligans og casuals er tynn og det kan derfor vere vanskeleg å forstå ulikskapane mellom dei to. I denne oppgåva skal eg diskutere relevansen av dette skiljet i Rosenborg. Dette er eit av tema eg tek opp i kapittel to. Mi tolking av dei er at hooligans har meir utspring frå ein aggressiv ungdomskultur der ein gjerne finn skalla unggutar og liknande, mens ein hos casuals finn menn i alderen 25-40 år som legg stor vekt på å opptre i dyre merkeklede. Både hooligans og casuals avtaler slosskampar med rivaliserande grupper. Den siste gruppa, ultras, ber preg av å ikkje vere valdelege, men legg heller vekt på å støtte klubben sin på ein best mogleg måte gjennom både song, rop og visuelle effektar. Ultras blir omtalt som veldig dedikerte og aktive supporterar. Om

nokre av Rosenborgsupporterane er med og avtalar slåsskampar er vanskeleg og seie, men i ei undersøking på landsbasis om kvar i landet ein kunne finne casuals, uttalte Kjernen at dei ikkje hadde problem med den typen supporterar i miljøet sitt. Men av undersøkinga kjem det fram at dei finst i Rosenborg som i mange andre supportertermiljø (Pettersen 2008). Eg vil undersøkje korleis desse supporterane kategoriserer seg sjølve og andre, og korleis grensene mellom dei blir skapt og opprettheldt. Eg vil leggje vekt på emiske omgrep i samband med denne kategoriseringa. Då vil det kome fram at supporterar i Kjernen har ulikt syn på ting enn det supporterar i Ultras Nidaros har. For å kunne kategorisere grupper som ultras og casuals vil eg argumentere for at ein treng meir nyanserte variablar å stelle seg til enn det Giulianotti har i sin fire-felts tabell, og at det førebels er vanskeleg å plassere grupperingar som ultras og casuals på grunn av at åtferda deira og måten dei kler seg på, bryt med dei naturlege kategorikjedane vi assosierer med fotballsporterar (Larsen 1984).

Fredrik Barth skriv blant anna om kategorisering og produksjon av grenser i si bok om etniske grupper, at

categorical ethnic distinction do not depend on an absence of mobility, contact and information, but do entail social processes of exclusion and incorporation whereby discrete categories are maintained despite changing participation [...]
(Barth 1969:9-10)

Dersom ein ikkje har sosial omgang med andre, kan ein heller ikkje vite om det finst nokon å samanlikne seg med, eller skilje seg frå. Derfor er det i sosial samhandling med andre ein kategoriserer seg sjølv i forhold til andre. Ein lagar dikotomiar med «seg sjølv» på eine sida og «dei andre» på den andre sida, og dreg ei linje mellom desse to. Informantane kategoriserer seg sjølve og andre supporterar i ulik grad for å kunne organisere verda rundt seg. Dei nyttar emiske kategoriseringar som er interessante for meg å sjå på i eit antropologisk perspektiv, og det er dette som vil vere bakgrunnen for det eg skriv om i kapittel tre om kategorisering. Dei snakkar til dømes om «stemningsturistar» og «luksussupporterar».

I tillegg dreg Rosenborgsupporterane sterke grenser mellom seg sjølve, og supporterar frå rivaliserande klubbar. Grensene opp mot supporterar med tilhøyrsløse til Molde og Lillestrøm ser ein best, då desse blir stadig framheva av Rosenborgsupporterane.

Det vi ser her er to ulike måtar å kategorisere seg på i forhold til andre. Den eine måten er i forhold til supporterar som held med det same laget (internt), og den andre måten er i forhold til rivaliserande supporterar (eksternt). Den interne differensieringa kan ein blant anna sjå på kvar på tribunen supporterane står i forhold til kvarandre, kor aktive dei er, og kor lenge dei har vore med

som aktive supporterar. Kategoriseringa mellom vanlege medlemmar i Kjernen og medlemmar i Ultras Nidaros er særst interessant. Dette fordi mange medlemmar i Kjernen meiner at Ultras Nidaros-medlemmar for lett dreg ei linje mellom kven som moglegvis kan bli med i grupperinga og kven som ikkje kan få bli med. Grunnen til at eg valde å skrive om rivalisering og kategorisering, og korleis dette kjem til uttrykk på tribunen og andre stadar, er fordi at det er ganske slåande kor mykje som handlar om å skilje seg frå andre og å markere seg sjølv blant fotballsupporterar. Kategorisering ser ein både mot andre lags supporterar, spelarar og trenarar, som eg vil vise seinare i kapittel tre om intern kateogrisering blant supporterane. I kapittel fire om rivalisering vil eg undersøkje korleis supporterane skapar grensemarkeringar ved å nedverdige motstandaren sine supporterar med kjønnsnedlatande ord og dyremetaforar.

Kategorisering av supporterane seg i mellom og overfor andre har å gjere med identitetsprosessar. Jenkins definerar identitet ved å skrive at «identity is our understanding of who we are and who other people are, and, reciprocally other people`s understanding of themselves and of others (which includes us)» (Jenkins 2008:18). Altså er vår identitet vår oppfattelse av kven vi er og kven andre er. Men omgrepet er ikkje fast, det er ikkje absolutt, og det kan endre seg. Gjennom å vise til eins identitet kan ein anten ha noko til felles med andre eller ein kan skilje seg frå andre på bakgrunn av å ha ulik identitet. Identiteten vår kan endre seg i møte med andre og gjennom dei mange sosiale prosessane vi som menneske gjeng i gjennom (Parker & Harris 2009). Ein sosial identitet gjennom sport kan både ver kollektiv og individuell, alt etter kva sport ein driv med. Og det same gjeld for ein fotballsupporter. Dersom ein opptrer i flokk, som ein som regel gjer, gjeld den kollektive identiteten meir enn den individuelle, som gjer seg gjeldande for ein supporter i ein mindre skala. Den individuelle identiteten kan kome til uttrykk når supportaren har på seg supportarutstyr utanom kampdagen, eller ved å kome opp i ein diskusjon om fotball til dømes. MacClancy skriv at «sport may not just be a marker of one`s already established social identity but a means by which to create a new social identity for oneself» (MacClancy 1996:3). Allereie no ser vi at kategorisering og identitet har ein del til felles. Vi kategoriserer på bakgrunn av vår eigen og andre sin identitet, og nettopp det gjer informantane mine når dei til dømes kallar andre supporterar for «luksussupporterar». Gjennom ein felles identitet har fotballsupporterane noko til felles, og i mitt tilfelle identifiserer alle informantane mine seg som Rosenborgsupporterar. Stammen i samhaldet er nettopp dette, og det er viktig for supporterane, for dersom du tek vekk denne felles identifikasjonen dei har til Rosenborg Ballklubb, vil du truleg ikkje stå igjen med mykje anna dei har til felles. Ein fotballsupporter kan òg føle identifikasjon med andre ting enn sjølve fotballaget. I England er det ikkje uvanleg at fotballsupporterane identifiserer seg med arbeiderklassen, då fotballen opphavleg var eit spel for den klassen (Hjelseth 2005:73-76). I Rosenborg kan ein finne ei todelt identifisering; dei som identifiserer seg med prototypen av ein supporteren frå bygda og dei som identifiserer seg

med prototypen av ein supporteren frå byen. Samstundes kan ein finne ulike identitetar innan gruppa Rosenborgsupporterar, blant anna dei som identifiserer seg med Ultras Nidaros og dei som identifiserer seg med Kjernen, og Tifo Trondheim, eller alle desse gruppene for den saks skuld. Identiteten til ein Rosenborgsupporter vil stå ganske sterkt på Lerkendal stadion ein søndagskveld, men den vil stå endå sterkare om mogleg, på Aker Stadion ein søndagskveld. Dette fordi at då er ein i mindretal og har eit ekstra sterkt behov for å markere seg mot «fienden» som er i fleirtal og i tillegg på heimebane. Den kollektive identiteten blir sterkare og grensa mellom «oss» og «dei andre» blir sterkt markert i ein slik situasjon. Dette kjem godt fram i empirien min frå bortekampen mellom Molde og Rosenborg. I denne utgreiinga om sport og identitet kjem det fram at eg ikkje brukar identitet i ein sportssamanheng, men i ein fotballsupportersamanheng. Likevel er det mogleg å omtale både kollektive og individuelle identitetar, men med hovudfokus på kollektive identitetar då fotballsupporterar som oftast opptrer i flokk når dei markerar seg, anten dei er på heimebane eller på bortebane. Eg hevdar at fotballsupporterane sine identitetar kjem til syne i mange ulike situasjonar, alt etter kven dei samhandlar med, anten det er snakk om eigne og rivaliserande supporterar, styret i Rosenborg Ballklubb eller aktørane som stend bak den mykje omtalte TV-avtalen om rett til å vise Tippeligakampar på fjernsynet.

Den norske antropologen Hans Hognestad (2001) har publisert forskning som gjeng på rivalisering mellom klubbar kategorisert som rurale og urbane. Han nyttar fotballklubbane Bryne og Viking som døme og skriv om korleis supporterane frå Viking ropar og syng songar som indikerer at Bryne har eit forhold til det rurale, til bondekulturen. Akkurat dette var tilfellet frå 60-70-talet, og dette er noko som fortsatt heng igjen. Denne problematikken fell saman med rivaliseringsproblematikken som Archetti tek opp, og som eg problematiserer i kapittel tre.

Supporterkultur som religion

Ein måte å uttrykkje seg på for supporterane kan vere i religiøse terminologiar. Mykje av litteraturen om opplevingsdimensjonen ved det å vere fotballsupporter klassifiserar dette som ein form for religion og ritual, og brukar teoriar og omgrep frå Emile Durkheim, Clifford Geertz og Victor Turner. Giulianotti skriv òg om dette temaet og hevdar blant anna at «the modern game (football) is said to have replaced religion as the institution that bonds people together, while giving rise to states of emotional ecstasy previously associated with religious ceremony» (Giulianotti 1999:17). Han baserer dette på Durkheim si forståing av religion som eit bindeledd mellom tradisjonelle småskalasamfunn, og peikar samstudnes på at ein må studere fotball og religion som to ulike kulturelle fenomen som fungerer på kvar sine komplekse måtar. Vidare skriv Giulianotti at « [...] some of football`s fundamental oppositions are rooted in sense of religious antagonism or

conflict, within both the developing and the developed world» (Giulianotti 1999:ibid.). Som døme på konflikter blir Nord-Irland og Skottland nemnd, og det då er snakk om dei religiøse konfliktane mellom katolikkar og protestantar som har heldt på i lang tid. Vidare skriv han at den mest framtreddande fellesnemnaren mellom fotball og religion er ritual og korleis dei blir gjennomført. Både fotballspelarane og fotballsupporterane har ritual dei gjennomfører før, under og etter ein fotballkamp, men på ulike nivå og med ulike tydingar. Fotballspelarar som er djupt religiøse finst det mange av og dei har sine eigne ritual før kampstart. Det kan til dømes vere å ha på seg den venstre sokken først og liknande, men òg ritual meir retta direkte mot religion som bøn, som vi kan observere før kampstart, spesielt hjå utanlandske spelarar. Supporterane gjennomfører ritual på eit anna nivå. Dei set fokus på solidaritet, tilhøyrsløse og ein felles identitet. Rivalisering er òg eit viktig punkt her. Spesielt antropologen Christian Bromberger har analysert korleis religiøse element og ritual, og korleis dei manifesterar seg i fotballen. Han listar blant anna opp nokre punkt der han behandlar religiøse aspekt sett i ein fotballsetting. Han snakkar blant anna om kvar kampen blir spelt, korleis supporterane og fotballen generelt er rangert, korleis fotballkampen er ein prosess frå morgon av og til etter kampslutt med ulike ritual, og korleis *communitas* oppstend i ein fotballkontekst (Bromberger 1995).

Eg vil drøfte nokre av desse problemstillingane i kapittel fem. Mykje av forskinga om supporterkultur som religion kjem frå utlandet med vekt på England og Spania, og det vil derfor ver fruktbart og sjå på same tema i ein norsk samanheng. Av den litteraturen eg har søkt opp på temaet fotball og religion, har eg ikkje funne nokon som har reflektert over om det er mogleg å definere fotball som religion ut frå ein religionsdefinisjon. Derfor er utgangspunktet mitt i dette kapittelet om fotball og religion vere annleis enn anna forskning på det same. Eg vil undersøkje om ein kan kategorisere supporterane sin åtferd og deira oppleving som religion og ekstatiske oppleving, og om ritual kan åpne for dei forståing av supporterane sin åtferd. Eg vil argumentere for at den beste måten å nærme seg fotball som religion på, er å studere rituala som blir gjennomført i samband med ein fotballkamp, og korleis supporterane dannar eit *communitas* og korleis dei trer ut av den liminale *communitas*-fasen. I den prosessen skjer det ein kallar for «rite de passage» som bestend av segregering, danning av *communitas* og reaggregering (Van Gennep 1960).

Supporterkultur som ein maskulin uttrykksform

I oppgåva mi har eg basert kapittel tre på noko liknande som det Archetti (1985) skriv om i artikkelen sin om fotball i Argentina. Eg tek opp maskuline identitetar og korleis supporterar ofte nyttar nedlatande ord og uttrykk for å styrke seg sjølve og for å svekkje motstandaren, gjerne ved bruk av kamprop eller songar, som Archetti viser til i sin litteratur. Eg skriv om maskuline

identitetar på tribunen fordi den syner seg ganske sterkt oppe på Øvre Øst, og i møte med rivaliserande supporterar blir den om mogleg enno sterkare. Eg brukar empiri frå hans arbeid i Argentina og komparativt til funna mine og observasjonar hjå Rosenborgsupporterane. Trass i at uttrykkja og skalaen er mykje større i Argentina enn i Noreg, er det likevel interessant og sjå likskapar mellom korleis supporterane vendar seg til andre lags supporterar og kva slags uttrykk som blir nytta til dette. Som eg vil prøve å vise til så er det faktisk eit par episodar eg vil døme som tilnærma lik situasjonar som kan oppstå i Argentina nettopp på grunn av det nedlatande språket og kjønnsjikanen som blir forsøkt formidla av supporterane, og bekreftar såleis at Archetti sin påstand har ein meir universell gildskap.

I kapittel seks vil dei opphavlege og autentiske supporterane sin motstand mot kommersialiseringa av fotballen bli drøfta. Dette vil vere éin mogleg måte å sjå kommersialiseringa av fotballen på. Ikkje nødvendigvis den mest føremålstenelege, men fortsatt informantane sin emiske forståing av kommersialiseringa slik dei opplev den ut frå deira status som autentiske fotballsupporterar. I Noreg er det først og fremst fotballsosiolog Hjelseth (2006) som har gjort studiar av fotballsupporterar sin respons på kommersialisering. Han nyttar utsegn frå fotballsupporterar på sosiale mediar som sin primære empiriske kjelde. Eg derimot har teke utgangspunkt i deltakande observasjon blant supporterane eg har studert for å få mest mogleg informasjon der og då. Eg vil undersøkje korleis dei kommersielle aktørane utgjer ein konkurrerande aktør til supporterane, og på kva områder. Dette vil eg gjere ved å argumentere for at gjennom kommersialiseringa har det oppstått nye fragment av supportertypar, som til dømes familiar, barn og kvinner, som har blitt ei utfordring for dei autentiske supporterane. Desse nye grupperingane kan ta både tid, rom og merksemd vekk frå supporterane, og det blir eit auka fokus på by versus land, og den lokal identiteten blir utfordra av den globale og internasjonale identiteten. Eg vil rett og slett argumentere for at det moglegvis vil oppstå ein meir mangfaldig supporterkultur, ettersom dei kommersielle kreftene må satse breidt blant publikum for å nå best mogleg ut og tene mest mogleg pengar.

Metode og bakgrunn

Val av studieobjekt heng nøye saman med ein av dei store lidenskapane mine, nemleg fotball. Eg har sjølv vore aktiv fotballsupporter i mange år, og har alltid vore interessert og engasjert i dette merkelege spelet der 11 vaksne menn spring som galne og kjempar etter ei lêrkule som tilfeldigvis dett ned ein eller annan stad midt på eit jorde kledd i grønt gras. Det er nettopp slik spelet fotball blir skildra av mange, og desse er gjerne i den kategorien som ikkje skjønar kva som er så stort med fotball. Men det er òg kjent at fotballen engasjerer like mykje som den irriterer. For meg har alltid

fotball vore noko engasjerande, heilt frå eg byrja og spele som lita jente og til eg byrja å gå på fotballkampar med det lokale heimelaget for å sjå på nabo-oppgjer og liknande. Etterkvart blei interessa endå større og ein reiste inn til byen for å sjå på litt meir nasjonal fotball, og sidan har eg vore djupt engasjert og lidenskapeleg oppteken av fotball. Fotball gir meg utruleg mykje utan at eg heilt greier å setje ord på nøyaktig kva. Men som mange av informantane har sagt så er det noko med denne fellesskapskjensla. Å kunne juble for seriegull eller Noregsmeisterskapstittelen saman med 10.000 tilsynelatande ukjende menneske, men likevel føle seg meir heime der enn mange andre stadar. Å plutselig kunne gi ein klem eller ein «high-five» til personen ved sida av deg fordi laget ditt gjorde noko eksepsjonelt bra ute på bana i ein kritisk fase av kampen. Eller at du set deg i ein buss med totalt ukjende menneske på veg til Noregs sørlegaste eller nordlegaste grasmatte for å heie fram laget ditt, og returnerer med ein busslast full av venar og bekjente. Fotballen fører med seg mykje sosialt, men òg mykje emosjonelt. Kjensler i fri flyt er heilt naturleg som fotballsupporter og såkalla «utbrudd» i løpet av ein kamp er slett ikkje uvanleg. Men for meg er det ein del av sjarmen, at ein ikkje veit kva utfallet blir. For kva hadde en fotballkamp der ein visste utfallet på førehand vore?

For meg var ikkje det noko nytt kva fotballsupporterar gjorde, men som feltarbeidar tok eg likevel på meg rolla og gjorde som dei gjorde med stor glede. Eg kledde meg som dei gjorde, i fotballdrakt eller i klubbfarene, alt etter vêr og vind. Eg gjorde det dei gjorde før kampstart, møtte opp på Kjernepuben, såg fotball, drakk øl og diskuterte fotball. Eg gjorde det dei gjorde under sjølve kampen, eg song, ropte, veiva med armar og bein, vifta med skjerfet mitt og bidrog til å lage stemning og lyd på den beste måten eg greidde. Eg lærte meg songane og ropa dei brukte, og eg tok til meg fotballfaglege og ikkje-fotballfaglege uttrykk som blei nytta. Det som var nytt for meg, var akkurat denne fotballkulturen her i Trondheim. Som sunnmøring har eg vekse opp med Aalesunds Fotballklubb som moderklubb i Tippeligaen, og der gjer ein mykje på ein annleis måten enn kva som blir gjort i Trondheim, men mykje er sjølvstekt. Noko av det enklaste var å relatere seg til rivaliseringa mellom Rosenborg og Molde, som kanskje er større enn rivaliseringa mellom Aalesunds FK og Molde. På førehand hadde eg informert mange av informantane om kva eg dreiv på med og hadde som føremål, og vi blei einige om at eg ikkje kom til å observere enkeltpersonar i like stor grad. Eg skulle fokusere på det kollektive på tribunen, og det var også det eg gjorde for det meste. I mine feltbeskrivingar er det lite som omhandlar enkeltpersonar nettopp av denne grunnen. Repstad skriv at dersom ein driv med passiv observasjon av enkeltpersonar kan ein bli sett på som ein som spionerer og som driv med noko nedverdiggjande. Du gjev ingenting av deg sjølv mens du kan betrakte dine studieobjekt på den måten du sjølv ønskjer (Repstad 1993:35).

I og med at eg var ganske innforstått med fotballsupporterpraksisen frå før, hende det ofte at eg hoppa ut av forskarrolla mi og rett over i den ivrige fotballsupporterrolla. Alt eg opplevde oppe på

tribunen saman med Rosenborgsupporterane har på eit vis blitt lagra i kroppen min gjennom ulike sansar. Derfor hoppa eg ofte mellom den deltakande rolla og den observerande rolla, men mest av alt kombinerte eg den. For meg blei det viktig å stoppe opp og nyte augneblinken av og til, få med seg dei små, men veldig viktige augneblinka. Dette kan til dømes vere eit spesielt ansiktsuttrykk frå forsongaren når han tek i på det meste, eller det skuffa og sinte ansiktsuttrykket til Rosenborg sin angripar Rade Prica i det han bommar på mål for tredje gong i kampen.

Studieobjekta

Fotballsupporterar med ulik grad av engasjement har vore aktuelle studieobjekt. Det har vore ei jamn fordeling av kvinner og menn og med alder frå 18 år og opp til 50 år. Eg har mellom 15-20 informantar, men har berre nytta dei mest relevante i oppgåva. Alle informantane har ei utdanning, anten høgare eller yrkesfagleg. Alle er anten studentar eller i arbeid. Og mange av dei har familie. Nokon er medlemmar i Kjernen, nokon i Ultras Nidaros, mens nokon er begge deler. Nokon er ikkje medlem i nokre av gruppene, men heller medlem av Rosenborg Ballklubb. Alle hadde ulike grunnar for sitt medlemskap. Eg kom i kontakt med nokre, som igjen anbefalte meg å kontakte andre, og eg enda opp med og velje ut informantar etter det såkalla «snøballprinsippet» (Repstad 1993:41). Etter at fotballsesongen byrja og eg var på kamp annakvar helg, fekk eg meir og meir innsyn i kven som var kven, og kva rolle dei ulike personane hadde. Dette gjorde det litt enklare med tanke på kven som kunne vere relevante å ta kontakt med og ikkje, spesielt innanfor gruppa Ultras Nidaros. Eg visste sjølvsgatt ikkje nøyaktig korleis strukturen innan Ultras Nidaros var, men dette fekk eg opplyst etterkvart som eg snakka med medlemmar derfrå. Det same gjaldt sentrale medlemmar i Kjernen. Eg gjekk berre ut frå dei observasjonane eg hadde gjort før, under og etter kamp, i byrjinga og det førte til meir nyttig informasjon.

For å kome i gang med feltarbeidet måtte eg byrje ein stad. Fotballsesongen i Noreg byrjar ikkje før i mars, og då hadde allereie 2,5 månadar av mi tid i feltet gått med. Eg bestemte meg derfor ganske tidleg for å bruke tida fram mot sesongstart på å kome i kontakt med supporterar på andre arenaar, samt til å lese meg opp på relevant litteratur. Samstundes bestemte eg meg for å følge Rosenborg og supporterane heile sesongen i gjennom, det vil seie frå mars månad til byrjinga av november månad når avslutningskampen blei spelt. Totalt blei feltarbeidet mitt på 9 månadar, men ikkje alle månadane inneheldt like mykje deltakande observasjon. Dette vil eg skrive meir om seinare i kapitlet.

Eg hadde òg samtalar med sentrale personar rundt Rosenborg Ballklubb. Dette var for å få eit anna perspektiv enn det eg fekk frå informantane som primært var sterkt engasjerte fotballsupporterar. Desse personane hadde ulike verv innan klubben utan å kome nærmare inn på

kven dei var, med omsyn til anonymiseringa.

Ved å bruke meg sjølv som ein informant kunne eg beskrive ulike hendingar ved og sjå på eit bilete eller sjå ein video frå hendinga, og hugse kva som var det store. Det som skjedde har blitt tatt opp gjennom dei ulike sansane mine og eg kan hugse detaljar, lukter og ansiktsuttrykk berre ved å sjå eller høyre noko som eg set i samanheng med denne hendinga. Erfaringane mine har blitt internaliserte og kroppsleggjorte. Stoller skriv at ved å definere heller enn å erfare røynda, mistar vi substansen av den (1989:37). For å kunne vite må vi gjere meir enn og berre observere, vi må bruke dei sansane vi har for å ta inn inntrykk, bilete, smakar og lukter og å gjere det om til våre eigne erfaringar. «Much of what we see is shaped by our experiences, and our «gaze» has a direct bearing on what we think» (Stoller 1989:39). Ved å bruke meg sjølv som ein informant har eg ein fordel når det gjeld å beskrive hendingar til dømes. Eg har kjent det på kroppen og kan dermed beskrive det på ein annan måte enn den som ikkje har kjent det på kroppen på same måte som meg, med dei bakanforliggende kjennskapane til feltet som eg har meiner eg. I løpet av feltarbeidet mitt brukte eg dette mykje, og kan fortsatt hugse detaljar berre ved og sjå på eit bilete. På mange måtar vil det vere ein stor fordel å kunne bruke seg sjølv som ein informant, men på enkelte områder vil det òg vere ein bakdel. Bakdelen har og gjere med objektiviteten og distansen til feltet å gjere, som eg vil kome tilbake til seinare i kapittelet.

Tilgang til feltet

I byrjinga av feltarbeidet var det lite som skjedde på fotballfronten fann eg raskt ut. Dette på grunn av at det framleis var nokre månadar til sesongstart, og sesongoppkøyringa var så vidt kome i gang. Eg annonserte via sosiale media kva min intensjon var og uttrykte at eg ønskte å oppnå kontakt med potensielle informantar. Eg fekk nokre svar, men svært lite å arbeide med. Etterkvart byrja det å løsne litt etter litt. Eg fekk tips om å fare på ishockeykampar i Leangen Ishall og sjå på Rosenborg sitt ishockeylag. Inne i ishallen var nemleg ein gjeng som var dei same som var sterkt engasjerte i Kjernen, og det var på denne måten eg byrja å kome inn i det. Eg kontakta ein person i ishallen, som igjen introduserte meg for nokre andre. Nokre har eg kontakta igjen seinare, andre ikkje. På denne måten fekk eg litt kjennskap til miljøet før fotballe sesongen starta opp, og kunne øve på songar og observere åtferd og sosial struktur allereie i ishallen. Skalaen i ishallen og på Lerkendal stadion er sjølvsagt to heilt forskjellige, men det var likevel interessant at såpass mange var omtrent like sterkt engasjert i ishockey om vinteren, som i fotball resten av året. Blant dei største fotballklubbane i landet er det vanleg å ha bi-idrettar som ein kan følgje når fotballen har pause, der i blant ishockey og handball. Dette gjeld til dømes for Vålerenga (Vålerenga Ishockey Elite) og Viking (Stavanger Oilers).

For å møte supporterane før sesongstarten var ishallen ein fin arena. Når det gjaldt å møte dei i ein fotballsetting, hadde Rosenborg nokre treningskampar då sesongen starta, men eg hadde ikkje høve til å delta på desse. Hovudarenaen for å møte supporterane var på Lerkendal stadion. To-tre timar før kampstart samla mange seg på puben utanfor Øvre Øst tribunen, i Kjernepuben. Der blir dei andre kampane i Tippeligaen vist, samt andre sportsarrangement på fjernsynet. Utover i sesongen blei det arrangert diverse arrangement i puben, som quiz og møte med legender i Rosenborg. Desse arrangementa samlar supporterar og det er ofte «stinn brakke». På vanlege kampdagar utan noko form for arrangement samlast ei jamn masse for å sjå på fotball, drikke øl og diskutere fotball med kompisar før kampen. I forkant av feltarbeidet mitt hadde eg kontakta tidlegare masterstudentar innan same tema og mange av dei sa at dei hadde fått sitt store gjennombrøt på si første bortetur med supporterklubben. Min første og einaste bortetur med Kjernen var til Molde, i byrjinga av sesongen (mai). Turen til Molde var nyttig. Eg kom i kontakt med framtidige informantar og fekk oppleve det som kom til å bli viktige hendingar i forhold til studiet.

Feltnotatar

I løpet av den tida i felt, skreiv eg ned mykje informasjon om ting som skjedde, spesielt etter å ha vore i feltet. Å vere i feltet for meg vil seie å gå få fotballkampar, reise på turar og delta på ulike arrangement i regi av Rosenborgsupporterane. På det meste kunne det vere 3-4 hendingar i løpet av ei veke, mens det stundom ikkje skjedde nokon ting. Måten eg skreiv feltnotatar på var forskjellig. På kampar skreiv eg stikkord i pausen, ofte på mobilen min eller på ei notisblokk. Når eg kom heim om kvelden, skreiv eg utfyllande notatar med mykje meir detaljar, aldri meir enn ein time etter sjølve hendinga i tilfelle hukommelsen ikkje skulle strekkje godt nok til. Eg skreiv utfyllande om hendingar og prøvde å få med så mange nyansar som mogleg rundt hendinga. Sidan hendinga fortsatt var friskt i minne og eg svært ofte var ganske engasjert sjølv, gjekk dette veldig greitt.

Repstad skriv at «men uansett gjør fraværet av tekniske hjelpemidler under selve observasjonen at kravene til hukommelsen blir ganske store» (Repstad 1987:44). For å betre kunne hugse, tok eg bilete og gjorde audiovisuelle opptak. Eg filma kvar gong Rosenborg vann, og korleis supporterane oppførte seg etter kampen var ferdig. Sterke jubelscener er eit stikkord for desse filmene. Filmene og bileta tok eg for min eigen del, og har ikkje delt dei med noko av etiske omsyn. Men dei har hjelpt meg i prosessen med og hugse i etterkant av feltarbeidet. På turen til Molde skreiv eg litt feltnotatar på bussen, litt før kampen og litt etter kampen, både på mobilen og i notisblokka eg gjekk rundt med. For å unngå å gå glipp av noko, konsentrerte eg meg mest om å oppleve, og å sjå og høyre. Eg prøvde aldri å skjule at eg tok notatar og fekk ikkje høyre det spesielt heller. Mykje av

det eg har opplevd har eg tatt opp gjennom sansane i kroppen og det kan bli framprovosert ved og sjå ein av desse filmane eller bilete eg tok gjennom sesongen. Men dersom spesielle hendingar oppstod, tok eg dei mest nødvendige notatane for å kunne skrive ut meir detaljert kva som skjedde i etterkant. Denne måten å føre feltnotatar på fungerte veldig bra for meg.

Det kvalitative intervjuet

For å kunne oppnå ei djupare forståing og for å få meir innsikt i korleis informantane tenkte rundt ulike emne (Briggs 1986), nytta eg det kvalitative intervjuet som ein del av metoden. I motsetning til sosiologar som ofte nyttar spørjeskjema, nyttar antropologar djupneintervju blant informantane. På førehand sendte eg ut eit samtykkeskjema som informerte alle dei involverte om kva eg hadde som intensjon og litt rundt sjølve prosessen, samt om forskingsetikk. Kvar av dei eg intervjuar fekk eit eige pseudonym, og ingenting av det dei har uttalt vil kunne bli spora tilbake til dei. Utføringa av sjølve intervjuet blei gjort på ulike måtar. Nokre intervjuar eg over telefon, andre over e-post, mens andre møtte eg i diverse settingar, som til dømes på kafé og på Lerkendal Stadion. Eg intervjuar nokre informantar i byrjinga for å prøve ut spørsmåla eg hadde laga og for og sjå om dei fungerte og kva informasjon eg fekk ut av å stille dei. Eg fekk varierte svar, og endra litt på intervjuguiden etterkvart, noko eg for øvrig gjorde ein del gongar i løpet av feltarbeidet. Nokre gonger byrja informantane å snakke om tema eg ikkje hadde tenkt over, og som eg seinare la til spørsmål om i intervjuguiden. Eg velte aktuelle informantar både etter tips frå andre og ut frå situasjonar som skjedde under kampar eller turar.

Sjølve intervjuet hadde eg sett opp frå før, med ein viss struktur. Eg hadde inngangsspørsmål som alle informantane måtte svare på, men vidare blei ofte spørsmåla tatt i ulik rekkefølge alt etter kva retning samtale gjekk i. Men eg passa på og alltid få spørje dei spørsmåla eg såg på som viktigast. Nokre spørsmål kutta eg ut etterkvart som eg såg at dei ikkje gav meg informasjon, mens eg la til nye som kunne vere betre som nemnd over. Formålet med intervjuar var å få i gang ein samtale med informantane der dei fekk fortelje om sine erfaringar, kjensler og syn på ulike tema knytta opp mot det og vere fotballsupporter. Hammersley & Atkinson skriv at

feltforskeren bestemmer ikke på forhånd hvilke spørsmål de vil stille, skjønt de kan starte intervjuet med en liste over temaer de ønsker å ta opp [...] Ved forskjellige anledninger, eller på forskjellige stadier i det samme intervjuet, kan angrepsmåten være ledende eller ikke-ledende [...]

(1987:118)

Det handlar om å kunne vere fleksibel i forhold til intervjuet, og ikkje låse seg fast i det ein har tenkt ut på førehand, for det kan setje ein stoppar for å oppdage interessante ting medan intervjuet held på. Nokre av informantane intervjuet eg to gongar, og grunnen til at eg intervjuet akkurat dei var at dei fungerte som nøkkelinformantar. Dei gav meg masse informasjon og tips, og eg fekk mykje ut av å snakke med dei.

Å bruke bandopptakar fungerte veldig godt for meg. Eg spurte alltid informantane det gjaldt på førehand om det var greitt, og ingen hadde problem med det. Ved å bruke bandopptakar kunne eg lettare fokusere på informanten og den informasjonen han eller ho gir, i staden for å måtte sitje og notere ned alt han eller ho seier. Då gjekk all merksemda med på å notere, og ikkje på og høyre på informanten. Ved å ta opp alt på band, krev det ein del etterarbeid i form av transkribering. Dette er tidkrevjande arbeid, men eg transkriberte ikkje alle intervjuet, berre dei eg brukte mest, og delar av dei andre. Uansett er det greitt å ha alt på band, då kan du når som helst spole tilbake og sjekke sitatet du skal bruke.

Ved å gjennomføre eit djupneintervju med informantane, kjem vi i djupna på ting og kan auke vår kunnskap om deira forståing av verda og deira erfaringar. Vi oppnår ein form for metakommunikasjon. Ein informant kjem til dømes med eit standpunkt som skildrar korleis ei kommunikativ handling eller ein prosess gjeng føre seg (Briggs 1986:1-2). I etterkant kan dette føre til at vi som antropologar i større grad er i stand til å skrive fyldige beskrivingar som Geertz skriv om;

[...] and the thick description of what he (the boy) is doing lies the object of ethnography: a stratified hierarchy of meaningful structures in terms of which twitches, winks, fake-winks, parodies, rehearsals of parodies are produced, perceived, and interpreted, and without which they would not in fact exist, no matter what anyone did or did not do with his (the boy) eyelids
(1973:7).

Geertz omtalar her det han kallar for ei fyldig beskriving, der han nyttar to gutar som gjer noko med augo si (blunkar) som eksempel. Men det kan òg dreie seg om intervju av informantar, observering av ritual, framlökkande slektskapsbetingelsar og sporing av eigedomslinjer til dømes (1973:10). Dess fyldigare du skriv om hendinga du observerer, dess lettare kan det vere å tolke den eller og setje den i ein større kontekst. Geertz gjeng i bresjen for at antropologar må skrive fyldige beskrivingar for at det skal kunne gå an å tolke og forstå det vi observerer. Ein kan skrive seg fram til meining i følgje Geertz (1973). Han omtalar det som ein prosess der ein skriv seg til ei djupare forståing av fenomenet. Dette kan ein til dømes gjere ved å utføre intervju, analysere materialet, for

å intervjuje på nytt og analysere igjen. Dette har eg sjølv gjort ved enkelte anledningar. Eg har intervjuja ein informant ein gong, analysert materialet, men for å få ei djupare og meir meningsfull forståing, har eg intervjuja same informanten ein gong til før eg har analysert fenomenet igjen. Det har ikkje alltid vore naudsynt å gjere det slik, men til tider.

Nærleik og avstand til feltet

Den største utfordringa for meg ved å gjennomføre feltarbeid blant fotballsupporterar, var heilt klart dette med nærleik versus avstand til feltet. Dette gjaldt spesielt etter at feltarbeidet var ferdig. I ein periode, frå august til november, var eg i felt samstundes som eg hadde byrja å skrive på oppgåva, og då var det spesielt vanskeleg og skilje mellom desse to. Dette har og gjere med at eg sjølv var ein av dei eg studerte, at dei fleste tema som eg tek opp i oppgåva mi, har eg ei personleg mening om og at eg har partiske haldningar av ulike slag innan supporterfeltet etter mange år som aktiv supporter. I byrjinga skein det veldig godt i gjennom, men med god hjelp greidde eg og sjå teksten og ikkje minst tema i oppgåva utanfrå, med god avstand til feltet og hendingane. Å gå frå og vere ein på innsida til å bli ein på utsida var vanskeleg. Eg studerte Rosenborgsupporterane frå innsida, samstundes som eg var ein av dei. Og å skulle gå frå det til og vere ein forskar med distanse til feltet på utsida var krevjande og tok litt tid. Kirsten Hastrup skriv at antropologisk forskning ikkje må bli for opphengt i kva og korleis «the natives» tenkjer og føler, og at ein som forskar er nøydd til å distansere seg frå feltet i ein skrive- og analyseprosess (Hastrup 1995). Ein må òg ta høgde for at alt «the natives» seier ikkje er korrekt, men at det er måten deira å sjå verden på som vi som forskarar presenterer. For å gjev eit eksempel; når eg skreiv om rivaliseringa mellom Rosenborg og Molde, stadfesta eg ein mengde ting utan å ha belegg for å gjere det, fordi at eg har personlege meiningar som er like dei informantar delte med meg. For meg som fotballsupporter er jo det som kom fram sant. Men for meg som antropolog er dette berre ein eller fleire måtar å sjå verden på, og det har vore enormt viktig for meg å hugse på gjennom skriveprosessen.

Samstundes som eg har vore klar på at det har vore ei utfordring for meg og sjå ting utanfrå, har eg òg vore klar på at eg har den posisjonen eg har. Eg er ein av dei eg studerer og det er det vanskelig å gjere noko med. Og vere 100 % objektiv i forhold til det du observerer eller studerer, vil du uansett ikkje kunne vere. Dette fordi at du vil ha ein oppfatning om ting frå før, som er internert i deg av tidlegare erfaringar eller liknande (Scheper-Hughes 2006). Du vil alltid gå inn i ein situasjon eller oppleve ei hending med desse i bakhovudet. Det vil gjere at du får eit anna bilete av situasjonen enn det sidemannen din vil få. Eg meiner at det då er betre å vere open om sin posisjon og heler bruke den for det den er verdt. Det har eg gjort ved og vere min eigen informant blant anna. Karp & Kendall skriv at « [...] fieldwork does not simply involve learning to think like the natives.

It is rather a means of learning to provide a rapprochement between native meanings and the requirements of anthropological discourse (i Briggs 1986:119-120). Det essensielle her er at ein antropolog ikkje skal direkte formidle tankar og kjensler til dei ein studerer, men heller leggje fram tankane og kjenslene til informantane i lys av eit relevant antropologisk rammeverk. Som forskar skal du setje deg inn i den emiske forståinga som informantane du studerer set inne med, før du kan ta denne forståinga vidare opp på eit etisk nivå. Eg argumenterer i tillegg for at dette blir vanskeligare dersom du sjølv er ein del av den gruppa du studerer. Rosaldo skriv at

all ethnographers are positioned subjects and grasp certain phenomena better than others. The position is defined by age, gender and outsider`s status, but it also refers to the ethnographer`s lived experience which enables or inhibits particular kinds of insight (1984:192-193).

Her blir det hevda at ein har blitt påverka av ein rekke faktorar allereie før ein gjeng inn i feltet, og at mykje av det har å gjere med erfaringar. For min eigen del hadde eg mykje av det som her blir omtala som «lived experience» før eg gjekk inn i feltet blant fotballsupporterane. Kor vidt det var lettare for meg og sjå studieobjekta innanfrå på grunn av dette, i forhold til ein frå utsida med lite eller ingen «lived experience», er ikkje mogleg og seie på ståande fot. Men det som er sikkert er at eg hadde hatt heilt andre føresetnadar i felten dersom eg ikkje hadde vore ein på innsida før eg gjekk inn, dersom eg ikkje var interessert i fotball i de heile. Som eit eksempel kan eg nemne episoden med Molde-spelar Magne Hoseth i haust då Rosenborg spelte heimekamp mot Molde på Lerkendal stadion. Rosenborgsupporterane ropte ufine ord til spelaren, og dei blei mykje snakk om dårleg åtferd blant fotballsupporterar i media i etterkant av episoden. Som fotballsupporter stend eg på same side som Rosenborgsupporterane, trass i at eg plar å moderere kva eg roper/syng til ein viss grad. Men eg har forståing for korleis stemninga på tribunen kan bli og at det er mykje kjensler i sving kan eg òg skrive under på. Her skjer det som Smith & Kleinman (2010) skriv om, at ein blir emosjonelt involvert i det ein held på med. Dei skriv om det i ein politisk setting, og kjenslene i sving der er heilt andre enn det eg kan identifisere meg med, men likevel har deira studiar og min eigen studie ein fellesnamnar vil eg hevde. Fellesnemnaren er den emosjonelle involveringa forskaren får til studieobjektet sitt og/eller studiefeltet. Dei skriv at «engagement involves advocacy [...] this often means eschewing the role of impartial observer and choosing instead to preferentially take the side of one`s informants» (2010:185). Å ende opp med å ta parti eller side med informantane er ikkje vår oppgåve som antropologar, men for mange kan dette vere eit problem. Eg kan delvis kjenne meg igjen i det, men for min del handla det meir om å greie å presentere deira syn på verden på ein nøytral måte, og ikkje å presentere deira syn på verden som det rette synet. Smith

& Kleinman skriv vidare at det er gjennom å erfare kjensler – både informantane sine og dine egne – og å reflektere over desse kjenslene at ein endar opp med ein god analyse av akkurat det ein har studert. Eg vil hevde at avstand til felten og refleksjon i etterkant er ein nøkkel til å greie å skape nok distanse til å kunne vere i stand til å fortolke og analysere det ein har erfart og opplevd i felt, nettopp fordi det viser seg kor vanskeleg forskning i eigen kultur kan vere utan dette.

Noko som er verdt og merkje seg er at hovudtyngda av forskarar som skriv om tema rundt fotball er menn. Det finst kvinner som skriv om temaet òg, men dei er heilt klart i mindretal. Ann Coddington (1997) er ei av dei som skriv om fotball med fokus på kvinner både som spelarar og som supporterar. Av andre gradsoppgåver som er publisert og som handlar om fotball, kjenner eg til nokre kvinner, blant anna Elisabeth Skoglund-Johnsen, Line Fossum og Nina Reim. Alle desse skriv om fotball i Noreg med ulikt fokus og lokus. Til dømes skildrar Bill Buford (1991) omtrent berre mannlege fotballsupporterar i si bok om fotballpøblar i England. No skal ikkje eg påstå at det berre blir skriva om mannlege fotballsupporterar, men av den litteraturen eg har lest, har eg det inntrykket. Eg vil i oppgåva mi ta med kvinna si stemme så vel som mannen sin i ein fotballsupporterkonteksten. På spørsmålet om korleis eg som kvinne har opplevd å studere eit maskulint fenomen, er svaret at eg vil ikkje seie at eg har opplevd det på nokon spesiell måte. Eg føler at eg kan delta som alle andre på tribunen, sjølv om det er på maskuline premissar, då hovudtyngda er menn. Derfor vil eg seie at det biologiske kjønnet ikkje har noko og seie for tribuneaktiviteten til kvinner, og at det gjeng meir på det sosiale kjønnet (Moore 1988). Som kvinne som deltek i maskuline uttrykksformer kan ein oppleve at ulike grenser vil bli tøyja i forhold til kva som blir sagt og gjort på tribunen, men i utgangspunktet kan du som kvinne delta på lik linje med menn oppe på tribunen.

Kapittel 2 – Rosenborg Ballklubb og deira syngjande soldatar

På verdsbasis er moglegvis fotballen det mest kjende og ettertrakta spelet. Anten ein er i Brasil, USA eller Kenya, vil ein sjå ungar som spelar fotball og drøymmer om å bli proffar i dei store og berømte ligaane. Eldre historikarar har funne at denne forma for fotball inneheldt mykje vald og blei sett på som usivilisert i forhold til dagens moderne fotball. Romerane, blant anna, spelt ein form for fotball med fokus på ritual (religion) i ulike samanhengar. Denne forma mangla både spelarposisjonar, lag og taktikk. Sosiologar frå den durkheimske tradisjonen var einige om at denne forma for fotball fungerte på den måten at den opprettheldt den sosiale ordenen og integrerte individ på det lokale planet (Giulianotti 1999:1-3). Seinare blei det observert ein meir moderne form for fotball, «soccer», spelt på private skular i England, blant anna. Etter kvart som fotballen utvikla seg og blei meir sjølvstendig, blei FA (The Football Association) oppretta, nærmare bestemt i 1863. Her blei eit felles regelsett sanksjonert og utforma (Hjelseth 2006:60). På slutten av 1800-talet byrja ulike fotballklubbar å etablere seg, både i England og i Noreg. Den første klubben til å etablere seg var Sheffield FC, etablert i 1854 (Giulianotti 1999:4). Globalt sett blei fotballen spreidd gjennom blant anna imperialismen og kolonitida, og blei raskt populær i Afrika og i Sør-Amerika til dømes. Britisk innflytelse både gjennom politikk og kultur var openbart ein viktig faktor for fotballen sin internasjonale ekspansjon (Giulianotti 1999:8-9). Likevel var det land som ikkje var ein del av dei britiske koloniane som i aller størst grad adopterte fotballen. Land som Italia, Tyskland og Frankrike til dømes utvikla sin eigen fotballkultur trass i kvar fotballen opphavleg kom frå (Giulianotti 1999:25). Det er den engelske fotballhistoria som har hatt størst innflytelse på den norske fotballhistoria.

Trøndelag sin store byrgskap

Rosenborg Ballklubb blei stifta 19.mai 1917, då med klubbnamnet «Pilen Odd» etter klubben Odd Skien, som i dag heiter Odd Grenland. Dette fordi det var Odd Skien som dominerte norsk fotball på denne tida og klubben frå Skien var eit førebilete for den nye klubben frå Trondheim. I 1927 tok klubben namnet Rosenborg Ballklubb. Historia til Rosenborg er innhaldsrik og lang, derfor skal eg berre nemne dei tre store milepålane i klubbens historie. I 1960 vann Rosenborg sitt først Noregsmeisterskap mot Odd Skien. I 1967 rykka Rosenborg opp på det øvste nivået i norsk fotball på den tida, 1. divisjonen, og dei vann sitt første seriegull. I 1988 blei Nils Arne Eggen trenar igjen og starten på Rosenborg sin gullalder byrja. Rosenborg har til saman teke 22 seriegull sidan 1967, og dei har vunne totalt 9 Noregsmeisterskap sidan 1960. Den lengste sigersrekka til klubben strekkjer seg frå 1992-2004 då Rosenborg dominerte norsk fotball (Rbk.no, b). Eit slagord som beskriv Rosenborg som klubb er stolt fortid, stor framtid. Klubben har sterke tradisjonar, ikkje berre

i norsk fotball men òg utanfor landegrensene med blant anna deltaking i den europeiske fotballturneringa Champions League der dei har spelt gode kampar mot lag som AC Milan frå Italia og Borussia Dortmund frå Tyskland. Slagordet beskriv Rosenborg slik mange av supporterane ser på det, at klubben har ei stolt fortid og at framtida vil bli stor og innhaldsrik dersom klubben vil fortsette sin framgang når det gjeld både spelarutvikling og rekruttering. Gamle, lokale heltar som Roar Strand og Fredrik Winsnes gir seg, og nye, lokale heltar som Markus Henriksen og Jonas Svensson tek over. Det er ei slik utvikling ein håper på vil fortsette, at lokale talent kjem til, får utvikle seg og nyttar sjansen dersom dei får kome til. Ein av informantane sa at «[...] Rosenborg bruker jo selv «Stolt fortid-stor framtid», ikke sant, og det var jo en Tifo laget av oss til Vålerenga kampen i 2005 i Oslo [...]». Han seier at slagordet opphavleg blei teke i bruk av supporterane sjølve, men at Rosenborg i ettertid byrja å bruke det som ein del av kommersialiseringa. Ein kan blant anna kjøpe ein genser eller eit hovudplagg der det stend stolt fortid, stor framtid med svart.



Figur 2- Stolt fortid-stor framtid-bannaret laga til Vålerenga-kampen i 2005 (Foto: Tifo Trondheim).

Rosenborg Ballklubb sin situasjon i dag skil seg mykje frå korleis situasjonen til laget var berre for nokre år tilbake i tid. Dagens Rosenborg lag har ikkje hatt same suksess som tilbake i gullåra. Riktig nok har laget vunne seriegull både i 2009 og i 2010, men noko seriegull blei det ikkje i 2011. I den sesongen har laget prestert særst varierende, og dei starta sesongen grufullt med eitt poeng etter tre spelte kampar. Prestasjonane kom seg utover i sesongen, men dei snubla mot antatt svakare

motstand, som moglegvis kan vere hovudgrunnen til at dei ikkje tok gull meiner mange fotballekspertar. Trass i mykje motgang og ein sesong fylt med mykje konflikhtar, greidde Rosenborg og ta sølv i 2011, og er dermed kvalifisert til neste års Europacupspel, som er eit av hovudmåla til klubben å bli betre på. Kjernen sin promosjonsvideo for 2012 inneheld mykje om å kome tilbake og å erobre Europa på ny. Økonomisk har klubben slitt i fjorårets sesong, og indre uro har prega biletet. Det har vore utskiftingar både på sjølve laget og i administrasjonen då sentrale personar i styret har velt å gå. Dette vil eg gå meir inn på seinare i kapittel seks om kommersialiseringa.



Figur 3- Ei skisse av Lerkendal stadion, og korleis dei ulike delane av stadion er delt inn i ulike felt (Foto: Rbk.no).

Heimearenaen til Rosenborg, Lerkendal Stadion, stod ferdig i 1947. I byrjinga var det berre provisoriske tribuner og garderoabar, mens det i perioden 1961-1963 blei bygd permanente tribuner og garderoabar. Lerkendal stadion har ved fleire anledningar blitt bygd ut, seinast i 2002. Stadion har ein kapasitet på i overkant av 21.000 menneske, mens publikumsrekorden er på ca. 28.5000 menneske i seriefinalen mot Lillestrøm i 1985 (Rbk.no, c). På Lerkendal finst det ein familierestaurant som har open tre timar før kampstart, og samlingsstaden til supporterane, Kjernerpuben, har òg open tre timar før kampstart. Ulike arrangement gjeng føre seg på begge

stadane, og dei er godt besøkte.

Familierestauranten ligg i tredje etasje på REMA tribunen, mens supporterpuben ligg på Øvre Øst-tribunen, bak Kjernen sine tribuner. RBK Shop finn du nedst på REMA tribunen. Det raude feltet merka med SB på Adidas tribunen er feltet for bortesupporterane, mens det lilla feltet på Øvre Adressa-tribunen er Kjernen sin tribune, kalla Øvre Øst av supporterane sjølve. Her kan ein tydeleg sjå motsetnaden mellom den litle flekken bortesupporterane stend på, mens Kjernen har heile Øvre Øst og boltre seg på (Sjå biletet over på s.21). Stein, ein informant, sa dette om kor viktig tribuneplasseringa på ein fotballstadion er

Ullevaal er jo en, sånn som jeg ser det, en av de bedre bortetribunene å være på, for den er såpass stor og vi har mye plass [...] Vi står på nedre del, men den er ganske høy også, ikke sant, alle de her tingene som gjør at du får samla folk på en måte som gjør at du får god lyd utav det da. Det var vanskeligere da vi var nede på nedre vest, altså den tribuna vi flytta fra (på Lerkendal), som var veldig lang og smal, ikke sant, når du strekker folk ut der så er det vanskeligere å få høg lyd ut av det. Det er veldig bra på Ullevaal, og det samme opplever vi viss vi drar til Lillestrøm, der også står vi bak ene målet og det å stå bak målet og på en måte være støtte i ryggen til laget ditt da, der har du også ganske god plass så vi fyller opp godt, mens Kanarifansen har fått en av de dårligste plasseringene på stadion, ikke sant. De står jo nederst på ene langsida, det er jo helt... Hadde vi hatt en sånn plassering på Lerkendal hadde det vært helt håpløst, ikke sant.

Som han seier så har ikkje alltid Kjernen hatt ei bra plassering på Lerkendal Stadion, spesielt då dei stod på Nedre Vest, som blir nedst på REMA tribunen, motsett side av der dei stend no (Kjernen.com, b). Der var tribuna smal og lang, mens den dei har no er lang med høgde i taket, og med god plass til å lage mykje lyd. Sjølve plasseringa til Kjernen oppe på Øvre Øst vil eg komme tilbake til i neste kapittel. I perioden då Rosenborg dominerte norsk fotball på 90-talet og tideleg 2000-talet, blei Lerkendal stadion omtalt som eit fort i emisk forstand. Uttrykk som «verdens nordligaste katedral» blei nytta (Aasen 2010). Aasen skriv i ein artikkel om Rosenborg sin suksess både i innlandet og i utlandet på 1990-talet. Han skriv om triumfane i Champions League mot lag som Blackburn, AC Milan, Real Madrid og Borussia Dortmund med fleire. Dette er ei tid ein ser tilbake på med byrgskap, og som ein alltid vil hugse som Rosenborgsupporter.

Rosenborg sine syngande soldatar

Den uoffisielle supporterklubben til Rosenborg, Kjernen, blei stifta i 1996, då med namnet Rosenborgs Harde Kjerne. Dette var ein kameratgjeng som fann ut at dei ville engasjere seg for å

stø Rosenborg. Kjernen si historie ser i korte trekk slik ut. I 1997 blei det gjort store organisatoriske framsteg, eit styre blei vald, og arbeidsoppgåver blei fordelte for fyrste gong. I 1998 blei namnet bytta til RBK-Kjernen då supporterklubben hadde blitt Rosenborgs offisielle supporterklubb. Grupperinga byrja òg å markere seg på Lerkendal visuelt sett. I 2001 fekk RBK-Kjernen ei ny plassering på Lerkendal stadion, Tribune Vest. Dette var ein opptur frå fyrste stund i følgje dei sjølve. Før sesongstarten dette året (2001) tok dei namnet Kjernen Rosenborgs uavhengige supporterklubb som vi kjenner i dag, etter diverse protester mot blant anna Rosenborg sine drakter og kor stor del som var reklame på drakta. Kjernen ville ha sitt eige merke og vere meir uavhengig av Rosenborg enn kva dei hadde vore då dei heitte RBK-Kjernen. Etter at dei skifta namn fekk dei høve til å føre sitt eige merkenamn og produsere tekstilar med eigen logo på, til eiga inntekt. I 2004 fekk ein etter mykje om og men i jakta på ein tilhaldsstad for supporterane, opna Klokkesvingen Pub, ein pub for og med Rosenborgsupporterar. I 2008 bytta ein plassering på stadion igjen, denne gongen til Øvre Øst, og ein signerte ein 4-års avtale med E.C. Dahls, den lokale produsenten av øl i Trondheim. Med ny tilhaldsstad og ny supporterpub bak tribuna blei dette ein suksess for Kjernen (Kjernen.com, b).

Før 1996 fanst det ei supportergruppering på Lerkendal som kalla seg for Fragleberget. Dette var ein gjeng som helst var kjend for å ramle på fylla og ikkje oppføre seg. Stein sa blant anna dette om Fragleberget

Men i forhold til hvordan det var før og nå så var det var jo på et tidspunkt hvor det ikke fantes stående og syngende supportere i det hele tatt. Det begynte jo å skje på, altså Kjernen er jo stifta i 96 da, og før det så hadde du jo mye rart, men ikke minst så hadde du det her Fragleberget da, som var hele årsaken til at Kjernen blei realitet som en reaksjon på en ganske rølpete fyllekultur rundt det her da. Det finns jo ganske heslige beskrivelser av bussturer hvor det ble, pisset fløt i midtgangen på bussene og sånne ting, ikke sant, som gjorde at folk på en måte hadde lyst til å dra supporterkulturen inn i litt mer seriøse rammer da, ikke sant, og hvor, det som skjedde der var jo på en måte at det tippa over, ikke sant, vi snakker om at det ble for mye fokus på det som ikke hadde noe med fotballen og støtte til laget å gjøre, og sånne ting da. Kun på en måte en unnskyldning for å dra på tur, ikke sant, og drikke seg full. Og det var jo sånn Kjernen ble til.

Dette sitatet viser korleis supporterar i dag ser på tida før Kjernen blei stifta. Det var lite som minte om det ein ser av tribunekultur i dag. Andre informantar omtalar gjengen før Kjernen som rare, og at ein helst ikkje ville ha noko med dei og gjere.

Kjernen har i dag mellom 1000-1200 betalande medlemmar. Dette er ein nedgang i forhold til medlemstala for berre to år sidan, då var ein oppe i ca. 2000 medlemmar. Grunnane til dette er

mange, men er for omfattande til å gå inn på her. For å bli medlem i Kjernen melder du deg inn på deira nettsider og betalar medlemsavgifta som per i dag er på 260 kroner i året. Denne avgifta er Kjernen si viktigaste inntektskjelde. Dei som blir medlemmar i Kjernen er primært menneske som har eit ynskje om å støtte laget i hjartet sitt, menneske som ynskjer å vise sin stønad ved å vere aktive ståande og syngjande supporterar. Det er menneske i alle aldrar, med alle mulige yrke, interesser og synspunkt. Men hovudvekta er unge menn mellom 18-35 år vil eg seie, utan å ta det frå andre stadar enn mine egne observasjonar i felt. Når det gjeld kvinner i Kjernen er andelen stadig aukande, men det er fortsatt eit stort overtal av menn i grupperinga. Dette finst det heller ingen kjelder på, berre grunna ut frå mine egne observasjonar og innspel frå informantar, då Kjernen ikkje fører nokon form for statestikk på dette. Det som er sikkert er at dersom du tek det fundamentale vekk frå supporterane, det faktum at dei elsker Rosenborg, vil dei plutsleg ikkje ha så mykje til felles lengre. Derfor spelar det liten rolle kvar du kjem frå, om du kjem frå byen eller frå bygda, kva du driv med og kva du trur på. Å føle tilhøyrse til ein stad er viktig for ein supporter, derfor vil det på ein måte vere viktig kvar du kjem frå, men når det kjem til stykket er det aller viktigaste om du elsker Rosenborg Ballklubb og støttar dei i tjukt og tynt.

Kjernen har eit styre der kvar av representantane har egne arbeidsoppgåver, dette for å sjå til at ikkje mykje arbeid fell på få personar, og at styret har ein flat struktur der ingen er over den andre eller hierarkisert på nokon måte. Den mest kjende representanten i styret er naturleg nok talsmannen som uttalar seg i media på vegne av supporterklubben. Ein har representantar for det økonomiske, ein med medlemsansvar, ein med ansvar for turarrangement og liknande. Det er ein kontrollkomité som ser til at supporterklubben blir drive som den skal, og som kan vere hjelpsam med rådgiving dersom det skulle vere bruk for det. Denne komiteen består av tre personar, mens sjølve styret består av åtte personar. Kjernen har ei eiga nettside, www.kjernen.com, og gir ut eit medlemsblad med namnet «Svart på Hvitt». Nettsida blir oppdatert omtrent dagleg med kommentarar og liknande på diskusjonsforumet, og før/etter ein kamp. Medlemsbladet kjem som regel ut 1-2 gongar i året, og det blir sendt ut til medlemmane på e-post. Mange av dei same aktive i Kjernen skriv for nettsida og medlemsbladet, eller har på eit eller anna tidspunkt gjort det. Kjernen har i dei siste åra engasjert seg i Leangen Ishall og støtta opp om ishockeylaget til Rosenborg. I styret er det ein person som har tittelen hockeyansvarleg, og Kjernen sine medlemmar har rabatterte sesongkort i ishallen, på same måte som på Lerkendal Stadion. Inne i ishallen har Kjernen eigen tribune, ståtribune, der dei gjer det same som dei gjer på Lerkendal, nemleg syng, hoppar, ropar og klappar fram Rosenborg Ishockey Elite. No er interessa litt større på Lerkendal i og med at Rosenborg Ballklubb er mykje betre sportsleg sett enn det Rosenborg Ishockey Elite er. I ishallen er alt tribuneliv totalt fråverande om du ser vekk frå gjengen frå Kjernen (Kjernen.com, a). Interesse for ishockeylaget til Rosenborg er stadig aukande og ved inngangen til 2012 heldt Kjernen store mobiliseringsaksjonar for å få folk

til å møte opp i ishallen, blant anna for ein kamp i romjula.

Dersom ein studerer logoen til Kjernen og tenkjer over kva supporterklubben eigentleg heiter, kan ein samanlikne denne Kjernen med diverse andre kjernar. Det som først kjem opp hjå meg er atomkjernen i eit atom. Ein har ei kjerne og fleire, mindre kjernepartiklar som dannar denne atomkjernen. Akkurat uttrykkje «fleire kjernepartiklar» skal eg kome tilbake til. Det er tydeleg at symbolet i logoen til Kjernen ikkje er tilfeldig vald, det symboliserer drivkrafta og grunnfjellet blant Rosenborgsupporterar. Bykjernen og kjernen i ei frukt er kjernar ein kan samanlikne symbolet med. Bykjernen er noko sentralt, viktig og har ein viss størrelse, mens i fruktkjernen finn ein frøa og fruktkjøtet. I ein artikkel publisert på RBK web, ein nettstad for og av Rosenborgsupporterar, skriv forfattaren om «fleire kjernepartiklar» som han kallar det (Myren 2006). I avsnitta som følgjer vil eg skrive litt om dei ulike «kjernepartiklane» ein kan finne i supportermiljøet rundt Rosenborg.



Figur 4- Logoen til Kjernen (Illustrasjon: Kjernen.com).

Dei ulike kjernepartiklane

Ultras

Ultras oppstod først på 1960-1970-talet i Italia når fotballsupporterar grupperte seg og utøvde ein meir utagerande og synleg form for støtte til laget sitt enn kva dei klassiske fotballsporterane gjorde. Dei klassiske fotballsporterane stod for lite eller ingen form for tribunekultur. Ultras lagde bannera, kledde seg annleis, ikkje i supporterutstyr men merkeklede og liknande, og det var berre menn som var med. Dei stod på tribuneseksjonane der det var billigast billettar og dei ville drive grupperinga si sjølvstendig utan støtte frå ein eventuell supporterklubb. Dette gjorde dei ved å arrangere innsamlingsaksjonar. Ultras Nidaros er ei slik gruppering der alle er menn mellom 18-35

år, dei kler seg ikkje i supporterutstyr, men dei lagar mykje lyd og er sær s ynlege på Lerkendal Stadion. Grupperinga blei stifta i 1999. I byrjinga var dei ikkje så mange og heller ikkje så synlege, men dette kom seg etter kvart. For å bli med i Ultras Nidaros må du bli tatt opp, det vil seie at du må bevisse overfor gjengen at du er ein aktiv og engasjert supporter. Måten du gjer dette på er å vise deg ofte i miljøet, vere med på turar og engasjere deg når det er dugnadar og liknande. Du har kanskje allereie blitt ein del av gjengen, men ikkje offisielt sett før du blir tatt opp og får ein status alle er einige om. Men de finst ingen formelle opptakskrav. Dei fleste som er medlemmar i Ultras Nidaros er òg medlemmar i Kjernen, men det er sjølv sagt nokre unntak. Det finst ikkje noko offisielt styre eller verv i grupperinga, den er laust samansett, men som i Italia finst det leiarar (i Italia blir dei omtalt som «capo»). Dette er ofte dei som har vore med frå byrjinga av, pionergenerasjonen. Elles er grupperinga laust samansett av fotballsupporterar som ynskjer å støtte laget sitt verbalt og visuelt på best mogleg måte. Grunnen til at de er berre mannlege medlemmar er at miljøet er relativt maskulint. Her er det snakk om menn som ser på seg sjøve som ein del av den aller hardaste kjernen av supporterar. Eg har aldri observert kvinner saman med Ultras Nidaros på tribunen. Eg spurte nokre av medlemmane om kvifor det ikkje var med kvinner i Ultras Nidaros, men det hadde dei ikkje noko godt svar på. Berre at det alltid har vore berre menn med.

Tifo Trondheim

Tifo Trondheim blei stifta i 2005, og består av ein gjeng menn og kvinner som tidlegare utgjorde tifogruppa i Kjernen. Det vi kallar tifo er tribunearrangement utført av supporterar. Med tribunearrangement meiner ein store eller små bannera, flagg, plakatar og liknande som blir vifta med. Spesielt når spelarane kjem inn på bana, men òg elles i kampen. Hovudformålet til grupperinga er å måle bannerar og flagg og vise både verbal og visuell støtte til Rosenborg. Mange av dei same her er òg med i Ultras Nidaros. Mange trur at tifoane som blir laga, blir laga av Kjernen, men arbeidet med tifoar er det Tifo Trondheim som stend for, og det har ikkje noko med Kjernen og gjere. Derimot er det slik at grupperinga kvart år får ein viss sum i økonomisk støtte frå Kjernen til og halde fram med å produsere tifoane til ulike arrangement. Samstundes gjeng det føre seg innsamlingsaksjonar til Tifo Trondheim både via internett, www.tt05.no som er heimesida til Tifo Trondheim, og oppe på Øvre Øst tribunen der supporterane held til. Kor ofte og kor store tifoarrangement dei er i stand til å lage til, kjem an på kor mykje midlar dei har til rådvelde, og om dei har ein plass å halde på med måling, klipping og liming av tifoar. Per i dag søker Tifo Trondheim om ein stad og halde til med dette arbeidet, då dei tidlegare har brukt gangane på Lerkendal Stadion som tilhaldsstad, noko som ikkje er optimalt. Gruppa har vore kjend for å lage store og flotte tifoar, og opp i gjennom åra har dei kome med fleire spektakulære tifoar (Sjå vedlegg i slutten av oppgåva).

Forsongargruppa

Forsongargruppa på Lerkendal Stadion er gjengen som dreg i gong songar og klapp til ulike tilrop til støtte for Rosenborg. Gjengen er ein del av både Ultras Nidaros og Tifo Trondheim. Ein kan seie at denne gruppa er grunnstammen for tribunelivet oppe på Øvre Øst, med god hjelp frå både Ultras Nidaros og resten av dei aktive i Kjernen. Forsongarane er menn, og grunnen til det er enkel, menn har mørkare og grovare stemmer som ein høyrer betre, og dei held ofte lenger enn kvinnestemmer utan å sprekke. Eg spurde ein av medlemmane i forsongargruppa om dette og han sa at det var viktig at stemma heldt gjennom ein heil kamp, noko det er tvilsamt at ein kvinnestemme vil gjere, meinte han. For og spreie lyden nyttar forsongarane mikrofonar og ropertar som hjelpemiddel. Ein typisk situasjon for forsongargruppa kan vere slik; ein Rosenborgspelar bryt spelet til motstandarlaget lavt i bana og vinn ballen. Det blir satt full fart framover, og mange av Rosenborg sine spelarar blir med på angrepet. Det som skjer då er at forsongarane byrjar å synge/rope i mikrofonen, «Framover, kom igjen no, framover kom igjen no, Rosenborg», samstundes som dei klappar takta til tromma. Då byrjar resten av supporterane og følgje etter og snart klappar og syng heile Øvre Øst i takt med forsongargruppa. For å betre kunne halde takta og for å få opp stemninga ytterleg, nyttar ein tromme. Det er ganske enkle slag på tromma, men det er ofte nødvendig for å framføre diverse songar på ein best mogeleg måte. Det blir òg dradd i gong songar utan tromme, slik at han som slær på tromma skal få kvile seg litt. Fenomenet med tromme på tribunene kjem frå supporterkulturen ved Middelhavet, gjennom land som Italia og Spania, og er ein del av ultraskulturen. Det er ikkje alle supporterklubbar som nyttar tromme, men dei største og mest toneangivande som til dømes Kjernen, Klanen (Vålerenga) og Kanarifuglane (Lillestrøm) gjer det.



Figur 5- Øvre Adressa tribunen, kalla Øvre Øst (Foto: Kjernen.com).

Tribunen der dei aktive supporterane stand, kallar dei sjølve for Øvre Øst. Tribunen heiter eigentleg Øvre Adressa, og er staden Kjernen blei flytta til frå tribune Nedre Vest på motsett side, men då hadde dei plassering rett bak målet. Eg kjem til å omtale tribunen som Øvre Øst gjennom oppgåva, då eg føler at det blir feil å omtale tribunen som Øvre Adressa sidan det så og seie aldri blir brukt blant supporterane sjølve, iallfall ikkje blant dei eg hadde noko med å gjere. Bilete over viser tribunen til Kjernen, og der finn ein òg dei andre kjernepartiklane i supportermiljøet som eg har nemnd. Målet til Kjernen har lenge vore å fylle opp Øvre Øst tribunen mest mogleg, men tendensen er at det er trengt om plassen akkurat på midten, der alle dei aktive stand, mens det er godt med plass og lite liv ute på kantane. Det viser seg å vere vanskeleg å få med dei som stand ute på kantane, av uvisse grunnar i følgje supporterane sjølve. Dei hadde sine forventningar om kvifor det var slik, men kunne eller ville ikkje påstå noko spesielt.

Kapittel 3 - Kategorisering, grenseprosessar og forhandling blant Rosenborgsupporterane

Fotballsupporterar finst i mange fargar og fasongar, og dei kan ha ulike måtar og uttrykkje seg på. Dette kan ein sjå i blant Rosenborgsupporterane, og korleis dei nyttar emiske omgrep for å kategorisere seg sjølve ein stad, og andre supporterar andre stadar. Spesielt interessant er korleis andre supporterar kategoriserer grupperingar som ultras og casuals, då desse kan vere vanskelege å plassere inn i ein spesiell kategori. Dei bryt nemleg med våre vanlege assosiasjonar til kva ein fotballsupporter er ved måten dei kler seg på og måten dei oppfører seg på. Giulianotti (2002, 1999) kategoriserer fotballsupporterar ut frå sin firefelts tabell, men eg vil argumentere for at denne ikkje er nøyaktig nok for å greie å kategorisere grupperingar som ultras og casuals. Eg vil derfor kome opp med ein eigen tabell som eg meiner kan vere meir til hjelp for meg med tanke på å differensiere dei ulike supportergrupperingane tilhøyrande Rosenborg Ballklubb.



Figur 6- Plasseringa til dei ulike supportergrupperingane oppe på Øvre Øst tribunen (Foto: Kjernen.com).

Plassering av supporterane på tribuna

Den harde kjernen blir av andre Rosenborgsupporterar omtalt som Ultras Nidaros, dei aktive og engasjerte, og dei som gjer mest ut av seg både verbalt og visuelt før ein kamp og i løpet av ein

kamp. Dei er plassert innanfor den raude streken markert på bilete over. Innanfor den kvite streken markert på bilete har ein òg aktive og engasjerte supporterane, medlemmar av Kjernen. Mange av desse supporterane er like aktive som medlemmar av Ultras Nidaros, men har likevel ikkje blitt tekne opp i grupperinga og må stå utanfor feltet deira. Innanfor den gule streken markert på bilete har ein dei som oftast blir med på songar, klapp og hopping når forsongargruppa dreg i gong noko. Mange av desse er medlemmar av Kjernen, men ikkje like aktive som dei innanfor den kvite markeringa. Resten av feltet er ofte berre med rett etter at Rosenborg har scora mål eller når dei spelar veldig bra og har mykje sjansar. Dette er noko som spesielt forargar dei som er med i den hardaste kjernen, dei vil helst at alle oppe på Øvre Øst skal vere like aktive og engasjerte som det dei sjølv er. Det står i vedtektene til Kjernen at dersom ein skal stå oppe på Øvre Øst tribunen må ein vere klar over at ein må bidra til stemning. Ein må syngje, hoppe og veive med flagg og bannera, ikkje berre stå rett opp og ned med hendene i kors over brystkassa. Roger seier følgjande når eg spurde han kven som er velkomne oppe på Øvre Øst tribunen; «alle som har en genuin interesse for Rosenborg er velkomne. Men i tillegg til det må de være innforstått med å bidra med å lage lyd». Her seier han nettopp det eg prøvar og påpeike, at det nærmast er forventa at du skal bidra dersom du står oppe på tribuna saman med Kjernen og resten av dei aktive supporterane. Når det gjeld kvar Tifo Trondheim står plassert på tribunen, er det litt over alt. Nokre stend innanfor teipen til Ultras Nidaros, mens andre ikkje gjer det. Nokre stend med Kjernen mens andre stend litt lengre bake på tribunen. Ikkje alle som stend oppe på Øvre Øst er medlemmar av Kjernen heller, og dette vil eg ta opp seinare i kapitlet.

Det kan vere ulike grunnar til at folk ikkje er aktive. Det kan vere fordi dei er nye og ikkje kan songtekstane. Eller fordi dei er for sjenerte til å slå seg laus. Eller fordi at dei berre er der for stemninga si skuld og føler at dei ikkje treng å delta sjølv. Dei to første grunnane held ikkje i lengda meiner dei mest aktive supporterane, då ein både blir varmare i trøya etter kvart, og ein vil lære songane dess fleire gongar ein høyrer dei og prøver å syngje med. I følgje nokre av informantane finst det mange nok av kategorien supporterar som stend oppe på Øvre Øst tribunen for stemninga si skuld. For stemninga er mykje betre der oppe enn på langsiden til dømes, og det er mykje meir folk og liv der oppe enn elles på stadion. Ofte blir det arrangert samankomstar og liknande i Kjernepuben bak Øvre Øst tribunen i timane før kampen. Skal du ta med nokon på Lerkendal for fyrste gong er det fleire fordelar å take med personen på Øvre Øst enn andre stadar på stadion. Men for dei supporterane som legg ned mange timar (og dagar) med frivillig arbeid for å lage eit best mogleg tribuneliv er ikkje dette populært. Ved sesongstart og utover våren blei det derfor trykt opp flygeblad med vedtektene til Kjernen der plikta til å bidra var utheva med feit skrift og delt ut til alle som kom til tribunen. Oppmodingar til å bidra blir gjennom ein fotballkamp på Lerkendal annonsert via mikrofon òg, spesielt dersom stemninga ikkje er så veldig bra. Dette er ein

del av Kjernen sin kampanje for å få flest supporterar til å bidra mest mogleg under kamp. I dagane før ein kamp blir det ofte oppmoda til innsats gjennom sosiale mediar som Facebook og Twitter. Då kan det kome oppmodingar som «å syngje til strupa blør, til ein kjenner blodsmaken i munnen» og liknande. Kven som kjem med desse oppmodingane er ikkje sikkert då det aldri er nokon som stend fram med namn, men eg vil påstå at det moglegvis kan vere nokon frå Ultras Nidaros eller Tifo Trondheim, då det er grupperingar av supporterar med eit sterkt engasjement og med sterke meiningar. Men i teorien kan det vere kven som helst.

«Den dumme teipen»

Der den raude streken på bilete over er teikna opp, finst det ein teip som skil Ultras Nidaros frå dei andre. Det har vore mykje snakka om denne teipen og det er mange meiningar om den blant supporterane og blant informantane. Eg spurde Stein om teipen og diverse problemstillingar knytt til den, og han seier at

[...] Grunnen til at vi syns det er helt greit å ha den teipen på tribunen, selv om det kan virke ekskluderende, er jo for å kunne klare på en enkel måte å samle dem som på en måte er mest interessert i å synge, fordi at vi ser at det har en positiv effekt i forhold til å være på tribunene da. Det er egentlig ikke verre enn det.

Vidare seier han:

Vi som står innenfor der har jo et ønske om at alle som er med på tribunen skal bidra like sterkt og synge like høgt som oss selvfølgelig, og det har vi jo påpekt flere ganger, også [...] Altså, vi har jo veldig rabatterte priser og sesongkort på Øvre Øst da, og litt av grunnen til det er jo fordi at ved å få de mulighetene så har du også forpliktet deg til en viss grad til å bidra aktivt for å stå og synge, ikke sant. Det er litt av hele ideen da.

Her snakkar han om korleis medlemmar av Ultras Nidaros sjølv ser på denne teipen og kva dei meiner er formålet med den. Han seier at medlemmar av Ultras Nidaros syns det er greitt å ha denne teipen oppe for å kunne skilje dei meir aktive frå dei andre, og på denne måten få til eit tribuneliv med meir trykk og stemning. Fleire av informantane har gitt uttrykk for kva dei syns om denne teipen. Anna gir uttrykk for dette

De slipper ikke inn noen innenfor det teite sperrebåndet sitt, med mindre du kjenner en av de som står der og den personen vil ha deg der. Jeg mener de bør våkne opp, og se at flere kan

være like flinke til å synge og flagge som de. Mener heller ikke de har noen rett til å sperre av ett helt område bare for Ultras.

Anna gir uttrykk for at det verkar ekskluderande å ha denne sperringa eller teipen mellom Ultras Nidaros og dei andre. Ho seier at mange av dei som stend utanfor kan vere like aktive og flinke som dei innanfor teipen. Som eit svar på Anna sitt utspel kan ein sjå på eit sitat frå Stein der han snakkar om gjensidig respekt mellom dei innanfor teipen og dei utanfor teipen

Det vil jeg ikke si fordi at litt av poenget er at man innser likevel at folk er forskjellige i forhold til hva man forventer å gjøre når man kommer på tribunen våres, og kanskje nettopp derfor teipen er der også, ikke sant, sånn at det skal være mulig å ha en mer aktiv gjeng enn de andre da som er med på å piske opp de andre og litt mer det... Det er ikke sånn at folk ser ned på folk bare fordi at de ikke nødvendigvis er ansett nok til å stå innenfor denne teipen, det er jo ikke sånn det fungerer.

I dette sitatet kjem det fram at Ultras Nidaros har eit formål med denne teipen, den er ikkje berre der for moro skuld. Dette er noko kanskje ikkje alle som stend utanfor er klar over, det kan verke slik på utspelet til Anna blant anna, i det ho beskriv teipen som «teit». Supporterane er kanskje klar over det, men vil ikkje sjå på det på den måten moglegvis. Dette fordi at dei aller helst vil stå innanfor teipen sjølve, men har ikkje fått moglegheit til det enno. Det kan vere mange grunnar til oppfatningane om teipen. Det kan vere både av misunning på dei som stend innanfor og av manglande kunnskapar om den og kva formål den har. Teipen har iallfall hatt ein positiv effekt på stemninga oppe på Øvre Øst meiner medlemmar av Ultras Nidaros eg har snakka med. Det har ein merka etter at Ultras Nidaros blei stifta. Både det verbale trykket har auka, og ikkje minst har gjengen blitt meir synleg, då spesielt gjennom det visuelle som blir produsert av Tifo Trondheim.



Figur 7- Plakatar som heng på veggane på veg opp til Øvre Øst (Foto: Google.no).

Både blant medlemmar av Kjernen og blant andre supporterar er det eit varierende syn på grupperingar som Ultras Nidaros. Dette kan det vere mange årsakar til. At ein ikkje veit kva ei gruppering som Ultras Nidaros eigentleg er ein av grunnane. Dei er lett å forveksle med fenomen som «hooligans» og «casuals», noko eg vil kome meir innpå i neste avsnitt. Då eg prata med tidlegare Rosenborgtrenar Nils Arne Eggen kom han med ein kommentar som gjekk på at han ikkje likte grupperingar som Ultras Nidaros, eigentleg utan å argumentere kvifor. Han meinte at dei hadde ein dårleg åtferd, og han likte ikkje det dei dreiv på med. Denne kommentaren frå Eggen kan tyde på lite kunnskap om ultrasgrupperinga, men først og fremst kan det tyde på at ein har vanskelig for å plassere ultras inn i ein kategori som gjev mening.

Forvirringar rundt «Ultras»

Ultras Nidaros er for det meste godt likte oppe på Øvre Øst og blant supporterane på andre tribuner. Men det er ikkje alle som likar dei. Det skuldast som ofte liten kjennskap til kven dei er og kva dei driv med. Mange trur òg at ultras og casuals er det same, noko det ikkje er. Giulianotti sin definisjon på casuals er at grupperingen er ein subkultur der ein kjenneteiknast best ved at ein ikkje brukar supporterutstyr, men dyre merkeklede. Casuals angrip berre likesinna supporterar, og kulturen

framhevar aggressivitet og maskulinitet (Giulianotti 1999a:31). Denne typen av supporterar finn du lite av i Noreg. Dei finst, men ikkje i slikt omfang som til dømes i England og Italia. Uttrykket «football hooliganism» er kjend i denne samanhengen, då casuals blir sett på som nettopp det av mange. Det handlar om å angripe andre casuals grupper og slåss mot dei, men ein angrip aldri vanlige supporterar då dette blir sett på som lågmål og blir latterleggjort innan gruppa. Riktig nok er det noko av det same som gjeng igjen hos ultras; dei nyttar heller ikkje supporterutstyr, dei er særst engasjerte og aktive, og nokre av dei er òg villig til å slåss for klubben sin. Slåssing hender skjeldan her til lands, men stundom høyrar ein om diverse disputtar mellom supporterar i Noreg. Tidleg i haust var det blant anna eit medieoppslag om steinkasting på Stabækbusen då dei spelte mot Brann i Bergen, der Stabækssupporterar blei angripne av Brannssupporterar. I etterkant av episoden oppstod det slåssing (Dagbladet.no, a). Liknande episodar skjer titt og ofte, men det er skjeldan at det eskalerer til faktisk å bli ein slåsskamp med vald.

Ultras er vanskeleg å plassere inn i ein kategori fordi at dei er velkledde og utan supporterutstyr på seg. At dei er velkledde kan ein lett forveksle med korleis sponsorane og dei med pengar kler seg. Ultras kan opptre med same intensitet som det hooligans gjer, og dei kan sloss. Dette er motstridande i forhold til korleis dei kler seg, med tanke på kategorisering av grupperinga. At ei gruppe supporterar er velkledd men har hooliganstendensar passar ikkje inn i korleis me ser på fotballsupporterar. Og i tillegg til dette er ultras ei veldig dynamisk gruppe for heile supporterkulturen sin kollektive uttrykksform på tribunen. Det er dei som er motoren, som piskar opp stemninga og dreg i gang songar og rop. Dette gjer dei til ei farleg gruppe som på eit vis blir verande utanfor den vanlege kategoriseringa vår. Ultras blir ein strukturell outsider (Turner 1969) som blir vanskeleg for folk å plassere, og ofte uttrykkjer dei derfor at dei ikkje likar grupperinga og det dei driv på med.

Medlemmane i Ultras Nidaros er heilt vanlege samfunnsborgarar i jobb eller under utdanning. Nokre har familie, mens andre ikkje har det. Grupperinga si primære oppgåve er å piske opp stemninga på Øvre Øst tribunen og få flest mogeleg med på å synge, klappe og hoppe. I tillegg syner dei fram bannerar og flagg. Ein informant, Silje, sa dette om Ultras Nidaros «Ultras, iallfall som i våre egne Ultras Nidaros, synes jeg gjør en fantastisk jobb med å piske i gang stemning og lage engasjement på kampene». Mens ein annan informant, Grethe, sa at «jeg har ingenting til overs for supportergrupperingen Ultras, for de oppfatter jeg som oppviglere til bråk, så de vil jeg ikke identifiseres med, selv om jeg er Kjernenmedlem [...]». Her ser ein tydeleg to ulike meiningar om Ultras Nidaros. Silje tykkjer at dei gjer ein fantastisk jobb med å lage stemning og engasjement på kampane, mens Grethe på sin side ser på grupperinga som ein gjeng som yppar til bråk og slåssing. Eg vil argumentere for at det er viktig å få fram kven medlemmane i Ultras Nidaros er og kva dei gjer, fordi dette kan ha mykje å seie for korleis andre oppfattar dei, både positivt og negativt sett.

Ein ser tydeleg at dei er ein essensiell del av tribunelivet på Lerkendal. Dersom Ultras Nidaros og forsongarane sett seg ned og held kjeft, blir det faktisk så stille på tribuna at ein kan høyre kva spelarane seier til kvarandre ute på bana. Dette fekk ein erfare under aksjoneringa mot måndagskampane i haust, då alle oppe på Øvre Øst tribunen satte seg og var stille dei første ti minutta av kampen mot Odd Grenland.

Relasjonar til andre typar supporterar

Som eg skreiv i innleiinga, så har Giulianotti identifisert fire ulike kategoriar av supporterar. Han snakkar om «supporters» som er dei tradisjonelle supporterane som har fylgt klubben i lang tid og har utvikla eit emosjonelt engasjement og forhold til den. Å stø klubben er det viktigaste og det mest essensielle for denne gruppa supporterar (Giulianotti 2002:33). Inn her vil eg plassere «den harde kjerne» av Rosenborgsupporterar, som ikkje nødvendigvis berre er medlemmar av Ultras Nidaros. Det finst supporterar som har hatt ei lang og tru teneste overfor Rosenborg Ballklubb som ikkje er med i nokre av grupperingane, men eg har ikkje vore i kontakt med supporterar som ikkje har vore knytt til anten Kjernen eller Ultras Nidaros. Og enkelte medlemmar av Ultras Nidaros har heller ikkje så lang fartstid i grupperinga, men har likevel blitt teken opp som medlem. Den andre gruppa Giulianotti snakkar om kallar han for «followers». Dei følgjer òg med på klubben, men samtidig på spelarar, trenarar og andre som driv med fotball. Supporterane her har ikkje fylgt med på klubben på same måte som dei tradisjonelle supporterane, dei følgjer heller med på laget dei har størst interesse for men ikkje med den same emosjonelle tilknytninga (Giulianotti 2002:34). Dei to siste kategoriane tilhøyrar den nyare gruppa med tilskodarar, og her snakkar han om «fans» og om «flaneurs». Fans er dei som nærmast har eit idolliknande forhold til spelarane, dei identifiserer seg med klubben, men på eit distansert nivå. Flaneurs er dei som konsumerer fotball som ei vare og som berre følgjer med via ulike mediekanalar som fjernsyn og aviser. Dei har eit upersonleg forhold til det heile (Giulianotti 2002:36, 38). Ved å ha med denne presentasjonen kan ein lettare plassere dei gruppene eg presenterer i oppgåva inn i den meir overordna kategoriseringa av supporterar. Det er ikkje sikkert at alle grupperingane kan plasserast her, nokre kan passe inn i fleire kategoriar og liknande. Grensene kan vere flytande med tanke på kategorisering av dei ulike supportergrupperingane, og derfor vil eg hevde at det ikkje mogleg å plassere dei 100 % etter Giulianotti sin fire-felts tabell. For å kunne gjere det krevst det ein tabell med fleire nyansar. Hensikta mi er å få ein oversikt over korleis ein kan dele inn ulike supportergrupper, og korleis supporterane sjølve kategoriserar seg i forhold til andre og forhandlar om grensene.

I løpet av eit intervju nytta informanten Stein, eit omgrep han omtalte som «stemningsturist», og han forklarte det på følgjande måte;

Vi har jo et begrep som vi kaller for stemningsturister som kommer dit (til Øvre Øst) for å oppleve stemningen, og det mener vi er feil da, enkelt fordi at de, altså som stående, syngende supportere som Kjernen er, så er det som skiller oss fra de andre tilskuerne på stadion som en aktiv del av det som skjer, vi er ikke bare en passiv tilskuer men vi bidrar aktivt i forhold til hele greia da, vi er ikke der for å underholde resten av publikum, det er ikke funksjonen vår, ikke sant. Derfor liker vi ikke at folk kommer på tribunen våres hvis eneste formål er å bli underholdt av oss, da på en måte mener jeg at man har misbrukt seg og det vi har lagt ned mye arbeid for å få til da [...].

Her snakkar han om stemningsturistane som ofte er å observere oppe på Øvre Øst. Dette er eit emisk uttrykk som informantane nyttar. Eit anna ord som ofte er brukt på same typen supporterar er «luksussupporter», som Stein òg refererte til i løpet av det same intervjuet. Dei stend der det er billig og mest stemning, rett og slett. Dei er sjeldan med på å lage stemning sjølve, dei er der berre for opplevinga sin del. Desse supporterane kjem og gjeng utan at ein greier å halde styr på dei. Dei gjeng gjennom eit filter som stadig blir bytta ut med nye som vil oppleve stemninga. Ein kan sjå parallellar mellom desse supporterane og dei ein kallar for medgangssupporterar. Dette er rett og slett menneske som kallar seg for supporterar, men er berre interesserte i laget når dei gjer det bra. Dei blir borte når laget gjer det dårleg, det same skjer med stemningsturistane når det blir dårleg stemning og lite trykk på tribunen. Det blir ikkje like attraktivt å stå oppe på Øvre Øst om stemninga er dårleg. For dårleg trykk kan ein oppleve frå ei tid til annan. Det kan skuldast dårleg oppmøte, dårleg vêr eller at laget har ein dårleg periode. 2011-2012 sesongen er eit bra eksempel; Rosenborg tapte uvanleg mange kampar, òg på heimebane. Dersom laget ligg under og det er fem-ti minutt igjen av kampen, ser ein at mange reiser seg frå plassane sine og gjeng ut av stadion. Du ser dette tydelegare på langsiden på stadion, men ein kan òg observere dette oppe på Øvre Øst tribunen. Desse menneska held berre med Rosenborg i tjukt, i medgang. Gjeng det dårleg, kjem dei ikkje på kamp, eller dei gjeng tideleg heim.

Ein annan gjeng du kan observere oppe på tribuna er dei litt eldre som var av dei mest aktive og engasjerte før, men som av naturlege grunnar har glidd litt bort frå miljøet med tida. Det kan vere grunnar som at dei har stifta familie og har mykje å gjere utanom arbeidstida, noko dei kanskje ikkje hadde før dei fekk familie. Og som mange av informantane meinte, er det naturleg å bli meir tilbakehalden etter kvart som ein blir eldre. Terskelen for å sleppe seg laus er mykje høgare enn om du er ung og relativt fersk supporter. Mange av dei som stend bak Kjernen på tribuna er av dei litt eldre og som tydeleg er engasjerte, men dei tek ikkje av med synging, klapp og hopping som mange av dei yngre gjer. Eg observerte ofte at desse eldre, men engasjerte diskuterte seg i mellom på

puben før kampstart, eller med sidemannen i pausen. Stein ser slik på det;

Kjernen er jo tross alt 15 år i år, og det var en del folk som var minst på min alder som starta de greiene her, sant [...] og som ikke er av de mest aktive lenger av naturlige grunner, og ser du opp og bak oss, på den plattformen bak oss, (på Øvre Øst tribunen) tror jeg nok det står en del av dem du snakker om som på en måte var mer aktiv tidligere, og som har blitt litt eldre.

Denne gruppa av supporterar har vore av dei mest aktive, men har no trekt seg tilbake, men dei er framleis med på dei fleste kampane, og på nokre bortekampar. Dei er engasjerte, men stend ikkje lenger og hoppar og dansar saman med kjernen av supporterane. Dei kler seg heller ikkje i supporterutstyr, noko som kan indikere at dei har same innstilling til kommersialiseringa som det ultrasgrupperinga har.

Ei annleis gruppe med supporterar ein kan observere oppe på Øvre Øst tribunen og elles på Lerkendal stadion er fedre og søner som drar på fotballkamp saman. Dei stend som regel ikkje midt blant den harde kjernen, men litt utanfor slik at dei får med seg songar og klapp. Sonen er ofte veldig ivrig, mens faren kanskje ikkje er så ivrig med synging og klapping. Sonen kan vere mellom 7-12 år og kler seg i supporterutstyr, noko faren som regel ikkje gjer. Her har vi motsetninga mellom ein ung og fersk supporter, sonen, og ein eldre og meir tilbakehalden supporter, faren. Sonen syns det er stas å vere med faren sin på Lerkendal, mens faren vil «lære» sonen til å bli Rosenborg-supporter, som han sjølv. Truleg treng han ikkje «lære» sonen sin dette, for unge gutar og jenter i Trondheim har vekse opp med Rosenborg Ballklubb i generasjonar. Laget er Trondheim sitt lag, og alle i Trondheimsregionen har eit eller anna forhold til klubben. Ikkje alle blir Rosenborgsupporterar, og dei som blir det, blir det i ulik grad. Det er ikkje alle som har fedre som tek med seg sonen sin på fotballkamp. Mange av informantane utheva dette som ein byrjande grunn for deira interesse for fotball, dei fekk bli med faren sin eller andre nære familiemedlemmar på Lerkendal. Dette gjeld sjølvsagt ikkje alle supporterar, men mange av dei eg snakka med uttalte det slik. Nokre av informantane fortel om deira oppleving med å dra på kamp i byrjinga. Roger seier at «hadde en far og en onkel som tok meg med på Lerkendal frem til jeg etter hvert ble stor til å «tvinge» dem til å kjøre meg, kommer litt utenfra byen». Stein seier at «både faren min, moren min og farfaren min hadde sesongkort på Lerkendal, som jeg var med hver helg». Børre seier at «jeg har alltid vært her. Jeg husker ikke første gangen, jeg bare husker at jeg alltid har vært her». Alle fortel at dei har vore på Lerkendal så lenge dei kan hugse, og at det var nære familiemedlemmar som tok dei med dei første gongane dei fann vegen til Lerkendal stadion for å heie fram Rosenborg. Samstundes trakk mange av dei fram at det sjølvsagt ikkje var alle som fekk bli med faren sin eller bestefaren sin på fotballkamp, som kom tilbake. Og mange av dei fortalde òg at det var ikkje dei

som valde Rosenborg som klubb, men at det heller var Rosenborg som valde dei. Her kjem vi igjen tilbake til dette med og vekse opp med familiemedlemmar som drar på Lerkendal, og at det blir naturleg for ein sjølv og halde med Rosenborg.

KATEGORIER AV FOTBALLSUPPORTERAR		
Formelt organiserte		Ikkje-organiserte
Organisasjon:	Kategori:	
Kjernen	«Kjernemedlemmar»	«Stemmingsturistar»
Undergrupper i Kjernen:	«Kjernepartiklar»	«Luksussupporterar»
1) Forsongargruppa	«Forsongerane»	«Medgangssupporterar»
2) Ultras Nidaros	«Ultras»	«Casuals» (Spontan ad hoc organisering på bortekampar)
3) Tifo Trondheim	«Tifoane»	

Figur 8- Samla oversikt over dei sosiale kategoriane som blir nytta blant Rosenborgsupporterane.

I illustrasjonen eg har laga over, skil eg mellom dei organiserte supporterane og dei uorganiserte supporterane. Dei organiserte supporterane er plassert på visse delar av tribunen og opptre kollektivt, mens dei uorganiserte ikkje opptre kollektivt og har ingen spesiell plass på tribunen. I tillegg opptre dei uorganiserte gruppene ofte i små grupper på berre nokre få personar, og det skjer ofte spontant. Mellom desse kategoriane av fotballsupporterar skjer det heile tida ein produksjon og ei forhandling av grenser dei i mellom. Her blir graden av lojalitet og aktivitetsnivå som supporter viktige grensemarkørar, og det utviklar seg normer og verdiar om solidaritet og autensitet som dei ulike kategoriane kan ordnast hierarkisk etter.

Den interne differensieringa gjev ikkje like mykje mening når ein ser på Rosenborgsupporterane i relasjon til motstandaren sine supporterar under ein kamp. Då står Rosenborgsupporterane fram som ei samla gruppe, og det signifikante skillet mellom Kjernen og Ultras Nidaros blir viska ut. Då er det ei form for rivalisering som kjem til syne, kor regionale og by-land identitetar blir viktige. Rivaliseringa mellom to supportergrupper til to lag under ein kamp tek ei prosessuell form av «symmetriske schismogener» (Bateson 1972) der dei to motstridande supportergrupperingane nyttar dei same midla og uttrykksformene i å overgå kvarandre i differensieringa og polariseringa mellom «dei sjøve» frå «dei andre». I denne identitetsprosessen blir distinksjonar mellom geografiske regionar og distinksjonar mellom by- og land viktige. Vidare, som eg skal diskutere i neste kapittel om rivalisering, søker supporterane å nedverdige og «umenneskeleggjere» motstandaren sine supporterar med kjønnsnedlatande ord og dyremetaforar.

Kapittel 4 – I kampens hete – Rivalisering i fotballen

Rivalisering i norsk målestokk er ikkje noko å snakke om i forhold til kva som gjeng føre seg i til dømes England, Skottland og Spania. I dei respektive landa er det som regel eit eller fleire lag som høyrer til den same byen, der eit av laga er storebroren, sjølv om det stadig blir kniva om denne titelen dei i mellom. Bak rivaliseringa mellom desse laga ligg det som oftast ei historie djupare enn det ein kan vere vitne til på overflata. Det kan dreie seg om religion, om politikk eller liknande kulturelle ulikskapar (Giulianotti 1999:10). Det kan dreie seg om oppgjer som El Clásico i Spania mellom Real Madrid og Barcelona, mellom Rangers og Celtic som begge har Glasgow som by, samt mellom Millwall FC og West Ham United der begge lag kjem frå ulike delar av London (Footballderbies.com). Det fins mange fleire slike rivaliseringar og drage fram frå land som både Italia, Tyrkia og Argentina. Ein nemne kampar som til dømes Rosenborg-Molde (kampen om Midt-Noreg), Vålerenga-Lillestrøm (kampen om Østlandet), Aalesund-Molde (kampen om Møre & Romsdal) eller Brann-Viking (kampen om Vestlandet) som kan vere samanliknbare her til lands. Klubbane i England, Spania eller Skottland har ein form for rivaliseringa mellom klubbane der det ofte ligg noko djupare bak, anten om det er religion eller lokal kultur. Ein slik form for rivalisering finn ein ikkje her til lands, men det er likevel spanande og samanlikne våre lokaleoppgjer med dei store «derby games» i desse landa. Å samanlikne rivaliseringa mellom til dømes Rosenborg og Molde med desse i utlandet kan verke meiningslaust sidan det er så store forskjellar, men det er med på å aktualisere temaet og setje det inn i ein større kontekst. Samtidig kan ein finne fellesnemnarar mellom oppgjer, både kammessig og supportermessig.

Å bruke orda kjærleik og hat gjer at ein skapar motpolar mellom seg sjølv og «dei» andre. Ved å erklære sin kjærleik overfor nokon, markerar ein samstundes det eller dei ein tek avstand frå. Barth skriv at å identifisere ein annan person som ein av «oss» impliserer at ein har like kriterier for evaluering og dømning. Det impliserer òg at ein «spelar etter dei same spelereglane», og at det er potensiale for diversifisering og vidare utvikling av deira sosiale relasjon (Barth 1969:15). Vidare skriv han at på andre sida skaper ei dikotomisering av dei andre som framande ei godkjenning av avgrensingar når det gjeld delt forståing, ulike kriterier for dømning av verdiar og ytingar, og ein avgrensa interaksjon når det gjeld antatt felles forståingar og like interesser (Barth 1969: ibid.). Det Barth argumenterer for her er at det oppstend grenser og avgrensingar dersom ein lagar ei dikotomisering mellom seg sjølv og andre, og at det kan ha effekt på korleis dei sosiale forholda utviklar seg. Fotballsupporterar er i utgangspunktet like, men når dei stend mot kvarandre på tribunen, er det brått ikkje like lenger. Då spelar faktorar som lokal identitet og kultur ei større rolle enn når ein ser fotballsupporterane under eit. Ein vil uansett sjå seg sjølv i motsetnad til dei andre, motstandarane, same om det er eit lokalderby det er snakk om, eller om det er kvartfinale i Europameisterskapet det er snakk om. Spelar ein ute i Europa vil patriotismen til nasjonen vere

mest tydeleg, mens patriotismen til det lokale vil vere det som syner mest når ein spelar innanfor landegrensene. I begge tilfella vil ei grense mellom oss og dei andre bli trekt, og det gjer at ein opprettheld sin eigen identitet i motsetnad til dei andre. Giulianotti skriv at «football matches involve two teams that represent specific geographical and cultural identities. These matches therefore give rise to the most potent dramatizations of binary opposition within sport» (Giulianotti 1999:10). Han skriv at dei to fotballaga som brakar saman tilhøyrar spesifikke og ulike geografiske og kulturelle identitetar, og at dette gjer sitt til at eit drama lett blir utspelt, både på tribuna og på grasmatta. For supporterane er det like viktig å vinne dramaet på tribuna som det at laget deira vinn kampen på grasmatta, spesielt dersom det er snakk om eit hatoppgjer mot Molde eller Lillestrøm.

Grunnen til at eg vel å ta med skildringar frå kampen mellom Rosenborg og Molde og Rosenborg og Lillestrøm er for å vise at ekstern rivalisering kjem veldig godt fram i oppgjer av typen by mot land, og litlebror mot storebror. Rivaliseringa mellom Rosenborg og Lillestrøm gjeng tilbake til 1980-talet, det same gjer rivaliseringa mellom Rosenborg og Molde. På 1980-talet var Lillestrøm storebror og «gutta fra by`n», mens Rosenborg var bønder og litlebror, dei hadde ei mindreverdskjensle overfor Lillestrøm. Som vi ser i dag har rollene blitt snudd om på. I dag er Rosenborg storebror overfor Molde, og når dei reiser til Åråsen for og spele mot Lillestrøm, er det Lillestrømsupporterane som blir bøndene. Det same skjer med Moldesupporterane når dei kjem til Trondheim for å spele mot Rosenborg. Gjennom å presentere desse to kampane vil det òg blir tydeleg at den interne differensieringa fell vekk til fordel for samhald og fellesskap mot fienden (motstandaren sine supporterar).

Rosenborg-Lillestrøm 10. april 2011

Denne kampen blei spelt 10. april, og var Rosenborg sin tredje kamp i årets Tippeliga. Før denne kampen hadde dei spelt borte mot Brann (2-1) og heime mot Stabæk (1-2), og stod totalt med 0 poeng etter to spelte kampar. Katastrofalt for vinnarlaget Rosenborg!

Dette var kampen der trenden skulle snu trudde alle, optimismen og trua var i aller høgste grad tilstade, men samtidig visste ein òg korleis ei ulykke sjeldan kjem åleine. Ved enda første omgang stod det 1-1, og laga var like langt. Bare ti minutt ut i andre omgang stod det 1-3 til Lillestrøm etter to mål på rappen frå Kanarifuglane, kjælenamnet til Lillestrøm. Rosenborg var akterutseglt trudde dei fleste på Lerkendal, men når det stod 80 spelte minutt på stadionuret, leda Rosenborg plutselig 4-3 etter totalt fire mål av Rosenborg sin måltjuv Rade Prica. Kjernen var i ekstase og ein kunne høyre Rosenborgsongen ljome ut over Lerkendal. Sigeren var sikra, ein hadde nok ein gong teke rotta på Kanarifuglane, trudde ein. Det blir lagt til fire minutt i kampen, og i det fjerde tilleggsminuttet skjer det katastrofale; Lillestrøm får hjørnespark og Lillestrøm sin midtstopper

Frode Kippe heada inn 4-4 målet for Lillestrøm. Sigeren glapp fire minutt på overtid, ein siger ein i utgangspunktet trudde ikkje var mogleg på stillinga 1-3, men som likevel virka fullt oppnåeleg på stillinga 4-3. Skuffelsen og nederlaget lyste ut av stadion i det dei mange tusen

Rosenborgsupporterane gjekk heim. Ein trengte ikkje seie noko den kvelden, ein kunne lese alt i ansiktsuttrykka til supporterane. I etterkant spurte eg Børre korleis han opplevde kampen og han sa at «det lå jo an til tap først, det er det som er... Gledesfølelsen for å snu tapet til en seier som du ble snytt for. Det var en nedtur, du hadde jo den egentlig ikke, men plutselig mista du den». Han var fortsatt skuffa når han snakka om hendinga nokre månader etter at det hadde skjedd, og illustrer at det var sterke kjensler i sving gjennom heile kampen. Det illustrerer Gunn då eg spurte ho, «under og etter kampen mot Lillestrøm tidligere i år var jeg helt utslitt av den følelsesmessige berg-og-dal-banen kampen var».

Molde-Rosenborg 7. august 2011

Det store spørsmålet før kampen mellom Molde og Rosenborg på Aker stadion var kor lenge ein ønskjer og vere i Molde, og svaret på det var kortast mogleg tid. Ein reise til dit, ein spelar fotball, vinn og reiser heim igjen med tre poeng var fasiten. Og slik føregjekk det, Rosenborg vann 0-2 etter ein spanande kamp med store sjansar til begge lag. Ein fekk syngje Rosenborgsongen og å reise heim til Trøndelag blid og fornøgd. Det var ikkje mange som hadde tatt turen frå Trondheim, to halvfulle bussar berre. Men lyd og leven lagde dei, både før kampen, under kampen og etter kampen. Dette var ein annleis hat kamp enn den heime mot Lillestrøm kor det blei uavgjort. I denne kampen viste Rosenborg seg frå ei mykje betre side enn tidlegare i sesongen. Denne kampen var lagets andre siger for sesongen, den andre på rad, og her ana ein at den sure trenden moglegvis ville snu. Det siste målet til Rosenborg kom rett før slutt, og ein hadde nok med å demme opp for Molde i store delar av andre omgang. Derfor blei dei emosjonelle slusene til supporterane opna for fullt då måltjuven til Rosenborg, Rade Prica, satt spikaren i kista. Ein hoppa på kvarandre, flagga med det ei kunne flagge med og song høgare enn dei føregåande 90 minutta. Det er mogleg at dei fleste som reiste på tur med Kjernen til Molde i 2011 hadde blodsmak i munnen etter kampen på grunn av konstant synging, roping og hoiing, meg sjølv inkludert. Songen, hoppinga og veftinga med flagg heldt fram på utsida av Aker Stadion etter kampen. Ein gjeng med slitne, utmatta men glade Rosenborgsupporterar vendte snuten mot Trøndelag igjen med eit stort smil om munnen.



Figur 9- Baner hengt opp av Molde sin supporterklubb, Tornekraftet, før ein kamp mellom Molde og Rosenborg i 2006 (Foto: Rbkweb.no).

Regional identitet, by og land

Kampen mot Lillestrøm blir karakterisert som ein av hat kampane til Rosenborg. Det handlar då om mykje meir enn det gjer til vanleg, det handlar om stoltheit og om ære. Det verste er å tape mot hat klubbane og dette må ein prøve å unngå for alt det er verdt. Lillestrøm kom til Lerkendal med eit banner med følgjande tekst «Lekestue i dag». Dette var nok mest for å provosere Kjernen, og provokasjonen fungerte i og med at Kjernen var engasjerte og laga mykje lyd gjennom heile kampen. Stein fortalde meg korleis han opplever å tape for eit av hatlaga, « [...] Altså, å tape for eksempel Lillestrøm eller Molde da, det er liksom de her hatklubbene våres, ikke sant [...] Da er det ille å tape uansett, ikke sant, det går på stoltheten og hele de greiene der mot rivaliserende klubber». Han gjer det klart at det å tape for rivaliserande klubbar er bortimot det verste som kan skje for ein fotballsupporter. Det kan gå på stolheten laus og ein kan karakterisere eit tap for Molde eller Lillestrøm som flaut, då spesielt på heimebane. Mot desse rivaliserande klubbane er det òg spesielt viktig å vinne kampen på tribuna. Ein kan ikkje bli utsungen av Kanarifansen til Lillestrøm eller Tornekraftet til Molde på heimebane!

Det er ei spesiell stemning både før og under desse hat kampane, både for supporterane og for spelarane. Stemninga blir tirra opp og det blir sagt og skreve mykje i forkant som kan vere med på å auke stemninga ytterleg. Det er viktig og hugse på settinga midt oppe i dette. Sjølv om ein seier stygge og sjenerande ting til motstandarlaget og deira supporterar, er det ikkje nødvendigvis meint å ta det dødsens alvorleg fortalde mange av informantane. Når ein seier at ein skal banke eit lag, er det ikkje snakk om å fysisk banke dei, men å køyre over dei på fotballbana. Det same gjeld om ein seier at ein skal pisse på eit lag. Det er ikkje snakk om å urinere på dei, det er snakk om og vere

betre enn dei og vinne fotballkampen (Skoglund Johnsen 2007). Det er mange som gløymer denne settinga og tykkjer at supporterane gjeng for langt og oppfører seg småleg. Nokre gongar er det tilfellet, dei gjeng for langt og kryssar ei grense. Men det er eit faktum at dersom du kneblar supporterane, vil du òg kneble stemninga, og utan denne stemninga vil ikkje fotballkampar vere som dei er. I forkant av denne kampen kom dette med dårlege haldningar frå supporterane si side opp. Det er ein kamp mellom to lag som «hatar» kvarandre, og då blir det sagt og gjort mykje rart, men innanfor ein fotballsetting. Derfor er ein ikkje seriøs når ein roper «Hater, hater, hater Molde by» og liknande, ein ropar dette i ein tirra fotballsetting der spontane kjenslemessige utløysingar er ein del av gamet. Ein merka at stemninga blei meir og meir aggressiv dess nærmare Molde by ein kom. Då bussane entra Molde kommune byrja supporterane og syngje «Hate hate hate Molde by!» med eit voldsamt trykk. Ved innkøyrsele til bykjernen blei det dunka på vindauga og vifta mot ukjende menneske langs gata. Bussen stoppa utanfor møtestaden til Rosenborgsupporterane, og Kjernen entra Molde by med eit brak. Kinaputtar og røykbomber blei fyrt av, og stemninga blei oppheta. Det blei raskt tydeleg at dette ikkje berre var ein kamp mellom laga på banen, men òg ein kamp mellom supporterane. No var det på ingen måte slik at det var på nippet til å bryte ut slåsskampar og slike ting, langt derifrå. Men stemningar var ganske aggressiv og heit på den måten at ein kunne høyre høgrøsta og engasjerte supporterar overalt i Molde by. Rosenborgsupporterane song stolte om Rosenborg, mens Moldesupporterane song stolte om Molde. Oppdaga dei at dei var nærme ein annan, blei volumet ytterlegare heva og det blei ein kamp om og syngje høgast og om å lage mest lyd. Det var storebror Rosenborg mot litlebror Molde, og det var det få som tvilte på denne vårdagen i mai.

Molde og Rosenborg har vore rivalar sidan midten av 1980-talet, og hatet har berre auka med åra. Men først i 1987 då Moss med Nils Arne Eggen som trenar, snytte Molde for seriegullet byrja ting å balle på seg mellom dei to laga. Då fotballspelaren «Mini» kom til Rosenborg var han ofte ute og slang med leppa mot Molde og deira spelarar og supporterar. Han skal blant anna ha uttalt at «Hver gang de (Molde) møter et storbylag, blir de helt sinnsyke». Hatet mellom dei to blei ytterligare manifestert då Rosenborg i 1992 kjøpte Øyvind Leonhardsen for litt under ein million kroner. Moldesupporterane reagerte med å sende ein stor konvolutt med skit til Brakka. Og i 1994 uttalte Rosenborgtrenar Nils Arne Eggen etter ein kamp mot Molde at «Herre va itj fotbaill, herre va rævva-fotbaill!». I 1998 før ein kamp mellom laga byrja Mini det heile med å «takke for følge» og då var sinna nede i Molde allereie i kok. Seinare på 1990-talet og utover 2000-talet har det vore eit litt roligare forhold mellom laga, men med jamne mellomrom blussar hatet opp igjen. Når Åge Hareide tok over etter Nils Arne Eggen som trenar for Rosenborg, uttalte han at

dette var mest av alt et spill for galleriet. Det handler mest om å skape motivasjon og få

spillerne til å ta ut alt som var av krefter. I Molde har Vi (Rosenborg) kom fra landet, mens Lillestrøm-spillerne gikk med dress og snakket bokmål. De var liksom litt finere, og så var de jo også bedre enn oss. Vi hadde et lite mindreverdighetskompleks. Man elsker jo alltid å slå storebror. Det alltid vært litt sånn, de er en lillebror i forhold til Rosenborg. Utenfor banen har det alltid vært et godt forhold mellom klubbene (Myren 2008:4).

Historia til Lillestrøm og Rosenborg gjeng eit stykke tilbake i tid, men det heile starta i 1985 då Rosenborg slo Lillestrøm i seriefinalen, overraskande nok. Gjeng vi tilbake til 1980-talet var det nemleg Lillestrøm og ikkje Rosenborg som var det ledande laget i Noreg. Tidlegare Rosenborgspelar Gøran Sørloth uttalte at «Vi (Rosenborg) kom fra landet, mens LSK-spillerne gikk med dress og snakket bokmål. De var liksom litt finere, og så var de jo bedre enn oss. Vi hadde et lite mindreverdighetskompleks. Man elsker jo alltid å slå storebror» (Hjellen 2011). I 1992 slo Rosenborg Lillestrøm i Noregsmeisterfinalen med mål av Rosenborg på overtid i kampen. Det er åpenbart at desse kampane er meir enn dei 90 minutta som føregjeng ute på grasmatta. Der er ein like viktig kamp som føregjeng mellom supporterane. Mellom trøndarar og romsdalingar, mellom trøndarar og østlendingar, mellom storebror og litlebror. Det handlar om geografiske og kulturelle forskjellar, om byen versus landet.

Supporterar frå motstandarlaget kan òg vere med på og heite opp stemninga, noko mange Moldesupporterar gjorde i Molde. Då vi var på møtestaden før kampen, Kompagniet, kom det forbi båtar med Moldesupporterar i. Då byrja Rosenborgsupporterane å syngje «Hate, hate, hate Molde by». Men det såg ikkje ut til å plage Moldesupporterane, for dei fortsette å køyre forbi, og det førte til høgare og meir aggressiv song frå gjengen oppe på Kompagniet. Noko annan Rosenborgsupporterane gjer for å herse med Moldefansen er at dei dreg i gong ein song som gjeng slik «Alle som ikke hoppe e Moldesvin», og når den blir drege i gang på feltet er det alle som hoppa for og seie det slik. Spesielt på bortekampar, og spesielt borte mot Molde, var dette visuelt stilig. Omtrent heile eine kortsida på Aker Stadion hoppa opp og ned samtidig. Denne songen blir dradd i gong på omtrent kvar Rosenborgkamp, heime som borte, men det er ekstra stas når det er borte mot Molde, og at såpass mange hoppa samtidig. I denne songen blir metaforen «svin» bruk nedlatande mot menneske som kjem frå Molde by. Å bli karakterisert som eit svin kan bli sett på ulike måtar. Først og fremst har ein metaforen som gjeng rett på å bli samanlikne med dyret, altså ein gris. Ein gris er feit, lat og skitten, og den gryntar. Eit vanleg skjellsord blant born er «grisetryne» og liknande som visar til grisen sin utsjånad. Men å bli kalla eit svin kan òg vere negativt på ein annan måte. Til dømes dersom kjærasten din lurar deg for pengar eller er saman med nokon andre enn deg, kan du kalle han for eit svin. Då gjeng det meir på personlegdom enn om du

viser til utsjånaden til grisen eller svinet.

Bateson skriv om noko han kallar for schismogeneser. Dette er ei beskriving av ulike former for sosial åtferd mellom grupper (1972). Bateson argumenterer for at det fins to typar schismogenisk åtferd, symmetrisk og komplementær schismogenese. Symmetriske schismogeneser handlar om kategoriserte likskapar eller rivalisering, mens komplementære schismogeneser handlar om kategoriserte ulikskapar eller dominans og underkasting (Bateson 1972:109). I lys av dette kan vi observere åtferda mellom Rosenborgsupporterar og Molde-supporterar til dømes. I utgangspunktet er begge fotballsupporterar med stor kjærleik og stort engasjement for klubben i sitt hjarte. Men dei er òg rivaliserande konkurrentar, både på fotballbana og på tribuna. I mange år har Rosenborg blitt omtalt som storebror og den dominerande blant dei to, og slik er det delvis enno. Supporterane konkurrerer om å overgå kvarandre, om kven som har det største flagget, kven som lagar høgast lyd på tribunen og kven som har den største og mest spektakulære tifoen. Det er litt som under den kalde krigen og våpenkappløpet mellom USA og Sovjetunionen, der den eine nasjonen hadde så og så mykje våpen, mens den andre hadde meir. Då skaffa den eine nasjonen seg endå meir våpen enn den andre og slik heldt det på til begge nasjonane hadde nok våpen til å sprengje heile jordkloden fleire gongar. Ein konkurrerer om å overgå fienden eller motstandaren. Det er om å gjere å vere best, størst, høgast og finast. Dette er symmetriske schismogeneser som kjem spesielt til uttrykk i kampar mellom Rosenborg og Lillestrøm og Rosenborg og Molde, då dei er fiendar som «hatar» kvarandre og heile tida konkurrerer om å vere den beste på tribunen og på grasmatta. Den symmetriske schismogenesen er ein prosess som er med på å splitte dei to supportergrupperingane og å markere ulikskapane mellom dei. Dei vil heile tida trekkje grenser mellom seg sjølve og dei andre, og i relasjon til kvarandre vil dei òg forhandle og re-forhandle om desse grensemarkeringane mellom seg.

Trakassering av motstandaren gjennom seksuelle metaforar

Rosenborg har i år feid Molde av bana to gongar, både borte og heime. I etterkant av begge kampane har det blitt omdiskutert diverse episodar, blant anna kor grove i språket

Rosenborgsupporterane kan vere. Ei Tv-sjåar såg nemleg at ein Rosenborgsupporter ropte «homo» mot Molde sin spelar Magne Hoseth under bortekampen i Molde, og heime på Lerkendal blei det ropt «Mora til Hoseth er ei hore», noko grovare enn det «homo» blir sett på som. Det blei mykje oppstyr og ein skulda på kvarandre og på at Hoseth feira målet sitt mot Rosenborg på Lerkendal opp mot Kjernen. Han gjekk i ettertid ut og sa at han provoserte Kjernen ved å feire sitt mål opp mot dei og at han likar det slik. Når en spelar gjer slik på Lerkendal stadion må han nesten forvente å få noko tilbake meiner mange av supporterane i Kjernen. Å bli kalla for «homo» kan vere eit

uttrykk for meir enn ein ting. I utgangspunktet gjeng ordet «homo» rett på den seksuelle legninga di, om du er homofil eller heterofil. Ved å kalle ein annan mann for «homo» vil du audmjuke han og samtidig framheve deg sjølv som meir mann enn den du kallar for homofil. Å bli kalla homofil på ei fotballbane kan bli sett på som lite mannlig og lite tøft, og ein kan meine at denne personen ikkje har noko innan ein tøff idrett som det fotballen til tider kan vere. Samstundes lagar den som kallar andre for «homo» ei dikotomisering mellom den påstått svake og ikkje-mandige og seg sjølv, den påstått sterke og mandige (Archetti 2003).

Debatten om kor vidt ein skal sensurere og kneble supporterane blussa opp igjen i fjor haust etter heimekampen mellom Rosenborg og Molde på Lerkendal Stadion. Kjernen song diverse upassande frasar til Moldespelar Magne Hoseth, og det blei svært sterke reaksjonar på åtferda til supporterane i etterkant. Fotballsosiolog Arve Hjelseth gjekk ut i media og sa at ein må passe seg for å kneble fotballsupporterane for mykje, for då tek ein vekk noko av det fotball handlar om, nemleg spontane kjensleutløysingar. Ein må hugse på at fotballarenaen er ei avgrensa sfære og at ein sjølv sagt formulerer seg annleis når ein er på jobb. Men Hjelseth meiner at det er fotballsupporterane si oppgåve å gjere livet surt for motstandarlaget og deira supporterar, og at dei vil take kvar ein sjanse dei kan få til å få motstandaren i ubalanse (Mathisen & Flatås 2011). Det er sjølv sagt grenser for kva ein kan tillate seg å ytre sjølv på ein fotballtribune, men her har Kjernen vore flinke til å take opp ting i etterkant av at det har skjedd, og ein informant sa til meg at styret i Kjernen ikkje har noko problem med å avtale regelmessige møter med styret i Rosenborg, og at dei har ein fin tone. Dersom dei er ueinige i noko, kan dei take det opp med kvarandre utan store problem. Rosenborg vil så langt det let seg gjere leggje forholda til rette for at Kjernen skal få uttrykkje seg på best mogleg måte, men det er sjølv sagt at interessene til Kjernen er i ei anna gate enn interessene til Rosenborg, som i all hovudsak skal drive ein fotballklubb og helst oppnå gode sportslege resultat. Her finn ein eit tvetydige forholdet mellom supporterane og klubben. På ei side vil Rosenborg leggje til rette for at Kjernen skal få opptre og uttrykkje seg på best mogleg vis, men på ei anna side tillèt dei berre så mykje før dei sanksjonerer, som eg skreiv om over. Korleis informantane oppfattar røynda og korleis røynda faktisk er, stemmer ikkje alltid overeins.

I kampens hete er det ingen tvil om at det blir sagt og gjort mykje ufyseleg blant fotballsupporterar, men det skjer på ein fotballstadion der kjensler er i fri flyt og kor det ikkje spelar nokon rolle om du er gammal eller ung, rik eller fattig, truande eller ikkje. Mange meiner at dersom fotballsupporterar skal få uttrykkje seg, må dei gjere det på tribunen i form av anten det verbale eller det visuelle for dei har få andre kanalar og gjere det gjennom. Dette vil eg gå nærmare inn på seinare i oppgåva.

Fotballsupporterar har ofte eit bodskap på bannerar og/eller flagg fordi dette er deira måte og uttrykkje seg på, både politisk eller til dømes for å vise sympati for ein sak (Hjelseth 2006:363),

men budskapet kan òg vere meir eller mindre aggressiv retta mot motstandarane og deira supporterar (Hjelseth 2006:366). Det gjeld i aller høgaste grad i dei berømte hatkampane. Då Lillestrøm kom til Lerkendal stadion i april, hadde dei med seg dette banneret med skrifta «Lekestue i dag» på. Det var heilt klart meint som ein provokasjon mot Kjernen, moglegvis ikkje i aggressiv stil, men det var iallfall ein god grunn for Kjernen til å auke volumet av song og rop retta mot Lillestrøm supporterane i følgje dei sjølve. Ein skal ikkje forsvare alt som blir ytra på tribunen i løpet av ein kamp, men det er viktig å hugse på at fotballsupporterar er menneske som er langt over middels engasjerte og mange av dei legg både hjartet sitt og sjela si i og støtte laget sitt. Det er snakk om eit engasjement som er langt over hovudet på den vanlege mann i gata. Svært mange menneske forstend (eller vil ikkje forstå?) ikkje kvifor så mange menneske, då spesielt vaksne menn, engasjerer seg slik i ein sport der vaksne menn spring etter ei lêrkule som sprett hit og dit ute på ei grasmatte. Grunnen er særskilt enkel og særskilt komplisert på same tid; fotball er så mykje meir enn berre sjølve kampen. For dei aller fleste supporterar handlar det ikkje i hovudsak om berre fotballkampen, men om heile ramma rundt.

Det er i hatkampane det verbale og det visuelle kjem til sin rett. Om du står oppe på Øvre Øst tribunen saman med Kjernen og Ultras Nidaros vil du kjapt oppdage kor grove enkelte supporterar kan vere i språket sitt. Men det er legitimt blant dei rundt fordi dei er på ein fotballkamp, dei er innanfor det ein kallar for «fristaden» der mykje er lov i forhold til i det kvardagslege. Ein er innanfor ei liminal sone der eit grovt språk er aksepterte i større grad enn i den vanlege kvardagssona. Det oppstend ein form for moralsk «time-out» der ein gjer og ser ting som er urimelege i den «vanlege» og strukturelle kvardagen (Turner 1969). Det heile skjer i ein liminal og rituell setting, som ein fotballkamp er, men likevel kan ein finne ein viss struktur oppe i det heile i forhold til samfunnsstrukturen utanfor. Å samanlikne fotballsupporterar med avgangselevar som feirar russetida si kan vise kva ein tenkjer; det ein driv på med er lov, men samstundes ikkje lov. Når du er russ kjem du ofte unna med mykje fordi du har på deg den karakteristiske russedressen. Sameleis er det med fotballsupporterar, dei kjem unna med mykje fordi dei steller seg i denne liminale sona som blir oppheva når dei trer utanfor stadion. Det er ikkje dermed sagt at dei burde kome unna med det, og at dei alltid gjer det, men ofte er det slik. Det er sjølvstundt ikkje alt som blir godteke oppe på tribunen. Eg spurde nokre av informantane om kvar ei eventuell grense gjeng for dei, og mange svar dreidde seg om rasisme og tilnærma ting, og at det ikkje var akseptert i det heile. At harseling og hetsing av enkeltspelarar førekjem er fakta, men det er heller ikkje alle som syns dette er greitt. Nokre er til og med i mot buing, og tykkjer at ein burde fokusere på å støtte eget lag framfor å vere negativ mot motstandarlaget og deira supporterar. Ein kan vere grov i språket og gestikulere upassande handbevegelsar til ukjente menneske utan at det blir sett på som spesielt upassande. For ein engasjert fotballsupporter vil nok ikkje dette vekke spesielt mykje merksemd.

For ein tilskodar som til dømes er på sin første Rosenborgkamp og har sitt første møte med Kjernen og Øvre Øst tribunen derimot, vil det moglegvis verke avskrekkande og ein får ikkje det beste inntrykket. Mange meiner at grensa for kva som blir gitt løyve til å uttrykke og ikkje bør gå ved normal folkeskikk, mens mange andre meiner at på ein fotballtribune er det slik at kjensler er i fri flyt og det må ein tåle dersom ein skal vere tilstade der. Men at det fins ei grense for kva som er tillatt og ikkje er tilfellet, men denne grensa er moglegvis individuell frå supporterer til supporterer.

Noko du vil merke er at det er for det meste menn som kjem med grove utsegn, då spesielt utsegn som gjeng rett på dette med kjønn. Ofte er utsegna retta mot kjønna sin seksualitet. Analyserer ein situasjonen innanfor den konteksten det skjer i, vil ein finne ut at dette kan vere eit teikn på makt. Menn rettar dei grove utsegna sine mot kjønna sin seksualitet for å oppretthalde den maskuline dominansen på tribunen som har vore der frå byrjinga av, men som kan bli opplevd som trua. Dette fordi at fleire kvinner gjeng på fotballkampar og engasjerer seg i supportertermiljøa slik som menn gjer. Ved å bruke eit grovt språk som harselerer med kvinna sin seksualitet ufarleggjer ein kvinna ved sidan av som ropar og skrålar like høgt som ein sjølv. Du høyrer sjeldan eller aldri kvinner som er like grove i språket som menn er. Eg spurde Martin kva han hadde og seie om saken og han sa at «ikke noen stor forskjell i kroppsspråk blant de aktive supporterne, men menn er kanskje grovere i kjeften». Eg spurde Tone om det same og ho svarte at « [...] Men det er også mange kvinner som roper skjellsord og uttrykker misnøye på liknende måter, så jeg tror ikke dette er noe som skiller menn og kvinner nevneverdig». Her kjem eit utsegn frå ein mann mens det andre kjem frå ei kvinne. Ein ser at dei har litt ulike syn på saken, og det var i grunn eit gjennomgåande inntrykk eg fekk av informantane.

Supporterkulturen oppstod i byrjinga blant menn frå arbeidarklassen, og kvinner var ikkje å observere på fotballkampar på 1950-1960-tallet, iallfall i svært liten grad. Mange menn i Kjernen og i andre supportergrupperingar tek ikkje med seg kjærasten eller sambuaren sin på kamp, det er deira fristad kor dei ikkje skal trenge å ta omsyn til korkje det eine eller det andre. Framleis er det ein stor overvekt av menn på landets fotballstadion, men det er kvinner å observere blant dei mest engasjerte òg. Anna beskriv sitt eige aggresjonsnivå på følgjande måte; « [...] Mitt aggresjonsnivå er bare språklig (høylytt, utbrudd) eller går utover meg selv, ved å trampe hardt i betongen eller sparke i stolen foran (ikke så altfor hardt)». Her beskriv ho sin åtferd på tribunen, og det er ikkje ulikt den åtferda ein kan observere blant andre supporterar på Øvre Øst. Mange kvinner har vanskeleg for å engasjere seg like mykje i fotball som menn gjer kan det tilsynelatande sjå ut som, men det treng ikkje vere tilfellet, som fleire av dei kvinnelege informantane har nemnt. Stein seier at «ja, det er nok et slikt kjønnsmessigs skille tror jeg da, at det er større sjanse for at en mann er mer engasjert på egne vegne og på en måte lever det ut [...] », og ser på kjønnsforskjellane på denne måten, og viser at ein oppfattar åtferda på ulike måtar frå person til person.

Det er tilfelle på ein fotballstadion at ein nyttar seksualitet til både kvinner og menn når ein skal audmjuke og fornærme motstandaren. Dette kan ein høyre gjennom både tilrop og gjennom songar som blir dradd i gong av Ultras Nidaros. I forhold til dei songane og tilropa som Archetti (1985) beskriv, er ikkje songane og tilropa oppe på Øvre Øst tribunen like grove. Songen om supporterane til Lillestrøm er eit eksempel på ein «grov» song i norsk målestokk: «Se for en fin kanarifugl, kanari svart kanari gul, kanari mjuk og ren og pen, vi tørker oss rævva meee'n. Se for en fin kanarifugl, kanari svart kanari gul, kanari mjuk og ren og pen, vi tørker oss i rævva meee'n!». Her blir noko som opphavleg er heilage og reint, gjort om til noko ikkje-heilage og ureint. Mary Douglas skriv at skit krenker ting sin orden, og at skit ikkje er noko absolutt, det er opp til kven som definerer det som nettopp det (Douglas 1966:21). Vidare skriv ho at i vår forstand er heilage ting og stadar noko som må bli beskytta mot det ureine, og å forveksle dei to vil vere det same som å forveksle søvn med det å vere vaken (Douglas 1966:25). For ein Lillestrøm supporter vil det verke krenkande å høyre denne songen då termen «kanarifugl» er termen dei brukar på laget til Lillestrøm, liksom at «troillan» er termen på Rosenborg sitt lag for deira supporterar. Songen om Kanarifuglen er ikkje grov på nokon måte etter mange supporterar sitt skjønn, men det er slik den gjennomgåande stilen er i Noreg. Det blir rart og samanlikne desse songane med dei som blir sungne i England og i Argentina, men det er eit lite samanlikningsgrunnlag likevel. Ein annan song som blir sunge på alle heimekampane til Rosenborg gjeng slik: «Når Troillongan, når Troillongan, når troillongan marsjere inn, da bynne [motstandar] å grine, når troillongan marsjere inn». Her kjem ein inn på dette med å audmjuke motstandaren og forholdet mellom det mannlege i motsetning til det ikkje-mannlege som Archetti snakkar om. Ved å «forvandle» motstandaren til noko barnsleg vil ein ufarleggjer deira identitet, mens ein framhevar sin eigen, noko som er vanleg å gjere i ein fotballsupportersetting retta mot motstandarlaget og deira supporterar.

Kjærleik og hat

Orda «å hate» og «å elske» blir flittig brukt i ein supportersamanheng for å konkretisere overfor motstandaren kven supporterane held med og kven dei tek avstand frå. Det er eit uttrykk for rivalisering overfor motstandaren og eit uttrykk for kjærleik til eigen klubb. Ein song som Kjernen ofte syng, uansett motstandar er «Vi hate molde og Lillestrøm, vi hate molde og Lillestrøm, vi hate molde og Lillestrøm, men vi ælske Rosenborg». Når denne songen blir sunge, blir det lagt ekstra trykk på orda «Molde» og «Lillestrøm», samt at heile den siste setninga blir sunge høgare enn det andre. Her kjem rivaliseringa mellom klubbane og deira supporterar veldig godt til syne, og kvar ein kjem frå blir ekstra synleg og verdsatt. Er du på bortetur til Molde og er trønder, roper du «Hate Molde By» høgt, mens er du moldensar på bortetur til Trondheim, roper du

«Rosenborg e rævva» høgt for å markere kvar du høyrer til. Rivalisering blir skapt ved at ein har ein sterk tilknytning til ei gruppe og tek tilsvarand sterk avstand frå andre grupper (Hjelseth 2006:41). Det er nettopp det ein ser her, mellom Moldesupporterar og Rosenborgsupporterar. I eit intervju med Nils Arne Eggen uttalte han at han syns det blei meiningslaust at ungdommar i Kjernen stod og ropte «Hater Molde» og liknande etter det som skjedde på Utøya 22.juli 2011. For mange vil det nok opplevast som veldig unødvendig og dumt og rope slike ting til tilreisande lag og deira supporterar, men for heimesupporterar er det ein måte å markere seg på. Ved å rope slike ting markerar ein seg sjølv samstundes som ein tek avstand frå dei tilreisande. Ein lager ei dikotomisering mellom seg sjølv og «dei andre». Å tape for anten Lillestrøm eller Molde er det verste ein Rosenborgsupporter kan tenkje seg. Eg spurde nokre av informantane om korleis dei såg på det å tape for eit hatlag, og dei svarte at det kunne faktisk gå på helsa laus. Ein kan føle seg krenka, latterleggjort og ein kan få ei kjensle av å vere flau. Eg spurde om det kunne gå på stoltheita og æra laus, men informanten Stein meinte at dette ikkje var eit bra ord å bruke her i Noreg, då ingen gjeng rundt og snakka om ære på same måten som ein gjer innan Islam, til dømes. Derfor ville han heller bruke ordet flau. Men at stoltheita blir svekkja dersom ein tape for eit av hatlaga, var sikkert sa han. Det blir litt som å gå frå stadion med halen mellom beina, ein har blitt tråkka på og audmjuka, og når det skjer gjeld det å forsvare seg på best mogleg måte. Det som skjer er at ein ikkje vil vere like kjepphøg ved neste møte med hatlaget som ein moglegvis var før ein tapte. Dei fleste informantane sa at dei blei påverka i større grad av eit tap mot Molde eller Lillestrøm, men at dei ikkje gjekk rundt og dvela ved det i lengre tid.

Forhandlingar om grenser med nedlatande tilrop

Typane av tabu-uttrykk nytta av supporterarane kan ein sjå på som ein del av ein tribunekommunikasjon som inneheld eit budskap som supporterarane prøver å formidle. Det som blir sagt blir skjeldan eller aldri sagt utan å inneha noko form for meining. Det som skjer er at desse meiningane blir flytta ut av sin naturlege kontekst og inn i ein annan. Då kan òg meiningsinnhaldet bli forandra. Det som naturleg handla om kjønna sin seksualitet, har no blitt flytta inn i ein fotballkontekst. Her kan vi drage parallellar til dei økonomiske sfærene til Fur-folket i Sudan som Barth skriv om. Der skil han mellom sfæren som omfattar pengar og verdifulle gjenstandar, og sfæren som omfattar arbeid, husbygging og øl. Det finns relativt sterke barrierar mellom dei, både av moralsk og sosial karakter (Barth 1994:52). Når ein supporter ropar «Jævla homo» til ein av motstandarane sine spelarar, har dette ei anna meining i fotballkonteksten enn det har i det daglege livet. Her blir meininga konvertert om frå kjønnsfæren og inn i fotballsfæren. I fotballsfæren blir tilropet «Jævla homo» brukt av mange for og audmjuke og å fornærme motstandaren, og på denne

måten kan ein heve seg over dei som den sigrande parten, og framstille seg sjølv som den ekte, modne og verkelege gruppa med menn som Archetti (1985) skriv om. Det er nettopp dette som blir gjort ved å kalle ein av motstandarane sine spelarar for «jævla homo» og liknande uttrykk. Ein ting som supporterane moglegvis ikkje alltid er klar over er korleis spelerane tek til seg desse tilropa og songane. I eit intervju med tidlegare Rosenborgtrenar Nils Arne Eggen tok eg opp dette, og Eggen sa at for veldig mange spelarar er det mest flaut å høyre kva som blir ropt. Eggen fortalde at då han var trenar og Rosenborg kom til Brann stadion, var det første han fekk ropt mot seg av Bataljonen, Brann sin supporterklubb, «grisetrynet» Han sa at han ikkje var så veldig oppteken av ansiktet sitt og flira av heile greia. Men nokre gongar kan det faktisk slå motsett veg av det supporterane moglegvis tenkte det, at spelerane blir gira opp og motiverte av tilropa og songane. I kampar med høg temperatur mellom laga og supporterane er ofte dette tilfelle.

Dette med at meiningskontekstane blir flytta frå ein sfære til ein annan kan òg handle om ei form for makt. Ein episode som har blitt fortalt til meg illustrerer det: I ein kamp mellom Rosenborg og Vålerenga seint på 1980-tallet/tideleg på 1990-tallet på Bislett stadion blei det ropt «Mini har en mini-pikk!» og «Mini er pedofil!» av Vålerengasupporterane, mot Rosenborg sin spelar Mini. I pausen tok legenda Odd Iversen sjølv mikrofonen og sa over stadionanlegget at dette ville han ikkje ha noko av! I andre omgang høyrde ein ikkje noko liknande frå supporterane. Det som skjedde i denne episoden var at supporterane brukte seksuelle anretningar i sine ytringar mot Mini for å audmjuke og fornærme han. Men i det Odd Iversen kom på bana og sa det han sa, blei supporterane si meining med det heile brote ned. Deira intensjon om å ta den kjønna meiningskonteksten inn i ein fotballkontekst og bruke den mot Mini, blei ikkje-eksisterande. Barrieren mellom den kjønna sfæren og fotballsfæren blei oppretthalden fordi at Odd Iversen hadde ein slags mytisk autoritet overfor veldig mange Vålerengasupporterar etter at han hadde spelt tre år for klubben. Sfærebarrieren blei ikkje broten ned, trass i forsøket på det. På bakgrunn av dette vil Odd Iversen inneha ei rolle som passar på at barrierane blir opprettheldt, og at supporterane sitt budskap ikkje når fram på den måten dei hadde på førehand tenkt at den skulle gjere, som ein sfærevoktar som Barth skriv. Men då Rosenborgsupporterane kalla Moldespelar Magne Hoseth for «homo», blei barrieren brote ned, budskapet blei mottatt og det oppstod diskusjonar og debattar i ettertid. Her ser vi parallellar til det Barth snakkar om når han skriv at når avvik oppstend vil sfærebarrierane bli brote ned og nye sirkulasjonsmønster mellom sfærane vil oppstå (Barth 1994:60). Her kom det ingen sfærevoktar på banen for å prøve å oppretthalde barrierane mellom sfærane, på same måte som Odd Iversen gjorde. Å bruke uttrykket har heile tida vore aktuelt, men ingen har sett det før no i dei seinare åra. Det som skjer når ein byrjar med nye uttrykk, er at det etter kvart mister si meining og/eller si kraft, nettopp fordi det dukkar opp nye mønster og uttrykk. Det kan ein blant anna sjå med banneord på ei fotballtribune. Meiniga der har gått heilt av moten fordi det har blitt brukt i så lang tid og i eit så

stor omfang at det ikkje lenger har same meiningskrafta. Det same kan skje med skjellsord som «homo» òg, dersom det skulle bli legitimt å bruke.

Supporterane har truleg meir makt enn folk flest er klar over, og den einaste måten dei kan få fram eit budskap på, er å rope det eller vise det visuelt. Er budskapet grov nok, vil det visuelle bli sensurert, mens det ein roper ikkje vil bli sensurert på same måte. Her vil det heller kome sanksjonar i etterkant. Derfor er det lettare for supporterane å bryte ned barrierane mellom meiningssfærene ved at dei roper «homo» til ein spelar på motstandarlaget, eller at dei syng «Mini har en liten pikk» enn om dei skriv dette på ein bannar og heng opp. Begge desse utsegna er tatt ut av sin ekte kontekst som det meste av det supporterane roper og/eller syng er, og plassert inn i ein kontekst der hovudmålet er og svekkje motstandaren mest mogleg ved å audmjuke og latterleggjere han. Det at Odd Iversen sa at han ikkje ville ha noko av at supporterane song «Mini har en liten pikk», og at supporterane ikkje song noko liknande i andre omgangen, har og gjere med autoriteten og statusen til Odd Iversen. Om nokon med liknande autoritet og status hadde bedt Kjernen om å slutte å rope «Homo» etter Magne Hoseth i kampen mellom Rosenborg og Molde i haust, ville dei moglegvis ikkje ha ropt det meir i den kampen. Det handlar om det same i begge situasjonane; supporterane syng «Mini har en liten pikk» for å påpeike at Mini er liten av vekst og at det same gjeld for kjønnsorgana hans. Rosenborgsupporterane roper «homo» etter Hoseth for å påpeike at han er feminin og derfor ikkje kan bli sett på som ein ekte mann, men ein mann i forkledning, òg kalla homofil (Archetti 1985).

Prototypar og ein felles identitet

I kampen mellom Vålerenga og Rosenborg i haust blei det høyrte at Klanen, supportergrupperinga til Vålerenga, song «Rosenborg er rævva, ååå Rosenborg er rævva», og «Mø, mø, mø» med handbevegelsar som skulle insinuere at ein held på å mjølka ei kyr. Dette er typiske midlar som blir brukt for å svekkje motstandarane og deira supporterar. Dei same observasjonane har blitt gjort av Skoglund-Johnsen (2006) som gjorde feltarbeid blant Klanen. Når det gjeld denne «Mø»-songen, handlar det om at Klanen ser på Rosenborg og Kjernen som bønder, mens dei sjølve er frå byen. Her er det rivaliseringa mellom supporterar som kjem frå byen og dei som kjem frå landet. Kva som er byen og kva som er landet blir sjølvstøtt definert utifrå supporterane sjølve og kvar dei kjem frå. Det er eit binært drama som utspelar seg på fleire nivå; blant spelarar, lag, klubbar og land (Giulianotti 1999:10). Medlemmar i Kjernen ser på både Moldesupporterane og Lillestrøm supporterane som bønder, mykje fordi at dei sjølve er frå Trondheim og omliggjande områder. Men i kampen mellom Vålerenga og Rosenborg blei det tydeleg at Klanen såg på Kjernen og Rosenborg som bønder, sidan dei sjølve høyrer til Oslo, Noregs einaste store by. Bruken av songar som handlar

om det å være bonde eller å kome frå ein rural stad er vanleg blant supporterar, og ein nyttar metaforen for å svekkje og latterleggjere dei mindre og meir rurale «andre» (Hognestad 2001:162). Antropologen Hognestad tek opp dette med by versus land i sin artikkel om rivaliseringa mellom fotballsupporterar frå Bryne og frå Viking (Stavanger), der Bryne blir sett på som rurale og Viking som urbane. Han skriv at det er vanleg at supporterar frå Viking syng songar som hintar til at Bryne er eit lag frå bygda. Bryne blei jo sponsa av bønder på 1970-1980-talet og mange av spelarane jobba som bønder i tillegg til å spele fotball. Derfor har Bryne ei historie som knytt dei til det rurale og til bonden (Hognestad 2001:160). Rosenborg blir sett på som «dei andre» av Klanen, mens det i andre samanhengar er Kjernen som ser på andre lag som «dei andre», til dømes Moldesupporterane. Grenser blir satt, og ein markerar seg sjølv i forhold til dei andre som eg har skrive om tidlegare i kapittelet. Det som blir viktig i ein slik setting er den felles identitetskjenninga og fellesskapet innan i gruppa. Ein kan seie at dei som bur nord for Dovre har ein felles identitet mot dei som bor sør for Dovre. Denne inndelinga er grov, men samstundes veldig enkel å forstå. Nord for Dovre har ein Trøndelag, delar av Vestlandet og Nord-Noreg, mens ein har Aust- og Sørlandet, samt delar av Vestlandet sør for Dovre. Etter denne inndelinga blir den sørlege delen for Dovre ein meir sentral del av Noreg enn den nordlege, utifrå kor makt- og handlestanden ligg. Det er derfor vanleg at menneske frå den sørlege delen av Noreg snakkar om menneske nord for Dovre som bønder og liknande, jamfør Klanen si nemning på Rosenborgsupporterane. Det og seie kven som er bønder, hary og liknande, vil ein ikkje berre finne nord for Dovre, men òg på bygdene rundt om i heile landet. Bygd versus by-dimensjonen dukkar opp her som mange andre stadar, både når det gjeld felles identitet og lokal forankring, men òg når det gjeld økonomi og størrelse på fotballklubben. Vålerenga som klubb er mykje større enn Sogndal som klubb, likeleis som at Rosenborg er større enn Sandnes-Ulf. Nemninga på kven som er bønder og kvifor er individuell blant supporterane, men tendensen er at dersom ein er frå dei store byane Oslo, Bergen eller Trondheim, er det enklare å utnemne nokon som bønder enn om du kjem frå ein mindre stad som Ålesund, Sogndal eller Haugesund. Konklusjonen her er at fotballsupporterane vil alltid finne eit eller anna å plukke på ved motstandarane for å kunne fremje seg sjølv og sin identitet. For å markere seg sjølve og sin kjærleik til ein klubb må ein take like stor avstand og erklære sitt «hat» til ein annan klubb. Når det gjeld dei kulturelle forskjellane mellom trøndarar, moldensarar og østfoldingar, er det noko vanskelegare å definere. Men i følgje dei sjølve vil det finnast ulikskapar. Moglegvis kan ein sjå det på kvar for ein ølsort supporterane drikk? Øl er ein viktig ingrediens i ein supporter sitt liv. I Trondheim drikk dei fleste Dahls, mens ein på Østlandet drikk Aass og på Vestlandet drikk ein Hansa. Men det klaraste merkje på kor i landet du høyrer til, kjem utifrå kva dialekt du snakkar. Å halde på dialekten sin vil vere med på å at ein held på sin lokale identitet og føler eit fellesskap med dei som snakkar likt som ein sjølv.

Når ein snakkar om ein felles identitet og fellesskapskjensle, har ein ofte ein prototype å måle seg etter. Ein prototype er eit typisk eksempel på det det er snakk om. Eleanor Rosch definerer ein prototype på følgjande måte, «The extent to which each instance represented their idea or image of the meaning of the category term» (Rosch 1978). Vidare skriv ho at «Subjects can make judgments about whether an object belongs to a particular category much more rapidly for prototypic than non-prototypic objects» (Rosch, Simpson & Miller 1976). Ho skriv at når ein person blir bedt om å beskrive prototypen på til dømes ein fugl eller på eit møbel, vil personen seie det som han eller ho først forbind med ordet fugl eller møbel. Prototypen på ein fugl kan vere ein sporv, mens prototypen på eit møbel kan vere ein stol. Det vil vere individuelt kva kvar person forbind med desse orda, men i hovudsak vil ein kunne finne ein gjennomgåande likskap blant alle som svarar, gitt at det er ei viss mengde menneske som svarer. Det same hadde vore tilfelle om eg hadde spurt informantane om kva prototypen på ein Rosenborgsupporter hadde vore, eller prototypen på ein trønder. For min eigen del tenkjer eg på ein trønder som ein høgmælt mann med bart og brei trønderdialekt, gjerne med skinnvest og mokkasinar på seg. Dette er ei typisk generalisering av ein trønder for mange, eller ein kulturell stereotypi av ein trønder. Prototypen på ein Rosenborgsupporter vil for meg vere ein trønder frå utkanten av Trondheim, gjerne i 30-åra og som ikkje går med supportereffektar som skjefte eller drakt. Hadde eg spurt ein vilkårleg person frå Trondheim om dette, hadde nok svaret vore ulikt svaret mitt, og slik vil det ofte vere når ein skal gi kjenneteikn til ting eller gi beskrivingar av personar.

Rivalisering skapar intense opplevingar. I neste kapittel skal eg diskutere et perspektiv på kor vidt vi kan klassifisere supporterane sin åtferd og oppleving som religion og ekstatiske opplevingar, og om ritual kan opne for ei forståing av supporterane sin åtferd.

Kapittel 5 - Rosenberg som religion og Lerkendal som kyrkje?

- Eit mogleg blikk på religiøse dimensjonar i supporterkulturen rundt Rosenberg

For mange fotballsupporterar kan forholdet deira til fotballen virke å vere eit liknande forhold religiøse har til religionen sin. I land der fotballen stend sterkt, som til dømes i Spania, har engasjementet nærmast tatt over for katolisismen meiner Johnson. I staden for å dra til kyrkja på søndag, drar ein heller på fotballstadion for å sjå på fotball, og mykje tyder på at mange jamstillar viktigheita av religion og fotball (Johnson 2001). Dette er sjølvstykke ikkje tilfellet for mange, anten det er i Spania eller andre stadar, men det er spanande at nokon vel å trekkje ein slik konklusjon i eit land der religionen har stått sterkt i lang tid.

I dette kapittelet vil eg undersøkje om ein kan definere fotball som religion, spesielt ved å sjå på ritual og danninga av communitas. Eg vil ta for meg to ulike syn på religion, representert ved Clifford Geertz (1973) som meiner at ein kan samanlikne fotball og religion, og ved Talal Asad (1993) som meiner at du ikkje kan samanlikne dei to. Men først vil eg ta utgangspunkt i ritualteori før eg gjeng over til å presentere empiri på ritual og danning av communitas blant fotballsupporterar.

Eit perspektiv på ritual i supporterkultur

I forsøket mitt på å finne likskapstrekk mellom fotball og religion, er ritual ein av dei viktigaste arenaane for å finne det. Men ritual kan vere så mangt for mange. Catherine Bell skriv mykje om ritual. Før eg byrjar å presentere perspektiva frå Bell, vil eg gi ein definisjon av kva eit ritual er. Definisjonen er henta frå Tambiah og seier at «ritual is a culturally constructed system of symbolic communications. It is constituted of patterned and ordered sequences of words and acts, often expressed in multiple media [...]» (Tambiah 1979:119). I denne definisjonen kjem det fram at eit ritual er eit system av symbolsk kommunikasjon, og at det består av ordna og mønstra sekvensar med ord og handlingar som blir uttrykt i mange mediar. Denne definisjonen vil eg ta utgangspunkt i når eg seinare skal presenterer diverse ritual knytt til fotballsupporterane. Bell skriv i boka «Ritual: Perspectives and Dimensions» om karakteristikkar for ritual-liknande aktivitetar. Her nemner ho blant anna teater, dramatiske opptog og offentlege arrangement. Ho skriv at «most of these comparisons rest on a recognition that the performative dimension per se, the deliberate, self-conscious doing of highly symbolic actions in public is key to what makes ritual, theater, and spectacle what they are» (Bell 1997:159-160). Desse symbolske handlingane i det offentlege er noko av det som gjer fotballen så spesiell, rituala utført av tusenvis av dediserte og engasjerte fotballsupporterar, som samlar seg på ein og same stad, og gjer den eine tingen kollektivt, anten det er snakk om å syngje «Bilde Tå`n Ivers» eller at alle hoppar samstundes til ropet «Alle som ikke

hoppe e Moldesvin». Vidare skriv Bell at

by marching with a crowd, crying over a tragic drama, or applauding an unconvincing politician, even the less enthusiastic participants of the audience are cognitively and emotionally pulled into a complex sensory experience that can also communicate a variety of messages (1997:160).

Ho skriv vidare at mykje handlar om korleis ein erfarer den rituelle hendinga, både sosialt, kognitivt og kulturelt. Funksjonalistane var opptatt av kva den sosiale funksjonen til ritual var i samfunnet, spesielt med tanke på korleis ritual påverkar organisasjonen og arbeidet til den sosiale gruppa det gjeld (Bell 1997:23). Eg vil påstå at den sosiale funksjonen til ritual fortsatt er ganske viktig, både i religiøse og ikkje-religiøse samanhengar. Ritual har den eigenskapen at det samlar menneske og knyt dei tettare saman, det skapar samhold, fellesskap og ein følelse av å høyre til ein stad. For informantane var dette særst viktige faktorar, og moglegvis grunnen til at mange vel å bli aktive fotballsupporterar, dei søkjer etter ein stad dei kan føle seg inkludert og det finn ein ofte i eit supportertermiljø. Ritual og mønsteret deira har vore nøkkelen til å oppdage mening for eit vidt spekter av eldre og moderne kulturelle aktivitetar og artefaktar (Bell 1997:21). Mange tenkjer ikkje over kva eit ritual faktisk er, utanom dei vanlege overgangsrituala som til dømes dåp, konfirmasjon og bryllaup. Men små, tilsynelatande ubetydelege ting kan òg vere ritual, så lenge det har ei mening for dei som utøver dei. Når du blir medlem i ein ny klubb, anten det er snakk om hobby eller sport, vil du kanskje oppdage at du må gjennom eit ritual for å bli «akseptert». Dette kan vere kva som helst, og når du har gjennomført ritualet, er du med i klubben. I Kjernen har dei ikkje slike offisielle innviingsritual, men i Ultras Nidaros må du bli akseptert og «tatt opp» for å bli ein del av gjengen.

Opp gjennom historia har ein sett spørsmålsteikn ved korleis ritual og sosial struktur endrar seg over tid og med tvang (Bell 1997:59). Mange stadar i verda har ein opplevd krig og sosial uro, naturkatastrofar og liknande, som gjer at den sosiale strukturen i samfunnet har endra seg. Innføring av industri og religion er andre dimensjonar som har gjort sitt til at mange samfunn har endra seg drastisk, og med endra sosial struktur vil moglegvis ritual endre seg òg. Ein kan tenkje seg at ramma for ritual rundt om i verda har endra seg, men sjølve innhaldet er nokon lunde det same. Eg vil no gjeve ein presentasjon av ulike ritual som gjeng føre seg før, under og etter ein fotballkamp, samt knyte ritualteori opp mot liminalitet og *communitas*. Ritual er eit sentralt tema innan religion, og det klaraste likskapstrekket mellom fotball og religion etter det eg har observert.

Supporterkultur som liminalt fenomen

Wilson (1954) skriv om ritual og symbol blant Nyakyusa folket i Tanzania, og ho omtalar ritual på denne måten;

rituals reveal values at their deepest level ... men express in ritual what moves them most, and since the form of expression is conventionalized and obligatory, it is the values of the group that are revealed. I see in the study of rituals the key to an understanding of the essential constitution of human societies
(Wilson 1954:240).

Ho skildrar ritual som noko som gjeng djupt og som har verdiar som ei heil gruppe kan identifisere seg med. Og at ritual er ein essensiell del av det menneskelege samfunnet, for å forstå det må vi òg forstå dei sentrale rituala. Ho skriv òg at rituala er hyppige og fråseggjorte, at det kjem mykje menneske dit det gjeng føre seg og at stemninga ofte er svært intens (Wilson 1954: 228). Allereie her kan ein tydeleg sjå parallellar til ritual som gjeng føre seg i fotballen. Dei rituala er òg noko ei heil gruppe kan identifisere seg med, det kjem ofte mykje menneske dit og stemninga kan bli ganske intens. Hyppigheita på rituala er jamt over annan kvar helg og dei er fråseggjort, men på ein annan måte enn religiøse ritual.

Turner skriv at dei som gjeng i gjennom eit såkalla «rite de passage» eller overgangsritual, er i ein liminal fase. Dei er korkje her eller der, dei er midt i mellom den posisjonen dei hadde og den posisjonen dei skal få, både med tanke på normer og reglar, det konvensjonelle og det seremonielle. Dei fleirtydige og ubestemte attributtane deira kjem til syne gjennom et rikt utval av symbol i dei mange samfunn som har sosiale og kulturelle overgangsritual (Turner 1969:95). I tradisjonelle samfunn der overgangsritual er vanlege, er det ofte unge menneske i puberteten eller menneske som skal/har gifta seg som blir omtalt å vere i denne mellomfasen. I ein fotballkontekst kan ein sjå slik på det; Supporterarar som kjem saman jamleg for å stø og heie fram laget sitt, blir oppfatta og vere i denne liminale fasen, men her er det ikkje snakk om noko overgangsritual som for unge menneske i puberteten. Supporterane kjem saman, dannar eit fellesskap og ein gruppeidentitet, har ritual dei gjennomfører før dei gjeng ut av denne liminale fasen og tilbake til sine kvardagslege liv. Dei endrar ikkje status slik som unge menneske gjer når dei gjeng frå å vere barn til å bli voksten, til dømes. I staden kan ein sjå denne overgangen som ein midlertidig liminalitet, der supporterane gjeng inn i liminalfasen i det dei entrar stadion, blir i denne fasen gjennom fotballkampen, for deretter å gå tilbake til den same statusen som dei hadde før kampen starta i det dei forlèt stadion etter kampslutt og vender heim. Denne liminaliteten av statusskiftet gjennom «rite de passage» er med på å markere statusskifte til supporterane, og aksentuerar og aktualiserer deira sosiale posisjon

som fotballsupporterar. Når dei gjeng inn i denne liminale fasen blir dei ribba for andre identitetar dei måtte ha som ikkje er relevante for supporteraktivitetane. Dermed er det likegyldig om du er mann eller kvinne, ung eller gammal når du kjem saman med andre likesinna supporterar på tribunen. Når det gjeld endring av status, så vil ikkje det skje hos supporterane. Men dei kan i større eller mindre grad halde på statusen sin etter at kampen er slutt. Dersom Rosenborg vann, gjeng dei kanskje ut på ein pub for å feire, mens dersom Rosenborg tapar, gjeng supporterane rett heim. For å markere reaggregeringa eller tilbakevendinga til det kvardagslege, tek supporterane av seg alt utstyret og det markerar at dei ikkje lenger har status som fotballsupporter og alt som følgjer med den statusen.

I denne liminale perioden dannar det seg eit u-strukturert fellesskap, «communitas», som består av likeverdige individ som kjem saman til det rituelle (Turner 1969:96). Når Rosenborgsupporterane kjem til Lerkendal stadion annankvar søndag klokka 18 eller klokka 20, dannar dei eit communitas. Det er eit midlertidig fellesskap som blir jamleg gjort om att, men som dei bryt ut av etter ei stund (etter at kampen er slutt). Liminalitet er eit omgrep som blir nytta i antropologien for å forklare ein tilstand som ein oppnår i rituell aktivitet. Liminalitet er ein form for antistruktur der samfunnets vanlege normer og reglar ikkje blir teke omsyn til (Skoglund-Johnsen 2006:92). Det er nettopp dette som skjer når fotballsupporterane går saman på tribunen. Den kvardagslege strukturen blir brote og ein gjeng ut av sine vanlege, kvardagslege person, og trer inn i rolla som spontan, kjenslefull fotballsupporter som skal støtte laget i sitt hjarte på godt og vondt. Det liminale rommet som dei opptre i på tribunen kan ein sjå på som ein fristad der kvardagslege normer og reglar ikkje blir teke omsyn til, men som i større grad rommar utløp for kjensler og meir utagerande åtferd enn den ein vanlegvis opptre med. Det er litt det som er det autentiske med ein fotballsupporter, dei opptre og reagerer spontant på det aller meste som skjer ute på grasmatta. Det er sjølvsagt ikkje all åtferd som er like akseptert, og som det blir forhandla om, som eg omtalte i førige kapittel om rivalisering blant fotballsupporterar frå ulike lag.

Når fotballsupporterane gjeng tilbake til den vanlege, strukturerte kvardagen, er dei nærmast fornya av opplevinga dei hadde i denne liminale tilstanden i communitas. Dei opplev at dei har kome endå nærare dei andre i fellesskapet, sjølv om dei var nære i utgangspunktet (Gary, Sandvoss & Harrington 2007). Det vil seie at hendingar som til dømes å vinne ein cupfinale eller ein viktig fotballkamp, kan skape ytterlegare sterke band mellom fotballsupporterane. Det motsette kan òg skje, at ein gedigen nedtur sveisar supporterane saman, og det er noko som tidvis har skjedd med Rosenborgsupporterane denne sesongen, då det til tider har vore skuffande resultat og prestasjonar frå Rosenborglaget.

Det som er spesielt med fotballsupporterar og danninga av communitas er at det er noko som skjer jamleg. Dersom ein reknar med at det er heimekamp på Lerkendal stadion annan kvar helg, vil

danninga av *communitas* skje annankvar helg, igjen og igjen og igjen. Ein kan karakterisere samhaldet til fotballsupporterane både som eit spontant og normativt *communitas*. Spontant fordi dersom det skjer noko, stend fotballsupporterane kollektivt samla, dei forsvarar kvarandre og har kvarandre i ryggen. Desse hendingane som kan skje spontant kan til dømes vere slåsskampar eller liknande hendingar som ikkje krev mobilisering av supporterane for å stå fram som ei kollektiv gruppe med felles verdiar. Mens når det blir danna eit normativt *communitas* skjer det ved at ein mobiliserer og organiserer ressursar ein har i større grad, og at ein søkjer og oppretthalde kontrollen over medlemmane i gruppa for å nå målet sitt (Turner 1969:132).

Eit av dei største overgangsrituala til Nyakyusa-folket i Tanzania er når makta frå ein leiar blir overført til ein annan. Dette skjer berre kvart 30. år, og inneber eit spesielt ritual (Wilson 1954:229). Dette blir omtalt som det mest spesielle og største ritualet, i forhold til overgangsritual og familiære ritual som er meir vanlege. Ein kan samanlikne dette ritualet med det største for ein fotballsupporter som vil vere å vinne anten Tippeligaen eller Noregsmeisterskapet i fotball. For mange lag er dette skjeldan, kanskje har det ikkje skjedd endå, mens for andre lag er det meir vanleg. Rosenborg kjem under sistnemnde, då dei har vunne både Tippeligaen og Noregsmeisterskapet fleire gongar. Men det er likevel det største som kan skje ein fotballsupporter, at laget hans vinn ein tittel. Feiringa og alt ståket som følgjer vil bli hugsa og det blir ein fest av dei sjeldne, med bankett, songar, gullskjorter, champagne og liknande. Dette er langt frå kvardagskost, og ein kan samanlikne det med eit sjeldant ritual, som døme frå Nyakyusa folket.

Denne typen liminalitet kan ein sjå på som ekstraordinær liminalitet sidan det er noko utan om det vanlege som skjer. I motsetning til den «vanlege» forma for liminalitet, som ein kan sjå på som temporær liminalitet fordi han vil etter kvart vil stoppe og dei involverte vil gå tilbake til sin kvardagslege form. Dette gjeld òg i ein fotballkontekst, og når det vert til midlertidig liminalitet mellom supporterane vil ikkje dei bli spesielt endra på nokon måte, slik som skjer i overgangsrituala til dømes Nyakyusafolket. Mens i den ekstraordinære liminaliteten som fotballsupporterar kan oppleve under ein cupfinale eller liknande, då kan det skje endringar for dei som er involverte når dei gjeng ut av den liminale fasen og tilbake til kvardagen. Å vere vitne til ein historisk cupfinale og sjå at laget ditt vinn, vil gjere noko med deg som person og som fotballsupporter, du vil hugse det resten av ditt liv, og du vil alltid sjå tilbake på det som noko veldig stort og viktig. Kanskje kan det minne om korleis muslimar opplev og tenkjer tilbake på pilgrimsreisa til Mekka (hajj). Ein fotballsupporter, gjerne frå ein litt mindre klubb, følgjer reisa til klubben sin frå første runde og heilt fram til finalen. Den største forskjellen er at utfallet i cupfinalen er usikkert, mens den religiøse veit meir kva som venter han i Mekka, det stend ikkje noko på spel på same måte som det gjer i cupfinalen. Igjen blir «fotballreligionen» i større grad satt på spel hos fotballsupporteren enn kva den religiøse vil oppleve. Men begge vil nok oppleve sterke kjensler, kanskje til og med ekstase, og

dei vil finne både meining, lykke og mykje anna i å vere vitne til det dei er med på, anten det er snakk om ein cupfinale eller hajj.

Å oppleve flyt og å vere i ekstase

Når ei gruppe menneske gjeng saman og dannar eit communitas, er det i kraft av noko heilt spesielt. Ein befinn seg i ein liminal fase som er verken eller. Ein fokuserer så sterkt på noko og er så inne i situasjonen at ein er seg inne i ein flyt, der alle kreftene gjeng med på å fokusere mot det same målet. Når ein oppnår dette, blir kjenslene ekstatiske og ein føler meir fellesskap med resten av gruppa enn før (Csikszentmihalyi 2002:41). For å sjå dette i ein fotballkontekst kan ein tenkje seg at heile Øvre Øst er fylt opp med Rosenborgsupporterar. Rosenborg ligg under 0-1 på heimebane og det er igjen rundt ti minutt igjen før kampen er over. Forsongaren byrjar å brøle «Kjempe gutta, fighte gutta, hey hey!» og resten av tribunen følgjer etter og klappar til rytmen frå tromma. Dei har eit felles mål; dei skal støtte og presse Rosenborglaget til å prestere maks dei siste minutta for å få ei utlikning eller kanskje til og med fleire mål. Dette er òg døme på eit normativt communitas. Dersom Rosenborglaget greier å pirke inn eit eller fleire mål, har målet til supporterane blitt røynda og mange av dei vil oppleve ei ekstatisk kjensle. Raknes skriv om korleis ein oppnår denne kjensla og i kva slags situasjonar den kan oppstå. Han skriv at «ordet ekstase tyder opphavleg frå-seg-vere, det å vera riven ut or sitt vanlege tilstand, soleis at ein kjenner ein ikkje rår med seg, men i staden vert «medrådd» på eikor vis» (Raknes 1927:109). Ekstase er både knytt til det religiøse og ikkje, og det er fleire måtar å oppleve det på. For ein fotballsupporter kan det blant anna skje dersom laget scorar i ein viktig kamp og vinn til slutt, eller om dei scorar og bergar eitt viktig poeng mot ein vrien motstandar, kanskje til og med ute i Europa. Kjensla av ekstase er litt som å oppleve noko som er utanfor ein sjølv, som noko ein ikkje kan kontrollere og som gjer at du ikkje greier å fordøye inntrykk du får utanfrå. Det er som om kjenslene har gått over i ein slags transe, men du vil likevel greie å gjere reie for kva du har opplevd i ettertid (Raknes 1927:110-111). Mange av informantane har uttalt at dei har ulike kjensler i omløp i løpet av ein fotballkamp, at spekteret gjeng frå himmel til helvete, og tilbake igjen. Mange har òg nytta omgrepet «ekstase» når dei fortel om spesielle hendingar, som bortesigeren mot AC Milan i 1996 og når Rosenborg vann Tippeligaen på betre målforskjell enn Vålerenga. Å vinne Noregsmeisterskapet i fotball vil òg kunne framkalle ekstatiske kjensler for mange fotballsupporterar. Ekstase er ikkje noko ein opplever kvar gong ein er tilstade på ein fotballkamp, det er heller ved spesielle anledningar kjenslene gjeng over til å bli ekstatiske. Å kome over i den ekstatiske kjensleverda er mogleg å framkalle, men det kan òg skje spontant. Dersom ein har eit mål om at det skal skje, er det mogleg å framkalle (Raknes 1927). Å oppnå denne ekstatiske kjensla etter å ha fokusert sterkt på eit visst mål, kan ein seie at ein har oppnådd

den optimale hendinga, som Csikszentmihalyi beskriv slik; «the state of being pleurably lost in an activity to the extent that outside world drops away, and the individual meshes perfectly with his or her goals» (Csikszentmihalyi 2002:40). Og det er nettopp dette som skjer med mange fotballsupporterar dersom laget deira vinn Noregsmeisterskapet eller liknande. Det kan vere vanskeleg å beskrive ei ekstatisk kjensle, derfor vil nok mange samanlikne det med enorm glede eller ein slags gledesrus som berre er heilt fantastisk og som ein aldri vil skal forsvinne.

Segregering og danning av communitas

Det første steget i «rite de passage» er separasjonsfasen der ein blir ribba for irrelevante statusar og separert frå det strukturelle og «vanlege» (Turner 1969). Ein trer inn i den liminale fasen og dannar eit communitas gjennom rituell deltaking. Supporterane har ein del rituelle handlingar og har på seg rituelle kostymer, som markerar deira sosiale status som «fotballsupporterar», som er med på å legitimere den maskuline åtferda i eit bestemt rituelt rom (fotballstadion). Eg vil no trekkje fram empiriske eksempel på rituelle handlingar frå Rosenborgsupporterane.

Ein informant, Anna, uttalte at ho alltid kjem ein time før kampstart for og vere sikker på at ho og dei ho er saman med får dei plassane dei brukar å stå på, då det ikkje er nummererte tribunar oppe på Øvre Øst. For ein del supporterar er dette viktig, mens andre veit meir at deira plassar ikkje blir tekne. Dette gjeld spesielt for ultrasgjengen som stend innanfor teipen. Stein, ein annan informant, legg ikkje så mykje i å kome ut på tribunen tidleg for å få «den faste plassen sin». Han vel heller å sitje inne i Supporterpuben og ta ei øl saman med kompisar før kampstart. Han seier at «det handler om mer enn de 90 minuttene du ser fotballen, utrolig viktig er jo miljøet rundt». Fleire av informantane har sagt at dette er noko dei sett stor pris på, moglegheita til å ta seg ei øl før kampen, for så å gå rett ut på tribunen når det er igjen ti minutt til kampstart. Supporterpuben er ein naturleg møteplass i timane før kampen, og det blir vist fotball eller annan sport der før kampstart. Nils seier at «det meste handler for meg om å stille på alle kamper på Lerkendal og hjelpe «Troillan» til seier, møte likesinnede supportere og ha det moro på kamp». Her kjem det godt fram at den sosiale ramma rundt ein kamp er like viktig som sjølve fotballkampen.

Noko anna som har blitt nemnd ein del gongar blant informantane er korleis ein kler seg på kampdagen. Anna seier at ho kallar spelar/kampskjorta si for «finskjorta». Ein pyntar seg jo når ein gjeng i kyrkja? Her refererer ho til Rosenborgskjorta si som finskjorta, eit klesplagg ein berre nyttar i spesielle anledningar. Mange supporterar har eit spesielt forhold til spelarskjorta si. Kanskje er den full av signaturar eller kanskje er det ei spesiell drakt som ikkje er å få tak i lenger. Mange har på seg spelardrakta si på kamp, eller anna supporterutstyr med Rosenborg sin logo på, men det er ikkje alle som gjer det. Stein seier at han kler seg annleis på fotballkamp enn elles i kvardagen, men for

mange supporterar betyr ikkje dette at dei kler seg i supporterutstyr. Dei har kanskje på seg eit skjerf eller ein caps, men held seg unna alt med reklame på. Ein grunn for dette kan vere synet deira på den aukande kommersialiseringa i fotballen, som eg kjem til i kapittel seks.

Meir felles ritual for supporterane finn du rett før innmarsjen og kampstart, der supporterane gjer rituala saman, som eit kollektiv i mykje større grad. Desse rituala markerar fellesskapet blant Rosenborgsupporterane. Eit av dei mest markante rituala på Lerkendal stadion er når ein hevar skjerfet over hovudet og syng «Bilde Tå`n Ivers». Dette er ein av songane som blir forbunden med Rosenborg i aller høgast grad. I tillegg til denne finst det ein rekke andre songar, som Rosenborgsongen frå 1988. Eg vil påstå at dette er songar som alle Rosenborgsupporterar kjenner til, og kanskje til og med den jamne trønder. Eit ritual med både kjensler, minner og eit kollektivt samhald som deltek. Eit anna ritual er melodien som blir spelt over stadionanlegget i minutta før innmarsjen. Dette er ein kjend melodi, og den brukar supporterane å klappe, danse og vifte med både skjerf og flagg til. Den plar og brått bli skrudd av, og det er då spelarane kjem inn på bana. Akkurat i det augneblikket det skjer, blir heile Øvre Øst fylt med veivande flagg, banner, tifoar og skjerf. Dersom ein har tifoar eller flagg med diverse uttrykk eller utsegn på, er dette tidspunktet for å vise det fram. Vanleg er det òg at motstandarlaget blir ropt opp over stadionanlegget, spelarane helse på kvarandre og det blir slått krone og mynt om kven som skal starte med ballen og på kva sidan av bana. Så blir Rosenborg sitt lag ropt opp over stadionanlegget, og då er det vanleg at etter at kvar spelar blir presenter, klappar og ropar supporterane «eeeeey». Dette blir praktisert ulikt rundt om på ulike stadion i landet. Enkelte stadar er det vanleg at spelarnummeret og fornamnet blir ropt opp, og så skal supporterane rope etternamnet.

Desse tinga er noko som blir gjort før kvar heimekamp, noko som symboliserer ei slags opplading til kampen for mange. Når det er bortekamp har supporterane òg ritual, men då blir det på ein litt annan måte sidan det ikkje er deira heimebane. Men på bortearenaar finn du mange av dei same rituala: samling før kampen med spesielle klede (supporterutstyr eller klede knytt opp til laget), turen frå samlingsstaden og til kamparenaen, skjerfet heva over hovudet ved innmarsj og framsyning av banner, flagg og tifoar ved innmarsj. Ein legg ofte mykje i denne turen frå samlingsstaden og til stadion når ein er bortesupporterar, iallfall dersom det er mange supporterar som har teke turen. Då gjeng ein ofte samla og syng og kjem med tilrop gjennom gatene til den aktuelle staden.

Her kan eg fortelje om korleis dette gjekk føre seg i Molde. Rosenborgsupporterane samla seg på ein stad kalla «Kompagniet» og derfrå gjekk ein delvis i samla flokk gjennom Molde sentrum og bort til stadion. På vegen dit var det sjølv sagt fullt av Moldesupporterar, og då er det naturleg at bortelaget sin supporterar markerer seg. Dette gjer ein ved å gå i klubbfarene, som er svart og kvitt i Rosenborg sitt tilfelle, mens det er blått og kvitt i Molde sitt tilfelle. Ein ropar og

syng songar knytt til Rosenborg og ofte songar som omtalar Molde eller andre motstandarar i eit negativt ordlag. At det er viktig å markere seg når ein ikkje er på heimebane kjem veldig godt fram på borteturar. Ofte skjer det òg at heimesupporterane gjer sitt for å heite opp stemninga mellom heime- og bortesupporterane. Det er nesten som om dei gjer sitt for at bortesupporterane skal syngje endå høgare om kor mykje dei hatar å vere i Molde by. Dette skjedde oppe på samlingsstaden. Ein båt full med Moldesupporterar køyrde fleirfaldige gongar forbi der det sat store hordar av Rosenborgsupporterar. Då byrja naturleg nok Rosenborgsupporterane å syngje ting som «Hater Molde by» og liknande. Båten fortsette å køyre forbi og trykket frå Rosenborgsupporterane berre auke. Ein følar seg ofte litt nedtrykt i minutta før kampstart fordi at det blir eit fråvær av dei vanlege rituala ein har på heimebane. Derfor er det viktig å markere seg frå første minutt på bortearenaen. Og det var nettopp dette som blei gjort i Molde. Sjølv om Moldesupporterane var på heimebane, blei dei ganske still og lågmælte mot slutten av kampen, og ein kunne nok høyre Rosenborgsongen ut over Aker stadion i sluttminutta.

Communitas, ritualisering og kommunikasjon av felles identitet og tilhøyrse

No er supporterane inne i den liminale fasen og har danna eit communitas i fellesskap gjennom rituell handling. Det ritualet som best bli kjenneteikna under ein fotballkamp er den samanhengande synginga frå supporterane. Dei syng i takt, gjerne til ei tromme, dei klappar takta og gjer synkrone rørsler til synginga/tilropa. Eit annan ritual er korleis ein kler seg. For dei aller fleste supporterane er det viktig å kle seg i klubbfarene (ein viktig faktor på borteturar, og identifisere seg med dei som har same farge på kleda som ein sjølv, viser tilhøyrse til det «rette» laget). Skjerf, klubbdrakt og diverse andre klede som symboliserer kva slags lag du høyrer til, er ein viktig markør blant fotballsupporterar, spesielt om du er tilreisande supporter på besøk på ein annan stad enn din eigen. Då blir du skild ut via kva kleda sine symboliserer, kven er dei og kven er oss. Ein markør som dialekt er ikkje gjeldande i like stor grad lenger, i og med at du like gjerne kan snakke trøndersk og halde med Vålerenga, som ein bergensar kan halde med Rosenborg. Men for mange vil kanskje dialekten òg knytte personar opp mot eit bestemt lag, iallfall lag som tilhøyrar kjende byar som Trondheim, Bergen, Ålesund, Molde og Tromsø. Eg vel ut desse byane fordi dei har karakteristiske dialektar, mens lag på austlandet ikkje er like lett for utanforståande å skilje frå kvarandre. Å skilje supporterar frå Lillestrøm frå dei som held med Vålerenga er i mine auge ikkje lett via dialekt. I og med at Rosenborg gjorde det veldig bra både i den heimlege serien og ute i Europa på 90-talet, fekk mange nordmenn eit forhold til laget. Derfor finn ein Rosenborgsupporterar langt utanfor Trøndelag sine grenser. Då blir det fort vanskeleg å skilje supporterane frå kvarandre via dialekt. Dette gjeld sjølvsagt ikkje berre for Rosenborgsupporterar, men òg for andre lagt i Tippeligaen som har hatt

suksess i Tippeligaen og har gjort det brukbart ute i Europa.

I kyrkja syng ein salmar, på ein fotballstadion syng ein klubbssongar og hymner. Dette er ein viktig identitetsmarkør for mange lag. I Trondheim har ein «Bilde Tå`n Ivers», i Bergen har ein «Nystemten» og i Vålerenga har ein «Vålerenga kjerke». «Rosenborgsongen» blir sunge på Lerkendal stadion kvar gong Rosenborg vinn ein kamp, heime som borte. Det er som regel mindretalet av supporterar som er den store forskjellen på å spele på bortebane i forhold til å spele på heimebane. Mange lag har ein song dei syng rett før kampstart, og «Bilde Tå`n Ivers» er songen som rungar utover Lerkendal stadion i minutta før kampstart. Dette er ein song som viser kor audmjuke trønderar er og at dei alltid klarer seg same kor i verden dei er dersom dei har med seg bilete av Ivers og nokre Lysholmer. Dette har Åge Aleksandersen sjølv uttalt i eit intervju (Wolden 2008). Akkurat denne songen blir av og til dregen i gong av forsongarane midt i ein kamp òg, og då skjer det same som skjer ved inngangen til kampen, alle hevar skjerfet over hovudet og syng med. Ein annan klassikar som av og til blir dregen i gong i løpet av ein kamp er «Itj nå som kjæm tå sæ sjølv» av Hans Rotmo. Her har vi ein trøndersk song som seier at det er ikkje noko som kjem av seg sjølv, ein må stå saman for å greie dei ei har som mål. Rosenborg som lag må stå saman og arbeide saman for å bli betre. Desse tre mest kjende trønderske songane knytt til Rosenborg kan ein kanskje snakke om som salmar i religiøs forstand, for det er songar som blir sunge ved spesielle høve, og dersom ein misbruker dei eller syng dei for ofte utan mål og meining, vil dei ikkje ha same effekten som dei har. Salmar blir som regel sunge ved alle gudstenester, men ein av dei største forskjellane på salmar og fotballsongar er måten dei blir framført på. Fotballsongar kan starte spontant alt etter korleis kampen utartar seg, mens i kyrkja blir salmane ofte sunge i ein bestemt rekkefølge, og det skjer i meir kontrollerte former. Altså, det er svært lite eller ingen rom for spontanitet i kyrkja, i forhold til på ein fotballstadion, noko som er naturleg i og med at det er to heilt ulike kontekstar, men som knytt mengder av menneske til seg for å delta på det som skjer.

Reaggregering

Dette er den siste fasen i «rite de passage» kor ein stig ut av den liminale fasen og communitas-fellesskapet blir splitta opp. Det skjer ein reaggregering, og ein kjem ut frå den liminale fasen. For Rosenborgsupporterane vil dette sei at dei gjeng tilbake til sin vanlege status. Denne statusen bli påverka av utfallet av fotballkampen. Det vil sei at statusen til supporterane vil vere ulik om Rosenborg vinn, tapar eller spelar uavgjort. Det eg meiner her er at dersom Rosenborg vinn, kan supporterane halde på statusen sin som supporterar lengre ved at dei til dømes feirar sigaren ute på ein pub, eller at statusen som supporter brått blir bytta ut med ektemann eller far ved at dei reiser heim og furtar fordi Rosenborg tapte kampen. For å markere denne tilbakevendinga tek dei av seg

supporterutstyret sitt, og trer inn i sine vanlege sosiale identitetar i det kvardagslege rommet der utagerande åtferd ikkje blir tolerert.

Mange av Rosenborgsupporterane på Øvre Øst har det ikkje travelt med å kome seg heim etter kampslutt, slik som dei aller fleste av publikum har det. Spesielt gjeld dette for Ultras Nidaros og ringen rundt dei. Dei stend igjen til spelarane har gått av grasmatta, gjerne syngande og klappande for å vise sin støtte til anten nedtrykte spelarar ved tap, eller til glade spelarar ved seier. Men dei stend der alltid, dei hastar ikkje ut av stadion for å rekkje bussen eller liknande. Dette er eit ritual som skjer etter kvar kamp, anten det blir tap eller tre poeng, og det kan indikere at supporterane er trufaste. Ein informant sa til meg at dei stend igjen fordi at dei må rydde på tribunen etterpå, samle inn alle flagg og ta ned bannera og slike ting. Då må dei vente til tribunen blir tømd, og dermed blir dei ståande att til slutt. Dersom Rosenborg vinn, kan det òg vere at alle på Øvre Øst kollektivt sett blir ståande igjen og synge og klappe til spelarane har gått av grasmatta, og ein opplever at spelarane og trenaren i større grad er med på å takke supporterane, og gjev noko tilbake. Det at spelarane takkar for støtta og at dei bryr seg, blir sett veldig stor pris på av mange supporterar. Nokre av informantane har snakka ein del om dette. Anna sa blant anna at «det er godt å føle at vi blir satt pris på av spillerne. For meg er de spillerne som bestandig klapper opp mot Kjernen og takker oss etter kampen, de beste spillerne». Det er for så vidt eit ritual spelarane kanskje har, at dei tek seg tid til å takke supporterane, og sjølvsagt ta «bølga» dersom Rosenborg har vunne. Det er i alle fall flittig praktisert rundt om på fotballstadionane i landet.

Fotball som religion

Som eg skreiv innleiingsvis meiner Johnson (2001) at fotballen har erstatta religion som ekstatiske oppleving for mange menneske rundt om i verda, trass i at religion er på frammarsj igjen i blant anna den sørlege delen av Europa. Men kva er det som tiltrekk mengder av menneske mot denne sporten i forhold til religion? Religion har alltid vore ein del av mennesket sitt liv, i ei eller anna form. Er det mogleg å finne likskapstrekk mellom religion og fotball? I dette avsnittet vil eg prøve å sjå etter likskapar mellom desse to tilsynelatande ganske ulike fenomen. Men først vil eg reflektere litt rundt innhaldet i ein religionsdefinisjon. For er det ikkje slik at det er visse element ein bør ha med for at det skal kunne kallast for religion? Det eg siktar til her er element som det guddommelege og det overmenneskelege som ein finn i dei fleste verdsreligionane. Eller er det mogleg å kalle det for religion utan at desse elementa er tilstade? Dersom eg tek utgangspunkt i definisjonen til Geertz, blir ikkje det overmenneskelege ein del av «enheten» som blir definert som religion. Men er det mogleg å oppfatte fotballspelarar eller andre sentrale personar med høg status som slike guddommelege og overmenneskelege vesen? Og vil vi då kunne seie at fotball er religion?

Ein definisjon av religion som opnar for å sjå fotball som religion

Religionsdefinisjonen til Clifford Geertz har blitt mykje brukt, men den har samstundes blitt kritisert. Han har vore opptatt av tolking og meining i sitt arbeid, og det kjem fram av denne definisjonen at han er oppteken av den kulturelle dimensjonen av religion. Kultur definerer han som eit mønster av meiningar eller idear som er berar av symbol, der menneske legg til kunnskapen sin om livet og som dei uttrykker motiva sine gjennom (Pals 2006:270). Han definerer blant anna religion som eit kulturet system som er berar av desse mønstera av meining, men samstundes utelukkar han det overmenneskelege i sin definisjon som er ein grunn til at definisjonen har blitt mykje kritisert. Geertz sin religionsdefinisjon er som følgjande;

a system of symbols which acts to establish powerful, pervasive, and long-lasting moods and motivations in men by formulating conceptions of a general order of existence and clothing these conceptions with such an aura of factuality that the moods and motivations seem uniquely realistic
(Geertz 1073:90).

Om den første delen av definisjonen, «et system av symboler», meiner Geertz alt som formidlar og ber idear til menneske, som til dømes ei Buddhistisk bøn eller ei ritual som bar mitzvah. Dette er idear og symbol som er offentlege og som eksisterer utanfor ein sjølv (Pals 2006:270). Den neste delen av definisjonen, «at disse symbolene er med på å etablere sterke, gjennomgripende og varige stemninger og motivasjoner», går på det at religion får fram kjenslene i oss menneske og får oss til å gjere ting. Motivasjonar har eit overordna mål og dei blir drivne av eit sett av verdiar som betyr noko for menneske, kva dei trur er rett og gale til dømes (Pals 2006:271). Den neste delen, «ved å formulere forestillinger som har med virkelighetssoppbygning å gjøre», går på at religionen prøver å gi ultimate forklaringar på verda. Intensjonen er å gi oss den ultimate meininga og eit formål til verda. Dette skjer til dømes når menneske møter ting dei ikkje greier å takle i kvardagen, anten det er snakk om emosjonelle eller intellektuelle vanskar (Pals 2006:ibid.). Vidare i definisjonen, «ved å ikle disse førestellingane en slik aura av faktisitet at disse stemninger og motivasjoner synes overmåte realistiske», er det snakk om at religion markerer ut diverse sfærar i livet som har ein spesiell status. Det som skil dette kulturelle systemet frå andre er at symbola hevder å setje oss i kontakt med det som er «really real», og dette bli gjort ved å referere til det som er viktigast av alt for mennesket. Og det er gjennom ritual at menneske framfor alt blir gripen av denne spanande røynda, og då fell verdsbiletet til dei truande saman med stemningane og motivasjonane som gjer at ei kraft vil forsterke forholdet til kvarandre (Pals 2006:272).

Denne definisjonen av religion gitt av Geertz fortel oss om eit komplekst omgrep som kan bety mykje for mange. Geertz er opptatt av den kulturelle dimensjonen i omgrepet, og gjeng vekk frå det overnaturlige og guddommelege. Han snakkar om religion som eit kulturet system som ber med seg mønster av meiningar og idear til menneske, og med spesielt fokus på ritual som ofte blir opplevd som gripande og meiningsfullt for mange truande. Desse rituala kan vere med på å knytte menneske tettare saman i kraft av stemningane og motivasjonane som blir opplevd. Geertz foreslår at slike kulturelle system som ber med seg mønster av meiningar og idear òg kan vere kunst, «common sense» og liknande. Eg vil hevde at fotball er eit slikt kulturelt system for alle dei millionar menneske som følgjer sporten verden rundt. Fotball gir meining og idear til dei som er oppteken av det, gjennom fotballen gjeng det føre seg mange ulike ritual som både bevegar menneske emosjonelt og som knytt dei sterkare saman. For å gå tilbake til starten av definisjonen til Geertz, og setninga «et system av symboler» (Pals 2006:270). Dette systemet ligg utanfor oss sjølve og er offentleg forklarar Pals. Her kan vi trekke veksling på det informantane omtalar som heltar og overmenneskelege skikkelsar i Rosenborg. Nemnde personar er tidlegare trenar Nils Arne Eggen og dei tidlegare spelarane Odd Iversen, Bent Skammelsrud og Roar Strand. Alle desse personane representerer noko symbolsk for Rosenborgsupporterane, og dei er offentlege personar. Slik deira status blir emisk presentert, blir dei tillagt eigenskapar som vanlege menneske ikkje har (overmenneskelege eigenskapar), Eggen har blitt omtalt som ein «frelsar», Skammelsrud har blitt omtalt som «Gud», mens Strand har blitt omtalt som «supermann». På grunn av sin innsats for Rosenborg har alle desse tre personane fått ein høg status hos supporterane, som ser ut til å bruke religiøs retorikk når dei skal fortelje om dette. Det var iallfall slik eg oppfatta det i samtale med supporterane. Mange blir emosjonelle når det er snakk om desse og andre viktige personar og hendingar knytt til Rosenborg si historie. I løpet av fjorårets sesong som ikkje var ein bra sesong for Rosenborg, blei det stadig snakka om at trenaren burde bli bytta ut. Kven var alternativet, spurte mange. Frå mange av supporterane var talen klar: «frelsaren» Nils Arne Eggen. Dette var grunna i suksessen han hadde i Rosenborg på 90-talet, då laget vann tretten seriemeisterskap på rad. For å drage ein parallell til England og Manchester United sin manager gjennom 25 år, Alex Ferguson; han har bygd opp ein kultur og ein identitet rundt klubben i alle desse åra. Han kan derfor komme unna med mykje som kanskje ikkje andre ville kome unna med. Det same gjeld Nils Arne Eggen og Rosenborg. Mange vil hevde at Eggen er Rosenborg, og at laget sin identitet og kultur blei bygd gjennom desse tretten åra han leda laget til suksess både i inn- og utlandet. Stein, ein informant, sa dette om Eggen, «det er ikkje alt han (Eggen) sier som nødvendigvis er sant eller spesielt klokt eller i det heile tatt, men har har jo fått en helt vanvittig posisjon på grunn av Rosenborg sin historie [...]». Men nettopp på grunn av hans enorme posisjon i klubben, kjem han unna med det meste.

McLellan (2008) skriv om korleis fotballspelarar og trenarar blir samanlikna med profetar og

heilage personar som ein finn i kristendommen. Roar Strand er ein slik person som blir tilbeden av mange Rosenborgsupporterar. Tidlegare Rosenborgspelar Fredrik Winsnes har skrivne ein hyllestsong til Strand, og ei strofe av songen gjeng slik «Og når 6`ern på ny skal ut å fly, stakkars han som skal fylle skoen din da». Kjernen har òg ein hyllestsong til Strand som går som følgjande; «Zinedine Zidane, ka fan ska vi me hain, for vi har jo Roar Strand, hain e supermainn!». Begge desse songane vitnar om at Strand har sett sterke spor etter seg i klubben, både blant spelarar og blant supporterane. Spesielt Winsnes sin song vekker det emosjonelle i både supporterane, spelarar og andre som bryr seg om Rosenborg Ballklubb. Denne førestellinga om at Roar Strand er ein supermann har å gjere med korleis han har opptredd i Rosenborgdrakta, at han har vore lojal, engasjert, oppofrande og at han alltid har gjeve alt når han har fått sjansen. Dei siste åra han spelte aktivt, blei han omtalt som Rosenborg sin superreserve fordi han ofte kom inn i kampen i sluttminutta og kunne avgjere kampen heilt åleine. Bent Skammelsrud har ein liknande posisjon hos supporterane som det Strand har, og han hadde same posisjon på fotballbana som Strand. Dei to spela for øvrig på same lag i mange år på 90-talet. Skammelsrud var ein like eins type som Strand, engasjert, oppofrande og blødde alltid for drakta. I avskjedskampen hans, laga supporterane ein tifo med skrifta «En Gud – Skammelsrud» (Bilete av tifoen i vedlegg). Og i haust når det skulle vere eit arrangement i Kjernepuben som heite «Kjernen møter legender», blei Skammelsrud invitert. Underteksten i arrangementet blei då «Kjernen møter Skammelsrud, Gud sjøll!». I tillegg til å få stempelet om supermann er Strand trøndar og det gjer han endå meir spesiell i Rosenborgsupporterane sine auge, altså blir han sett på som ein lokal helt. Å få heltestatus er vanleg for mange idrettsutøvarar, av supporterar i alle aldrar. Men kanskje mest hos dei yngste som nærmast tilber utøvarane og idoliserer dei. McLellan (2008) dreg fram Maradona som ein typisk person som blir tilbedd av store skarar av supporterar, og det finst mange fleire eksempel på fotballspelarar med liknande statusar blant supporterane. Det er jo klart at verken Eggen, Skammelsrud eller Strand har overmenneskelege eigenskapar, men for å uttrykke seg om desse personane, nyttar supporterane religiøs retorikk som tydar på at dei har ein spesiell og opphøgt status hos dei. Eg vil hevde at det handlar meir om ein måte å omtale dei på enn at det handlar om den faktiske overtydinga eller trua til supporterane.

For mange Rosenborgsupporterar betyr spelarskjorta deira noko spesielt. Mange har gjerne hatt si spelarskjorte i mange år, og opplevd mykje med den på seg. Det kan dreie seg om Champions League kampar, Noregsmeisterskap eller liknande som gjer at den blir spesiell. Andre kan ha signaturar på den som gjer den spesiell. Her kan ein drage parallellar til heilage relikviar innan katolisisme, der enkelte gjenstandar har status som heilage og er meir spesielle enn andre. Innan religionen har relikviar status som heilage fordi dei anten er ein del av ein heilag person, som til dømes ein finger, at dei har høyrte til ein heilag person, til dømes eit klesplagg eller eit smykke, eller

at objektet har vore i kontakt med ein heilag person. Dei to sistnemnde typane av relikviar blir kalla kontaktrelikvier eller sekundærrelikvier. Sjølv omgrepet relikvie kjem frå latin og tyder rett og slett restar av helgenar (Den Katolske Kirke 2003). Når ein informant snakkar spesielt varmt om spelarskjorta si med autografar frå 90-talet, har dette samband med at spelarar frå 90-talets Rosenborg har signert den og vore i kontakt med drakta. I lys av dette kan vi seie at den har status som relikvie då den har vore i kontakt med personar som har hatt status som heltar og liknande. Det same gjeld dersom ein spelar tek av seg skjorta si etter enda kamp og kastar den opp mot supporterane. Dette blir ofte gjort i cupfinalar og liknande, og supporteren som greier å få tak i skjorta, har greidd å fått tak i eit relikvie som har høyrte til eller vore i kontakt med ein helt. Dette treng ikkje å gjelde berre spelarskjorter, det kan dreie seg om alt frå keeperhanskar til skjerf til andre gjenstandar som anten har høyrte til spelaren eller vore i kontakt med han eller ho. Slik kan slike gjenstandar – som skjorter og skjerf – samanliknast med katolske kontaktrelikviar. Relikviane blir særleg verdsatt på grunn av deira relasjon til den heilage personen, men – frå eit teologisk perspektiv – er det ikkje snakk om tilbeding, då dette er atterhaldt Gud i religion (ibid.). Innan fotball derimot kan det sjå ut til at det kan oppstå ei form for tilbeding av fotballspelerane med spesiell status likevel, såkalla idolifisering, som igjen fører til at gjenstandane som er knytt til desse spelarane oppnår ein opphøgd status hos dei som eig eller bruker gjenstandane.

Ut frå religionsdefinisjonen til Geertz kan ein påstå at fotball er religion til ein viss grad. Dette stend i sterkt kontrast med kva Talal Asad meiner, og det er det eg vil sjå på i neste avsnitt, der Asad kritiserer definisjonen til Geertz.

Ein definisjon av religion som ekskluderer fotball som religion

Kritikken mot Geertz tek spesielt opp to ting; det eine er korleis Geertz definerer og bruker ordet «symbol» gjennom sin definisjon. Det andre er korleis han skil det religiøse perspektivet frå det ikkje-religiøse perspektivet i sin definisjon. Geertz set det kulturelle ved omgrepet på ei side, og det sosiale og psykologiske på den andre sida, og meiner at ein må dele opp religionsomgrepet for å forstå det. Asad meiner at symbol av og til viser til dimensjonar ved røynda, mens symbol av og til viser ein representasjon av den (røynda) (Asad 1993:30), men at Geertz ikkje tek omsyn til dette i sin definisjon. Geertz definerer symbol som «any object, act, event, quality, or relation which serves as a vehicle for a conception – the conception is the symbol's meaning» (1973:91), men presiserer at symbol kan bety ulike ting for ulike menneske, alt etter kven du spør. Asad kjem inn og kritiserer måten Geertz har definert symbol på, Han kjem samstundes med sin eigen definisjon på symbol; «to begin with we might say that a symbol is not an object or event that serves to carry a meaning but a set of relationships between objects or events uniquely brought together as complexes or as

concepts [...] » (Asad 1993:31). Her kjem Asad inn på ein viktig ting, nemleg settet av relasjonar mellom objekta eller hendingane som oppstend når vi prøver å finne mening i eit symbol.

Ved at Geertz deler opp religionsdefinisjonen sin i to dimensjonar, der den eine gjeng på det kulturelle, og den andre på det sosiale og det psykologiske, ser han på religion på ein dualistisk måte. Dette meiner Asad ikkje er mogleg dersom ein skal forstå omgrepet religion. Han meiner at ein må sjå på alle dimensjonane samla, altså sjå på religionsomgrepet på ein holistisk måte, for å kunne forstå det. Han har i sin kritikk fleire gongar påpeikt at Geertz prøver å skilje det religiøse perspektivet frå det ikkje-religiøse perspektivet. I sin konklusjon skriv Geertz at det antropologiske studiet av religion er ein to-steps operasjon der første steg er å analysere systemet av mening nedfelt i symbola som utgjer «den rette religionen». Det andre steget gjeng på å kunne relatere desse systema til sosial-strukturelle og psykologiske prosessar (Geertz 1973:125). Denne definisjonen stend i eit motsetnadsforhold til Asad sin definisjon som seier at religiøse symbol – enten dei er kommunikative eller kognitive, ein måte å uttrykke kjensler på eller lede til ei handling – kan ikkje bli forstått uavhengig av deira historiske relasjonar til ikkje-religiøse symbol eller deira artikulasjonar i sosialt liv, kor arbeid og makt alltid er viktig (Asad 1993:53). Det er tydeleg at desse to står på kva si side, og at dei har kvar sine oppfatningar av omgrepet religion og korleis ein kan sjå på det.

For å drage det over til temaet mitt, og om ein kan sjå på fotball som religion, vil Asad meine at det ikkje er mogleg, mens Geertz vil meine at det er fullt mogleg. I Geertz sin definisjon av «et system av symboler» kan ein putte inn fotball, og gjennom ritual som gjeng føre seg før og under ein fotballkamp, vil det bli etablert sterke og gjennomgripande stemningar og motivasjonar hos fotballsupporterane som gjer at banda mellom dei vil bli endå tettare enn før. Ein vil først sjå på den kulturelle dimensjonen ved fotball, så den sosiale og moglegvis den psykologiske dimensjonen. Slik eg ser det fungerer ritual i fotballen som delar av den kulturelle dimensjonen, som fører til sterke sosiale band mellom supporterane, som igjen kan føre til fri utfolding av kjensler. Frå Asad sin ståstad vil det ikkje vere mogleg å definere fotball som religion fordi at han meiner at et symbol ikkje er et objekt eller ei hending som tener å bere mening, mens ut frå Geertz sin definisjon av «et system av symboler» kan ein plassere fotball som eit slikt system. Schilbrack skriv at han er ueinig i mykje av Asad sin kritikk av Geertz, men at han er einig i at Geertz har ein tendens til å skilje religiøs mening frå sin sosiale kontekst, og å behandle omgrepet autonomt (Schilbrack 2005:447-448). Han seier at Geertz sin religionsdefinisjon er fin å ta utgangspunkt i, og hadde det ikkje vore for hans definisjon, hadde det vore lett å sett på religion som ein del av kulturen som ikkje er i samheng med røynda. Men at det er mogleg å ta utgangspunkt i definisjonen utan å dualisere den, men å sjå meir holistisk på omgrepet og korleis det kan bli tolka. Eg er einig i det Schilbrack skriv fordi eg meiner at det må gå an å ta utgangspunkt i ein definisjon som ikkje utelukkar sentrale

dimensjonar ved fenomenet som skal definerast.

Asad kritiserer ikkje Geertz direkte for å ikkje inkludere det guddommelege og det overmenneskelege elementet i sin definisjon, men indirekte kan ein forstå at dette er eit viktig element i Asad sin definisjon av religion, som tek utgangspunkt i kristendommen (Asad 1993:29). Eg vil ikkje bevege meg ut på å definere kva som ligg i omgrepa å vere overmenneskeleg eller overnaturleg, men vel likevel å bruke omgrepa for å få fram mine poeng. Det kan ver eit godt poeng å kontrastere dei opp mot vanlege, menneskelege og ordniære personar, som Eggen, Skammelsrud og Strand i bunn og grunn er. Når Rosenborgsupporterane snakkar om dei, blir dei tillagt overmenneskelege eigenskapar og snakka om på ein måte der religiøs retorikk blir veldig framtrudande. Det gjeld ikkje berre desse spesielle personane, men det kan òg vere retorikk brukt på sjølve laget eller andre ting knytt til det. Rosenborg blir til dømes omtalt som religion, og Lerkendal som ei kyrkje i ein song som Kjernen syng. Mykje av retorikken er knytt til gullalder-perioden til Rosenborg på 90-talet, då Eggen var trenar, og Skammelsrud og Strand var fast innventar på laget. Det var i denne perioda laget herja ute i Europa og mange storlag gjekk på ein smell mot Rosenborg, både på heimebane og på bortebane. Når informantane snakkar om denne tida, dreg dei ofte inn retorikk som ein kan setje inn i ein religiøs kontekst, men det kjem best fram når dei omtalar spelarar og trenarar.

Etter avsnittet med Geertz sin religionsdefinisjon konkluderte eg med å seie at utfrå hans definisjon er det mogleg å sjå fotball som religion. Men i staden for å konkludere med dette vil eg heller hevde at det er ikkje nødvendigvis slik, men at fotballsupporterar nyttar religiøs retorikk hyppig for å få fram sine meiningar og synspunkter om til dømes spesielle personar i klubben, og på bakgrunn av det kan ein relatere fotball til religion. Eg argumenterar òg for at ein kan finne likskapar mellom fotball og religion gjennom ritual, og at det like godt kan vere eit symbol på andre ting enn det som heller mot det religiøse. Ritual i fotballen kan vere med på å skape samhold, kollektivitet og ein får ei kjensle av å høyre til ein stad eller i ei gruppe. Eg fekk eit inntrykk av at informantane stortsett ikkje tenkte over denne samanhengen, og at dei sa at dei berre omtalte Eggen som «frelsar» og Strand som ein helt eller ein «supermann», fordi det var slik dei snakka om desse personane. Ikkje fordi dei verkeleg meinte at Eggen var ein frelsar på same måte som Messias-skikkelsar blir framstilt i kristendommen og jødedommen. Derfor vil eg hevde at fotball kan vere religion for nokon, men for andre treng det ikkje å vere det. Om ein skal undersøkje om fotball kan blir sett på som religion, vil den religionsdefinisjonen som blir lagt til grunn for forståinga av kva religion er, vere avgjerande for om fotball kan klassifiserast som religion eller ikkje. Definisjonar som vektlegg det sosiale, rituelle og symbolske, som Geertz sin definisjon gjer, vil kunne åpne for at fotball kvalifiserer som religion. Andre definisjonar, som postulerar et krav om at overmenneskelege eller guddommelege dimensjonar må vere tilstades for at noko skal kunne bli

klassifisert som religion, vil ekskludere fotball frå religionskategorien, sjølv om retoriske formuleringar om skikkelsar som er sentrale framstiller desse som overmenneskelege eller guddommelege. Ein definisjon er eit analytisk verkty, og slik vil kva for verkty ein vel å nytte i ei gitt undersøking både åpne for, og lukke igjen, ulike mulige analytiske perspektiver som kan bli anvendt på det aktuelle materialet som skal undersøkjast.

Poenget her er at kvar enkelt supporter opplev noko som er større enn dei sjølve, utan at dette tek ei religiøs form som inkluderar gudar. Men dei opplev likevel noko som er «larger than life».

Kapittel 6 – Makt og motstand i kommersialiseringa av Rosenborg

Ballklubb

Fotballsupporterar i dag har mange fleire aspekt å stelle seg til enn ein hadde for nokre tiår tilbake. Det er to viktige dimensjonar her etter mi meining. Det første er det at mange meiner at fotballen har blitt omgjort til ei slags populærkulturell vare der sponsorar og investorar som investerer betydelege summer som dei forventar visse rettigheter for, i kamporganisering eller klubbdrift, noko som inneber at det blir eit press i retning av å redusere tilsvarende rettigheter og innflytelse frå supporterane si side. Her er det til dømes snakk om fokus på pauseunderholdninga på stadion, og at ho skal nå ut til heile spekteret av publikum, alt frå pensjonistar til barnefamiljar. Denne pauseunderholdninga er det mange supporterar som reagerer negativt på då dei meiner at den ikkje er nok retta mot fotballen, men heller omhandlar musikk og dans som show slik ein kan finne som pauseunderholdning i til dømes Amerika (Haddal & Haugsbakken 2004).

Marius ser på kommersialiseringa slik;

Det jeg er kritisk til er det samstemte hylekoret som dukker opp hver gang en supportergruppering gjør mer enn bare å være en trivelig og støyende kulisse, når supportere faktisk vil ha et ord med i laget eller ikke ønsker å se uniformerte, striglete og forutsigbare ut.

Her seier han at så snart supporterane gjer noko meir enn berre og vere i kulissane, blir dei forsøkt sensurerte og knebla. Som supporterar vil dei ha mest mogleg av «underholdninga» på stadion retta mot fotballen. Det kan dreie seg om musikk knytt til fotball, til dømes DDE sin song «Vi e alltid med Rosenborg», eller intervju og diverse reportasjar knytt til laget. Til forskjell frå til dømes handball der det er vanleg med musikk, er det ikkje ein gong snakk om at noko slikt skal førekome på ein fotballstadion (Haugset 2007). Det er ikkje musikken i seg sjølv som er problemet, det er heller innhald, kva tid han blir spelt og kva for ein type musikk som blir spelt. Trønderrock er meir legitimt og spele enn tung hip-hop til dømes. Trønderrock er ein type musikk mange supporterar på Lerkendal kan identifisere seg med i forhold til mykje anna musikk. Ramma rundt ein fotballkamp bør vere tufta på aspekt som omhandlar fotball, og ikkje som peikar meir mot eit karneval eller ei anna form for masseunderhaldning sterkt prega av amerikanisering meiner mange fotballsupporterar. Haddal & Haugsbakken skriv at dei tradisjonelle og autentiske supporterane tykkjer at stemninga forsvinn meir og meir frå stadion ved at det og vere fotballsupporter er blitt noko populært blant massane. Dette fører til at fleire og fleire er passive på tribunen, færre syng, flaggar og er med på å lage stemning (Haddal & Haugsbakken 2004:20). Det heile skaper eit paradoks mellom dei autentiske fotballsupporterane og dei meir passive tilskodarane på ein fotballstadion. Ei gruppe som

er veldig mot dette er Ultras Nidaros. Dei meiner at alle som stend på Kjernen si tribune på Lerkendal må vere innforstått med at dersom dei stend der må dei delta aktivt med å lage lyd og vifte med flagg og bannera. Men det er nettopp grupper som Ultras Nidaros som ofte blir forsøkt knebla dersom dei ytrar meiningar om noko anna enn tribunelivet. Og svært ofte har slike grupperingar ei meining om til dømes klubbstyret i den respektive klubben dei representerer. Det er det Marius sitt sitat er meint å illustrere, at så snart supporterane blir noko meir enn ei kulisser eller ei kjelde til stemning på stadion, blir dei forsøkt knebla av klubben. I ein slik situasjon kjem det godt fram kven sine interesser som blir prioriterte, og kven sine interesser som blir nedprioriterte eller overhovudet ikkje teke omsyn til. Dette kjem det meir om seinare i kapittelet. Forholdet mellom fotballsupporterane og klubben kan ofte bli oppfatta som tvetydig då mange av supporterane, som Marius her, meiner at det ikkje skal mykje til før dei bli knebla. Medan andre meiner at klubben faktisk tek omsyn til supporterane sine og prøver det beste dei kan for å leggje forholda til rette for supporterane sine. Vidare i avsnittet vil eg prøve å få fram at dette av og til er tilfellet mellom Rosenborgsupporterane og Rosenborg Ballklubb.

Den andre dimensjonen er at sosiale klassar har blitt omkalfatra i forhold til korleis fenomenet og vere fotballsupporter oppstod (Hjelseth 2006). Det var i utgangspunktet menneske frå arbeidarklassen som kalla seg for fotballsupporterar, men denne trenden ser ein ikkje like mykje til i dag. Generelle klasseskilnader er ikkje så artikulerte i egalitære velferdsstatar som Noreg som til dømes i England, derfor er det ikkje like fruktbart å tale om ein arbeidarklasse og ein overklasse her i landet. Likevel blir den autentiske fotballsupporter forventa å kjenne til kodar og uttrykksformer som ein gjeng ut frå at kjem frå arbeidarklassekulturen. Men det som har skjedd er at menneske frå antatt høgare klassar søkjer å leggje til seg desse kodane og uttrykka for å bli lik fotballsupporterane. Slik som Hjelseth har formulert det så strevar dei nedover i klassehierarkiet (Hjelseth 2005). Marius sa at «å vinne tilbake fotballen som en arbeidarklasseidrett er fåfengt». Fotballen har blitt eit globalt fenomen der det er mykje pengar involvert og mange vil påstå at det autentiske ved den har gått i gløymeboka. Likevel har ein eit skilje mellom dei «opphavlege» og autentiske fotballsupporterane, og dei som berre har ei forbigående interesse. Ein kan seie at fotballsupporterar innehar ein spesiell form for kapital om vi nyttar omgrepet i den utvida tydinga det har hos Bourdieu (1984). Vi kan kalle denne forma for kapital for fotballkulturell kapital, et omgrep Hjelseth (2006) nyttar i si doktorgradsavhandling om korleis norske fotballsupporterar forhandlar om kommersialiseringa. Denne typen symbolsk kapital inneber dei uttrykka og kodane ein fotballsupporter sit inne med. Det handlar om kva verdiar dei har, korleis dei uttrykkjer seg, korleis dei kler seg, og liknande. Det er akkurat dette «dei andre» strevar etter, i følge Hjelseth (2005). Desse «andre» blir ikkje sett på som seriøse og autentiske fotballsupporterar, men forbigående interesserte på grunn av fotballens posisjon i underholdningsverda akkurat no. Dersom vi ser på supporterfeltet på Øvre Øst tribunen

på Lerkendal stadion som eit felt i Bourdieu (1984:xxvi) sin forstand, fins det ulike førestellingar å stelle seg til. Det finst ein doxa av handlingar og verdiar om korleis supporterane steller seg til verda ikring seg. Det doxiske blir definert av dei dominerande på feltet, Rosenborgsupporterane i dette tilfellet. Og dersom andre vil vere med i feltet, må dei innrette seg etter kva verdiar og haldningar dei andre har. Samstundes vil heile tida supporterane sjølve forhandle om kva dei rådande verdiane på feltet skal vere frå tid til annan (Hjelseth 2005: 72). Dei opphavlege fotballsporterane har ein habitus som er annleis enn det «dei som strevar nedover» har. Sidan dei som strevar nedover ofte blir sett på som gjennomgåande ikkje interessert i fotball, men vil skaffe seg kunnskapar om korleis det er og vere fotballsporter fordi det er populært heller enn fordi dei verkeleg vil delta og vere med på å lage stemning og heie fram laget. I følgje Wilken (2008) inneber Bourdieu sitt habitus omgrep

individets tilegning av den kunnskap som gjør det i stand til å handle meningsfullt i verden (internalisering av de objektive strukturer), og individets omsetting av denne kunnskapen til praktisk handling (eksternalisering av internaliserte strukturer) (2008:36).

Habitus fungerer som eit filter som skil ut kva for inntrykk ein skal ta til seg, og kva for inntrykk ein skal oversjå. Fotballsporterane tek til seg inntrykk tufta på ein arbeidarklassementalitet til dømes, og faktorar som lojalitet og solidaritet, stoltheit og kjærleik til klubben er viktig for dei. Kollektivitet er òg eit særskilt viktig element for supporterane, då det er som ein samla gjeng dei opptre, ikkje individuelt. Dette er verdiar som ein supporter har opparbeida seg etter mange års engasjement og lidenskap til sin klubb. Her fungerer ikkje kapitalen som eit middel til eit anna mål, som det heller kan fungere som hos sponsorane til Rosenborg. Men sponsorane og investorane til Rosenborg legg ofte ikkje pengar i klubben for å få noko igjen sjølve, i form av kapital. Ofte er det til dømes for å oppnå ein viss status, oppsamling av sosial kapital eller marknadsverdi at dei investerer i store klubbar. Eit eksempel på dette er Kjell Inge Røkke i Molde, og Roman Abramovitsj i Chelsea. Dersom eit firma legg pengar i ein klubb, kan til dømes fotballstadion få namnet til sponsorane, og dette ser vi hjå mange klubbar i Tippeligaen. Eksempel er Telenor Arena som er stadion til Stabæk og Colorline Stadion som er stadion til Ålesund. Det er her forhandlingar om identitet og verdiar dukkar opp, noko som både skjer innan supportergrupperinga, men òg i deira møte med desse menneska med sansen for kapital. Desse møta og forhandlingane skjer innanfor eit bestemt felt, der habitus vil danne bakgrunnen og ramma for dei som deltek i praksisen (Wilken 2008:38). Wilken skriv vidare at «agenter deltar nemlig i følgje Bourdieu i en rekke sosiale kamper om innflytelse og kapital, som utspiller seg innenfor spesifikke og relativt autonome

områder, som verken er basert på de samme prinsippene eller har det samme utbyttet» (Wilken 2008:39). Det er nettopp det som skjer mellom fotballsupporterar og investorar eller andre mektige med kapital som involverer seg med fotballklubbane.

Geertz skriv korleis hanekampar på Bali kan atterskape korleis samfunnet er strukturert på øya. Geertz (1993) skriv “ [...] a metasocial commentary upon the whole matter of assorting human beings into fixed hierarchical ranks and then organizing the major part of collective existence around that assortment” (1993:448). Ein kan finne eit hierarki der menneske er rangert alt etter kor involverte dei er i hanekampane. Lågast er dei som ikkje involverer seg i det heile, og høgast er dei som satsar store pengar på det og som brukar svært mykje tid på det. Men for at dei høgaste rangerte med pengar og sterk interesse skal få godkjenning, må dei lågare nede på rangstigen godkjenne dei. Her er det eit motsetnadsforhold mellom dei høgt oppe i hierarkiet og dei lågt nede, akkurat slik kan ein sjå på forholdet mellom fotballsupporterar og investorar. Investorane er dei med pengar og dei som gjer seg merka ved og blant anna spytte inn milliardar av kroner til bygging av ein ny fotballstadion. Samstundes må investorane få godkjenning frå fotballsupporterane som stend for noko av det viktigaste på stadion, stemninga. Dersom det ikkje kjem folk og ser på kampane, kan stadion vere så fin og stor den berre vil. Derfor må ein ha eit gjensidig forhold mellom dei med pengar og makt, og dei som gjer sitt beste for å skape ei best mogleg ramme rundt kampane, fotballsupporterane. Til trass for at Rosenborg Ballklubb er ein stor og mektig fotballklubb i norsk målestokk, har dei greidd å bevare eit gjensidig forhold til sine supporterar, blant anna ved å reservere eine kortsida til supporterklubben Kjernen, og ikkje minst å la dei få opne Kjernepuben like bak Øvre Øst tribunen. Dette er med på å skape trivsel og ein sosial rame rundt kampen, noko som mange supporterar trekkjer fram som eit viktig element i deira fotballoppleving. I møtet mellom investor og fotballsupporter vil det heile tida gå føre seg ei forhandling av begge partane sine identitetar og det av meiningar som interaksjonen og ramma rundt den utgjer (Hjelseth 2006:129). Ei forhandling der det må bli ei form for sameining mellom investorane og fotballsupporterane dersom det gjensidige forholdet skal haldast ved like. Dermed vil dei ulike interessene bli meir gjensidig utfyllande og gjensidig avhengig av kvarandre enn motstridande i mange tilfelle, sjølv om det ofte kan oppstå konflikhtar i forhandlingane mellom dei ulike partane. I møtet mellom dei pengesterke og fotballsupporterane gjeng det føre seg ei stadig pågåande forhandling om korleis begge sine interesser skal takast i vare.

Brøgger skriv at «i det rolleteoretiske språk sier man at visse forhold overkommuniseres og andre forhold underkommuniseres. Det er her i virkeligheten tale om en kunst som vi vanligvis omtaler som taktfullhet» (1999:54). Det vil seie at i møtet mellom dei pengesterke og fotballsupporterane vil begge partane vete kva dei skal ta opp og snakke om, og kva dei ikkje skal snakke om i det heile. Dei veit òg at det er visse forhold dei må lukke augo for å unngå, samt at dei

veit veldig godt kva dei faktisk kan bidra med (Brøgger 1999:ibid.). Dette skjer i ein sosial interaksjon mellom to partar, og dei vil derfor ofte kunne unngå konflikhtar og heller fokusere på kva dei kan gjere betre for kvarandre. Slik er fotballen lik den konsensus-modellen ein ofte finn i næringslivet og arbeidslivet i Noreg og Norden elles (Dahl-Jørgensen 2003). Det betyr ikkje at det ikkje finst motaksjonar frå supporterane sitt hald mot kommersialiseringa og store aktørar. Motaksjonar mot dei store mediaselskapa som viser fotballkampar i vekedagane er eit døme på dette.

«Fotball skal spilles i helgen»

Dette er ein aksjon som mange supportergrupperingar i Noreg sluttar seg til i samband med Norsk Supporterallianse, som er ein interesseorganisasjon for alle fotballsupporterar i Noreg. Den har sitt opphav i Italia, og spreidde seg vidare til blant anna England der den blir kalla for «Against modern football» (Against Modern Football). Aksjonen handlar om den berykta medieavtalen som har å gjere med kven som skal sende Tippeligakampane på fjernsynet, og korleis TV-selskapa betalar milliard beløp for å få rett til å sende desse kampane. At serierundane blir frå fredag-måndag er veldig ugunstig for supporterane, spesielt dei som ynskje å reise på borteturar for å støtte laget sitt. Då må mange ta seg fri frå arbeid både den dagen det gjeld for og rekkje fram i tide, og dagen etter for å rekkje heim igjen. Roger seier dette når eg spør om han støttar aksjonen, «Ja! Jeg bruker 5 timer i buss en vei til nærmeste bortekamp. Å kombinere kamper i ukedagene med full jobb er umulig da [...]». Når han seier at han bruker fem timar i buss til næraste bortekamp, er det snakk om dei 5 timane det tek å køyre til Molde, som er den næraste bortestadionen. Same gjeld ved flytting av kampar. Supporterane krev at det skal vere ein viss frist på dette slik at ein likevel i god tid kan planleggje å reise på borteturar, spesielt med tanke på bestilling av transport på førehand og liknande. Dette vil ikkje vere mogeleg dersom ein flyttar kampar med under to vekers varsel.

Marius sa dette om medieavtalen og aksjonen, «selv om jeg aksepterer at fotball har blitt en salgsvare mener jeg det må finnes noen absolutter som ikke kan røres. Det å selge klubb eller stadionnavn er et slikt absolutt, og fotball i helga er et annet» Han meiner at som supporter har ein lov til å sette ulike krav i og med at ein legg ned ein god del arbeid i det å vere ein aktiv supporter, og at fotball i helgen er eit av desse krava. Blant fotballsupporterar blir fotballen og enkelte prinsipp i det heilage verna om. Desse tinga omtalar ein som absolutter, og for ein Rosenborgsupporter kan det dreie seg om ei spesiell drakt, klokka som stod i klokkesvingen og liknande. Det varierer mellom supporterane kva som er heilage for kvar enkelt, men dersom du har vore fast inventar på den respektive stadion i nokre tiår, vil andre ting vere heilage for deg enn for ein supporter som berre har vore aktiv og engasjert i nokre få år. Tendensen er altså at dess lenger du har vore aktiv og

engasjert, dess meir erfaring, kjennskap og kunnskap har du opparbeida deg, dess fleire «ting» blir heilage. I Mary Douglas (1966) sin forstand blir desse heilage og reine tinga som stadionnamnet og spelarskjorta besludra av marknadskreftene ved at namnet på stadion blir namnet til sponsoren med pengar, og spelarskjortene blir nedlest med reklamelogoar. Ein mogleg grunn for at Marius tok opp akkurat dette med stadionnamn kan vere fordi at Rosenborg sin fotballstadion er ein av dei få store stadionane i landet som framleis heiter det same, og ikkje har skifta namn etter ein sponsor.

Lerkendal stadion er meir autentisk enn Telenor Arena til dømes, og det er nettopp det som er viktig for supporterane, og halde på det autentiske. Men her kjem altså marknadskreftene inn i bilete og utfordrar supporterane og deira maskuline og autentiske tribunekultur.

I løpet av fjorårets sesong hadde Rosenborg ein del kampar utanom helga, det vil seie kampar som blir spelt på måndagar spesielt. Dei spelte sju kampar utanom helg i fjor, derav fem måndagskampar, ein på torsdag og ein på fredag. Mange av kampane blei òg flytta frå helga til måndag og fredag, noko som førte til boikotting av turar, tap av inntekter for Kjernen og mindre støtte til Rosenborg på bortebane. Boikotting av turar har det blitt ein del av, både varsla som ved måndagskampar og meir spontant etter flytting av kampen, som til dømes bortekampen mot Lillestrøm som blei flytta frå helga til ein fredag. Dette har økonomiske konsekvensar for Kjernen, spesielt sidan Kjernen slit økonomisk, og å samle inn pengar for å betre situasjonen er vanskeleg nok frå før. Det har i år berre blitt køyrd tre organiserte turar, til Molde, til Oslo og til Ålesund, men sistnemnde var sponsa av hovudsponsoren og dermed gratis for alle Kjernen sine medlemmar. Dette mest på grunn av liten interesse for å dra på tur, men moglegvis òg på grunn av den økonomiske situasjonen til Kjernen. Det vil ikkje lønne seg og køyre ein halvfull buss for Kjernen, og det vil bli dyrare for dei som vil vere med. Så lenge det økonomiske ikkje er på plass, vil heller ikkje prisane bli mindre og dermed vil det koste litt å reise på tur sjølv om du er medlem av Kjernen (Fotballihelgen).

Hovudargumenta til supporterane er dårlege vilkår for dei som vil følge klubben sin, dårleg økonomi for klubbane og svekka ramme rundt fotballkampane med tanke på publikumssvikten på fotballarenaane i landet (Fotballihelgen). Dess mindre publikum det kjem på stadion, dess meir tapte inntekter betyr det for klubbane. Konkurstrua klubbar er ikkje noko nytt. FK Lyn blei degradert i fjor på grunn av konkurs og fleire klubbar har vore i faresona. Med medieavtalen har klubbane gått ut med eit enormt budsjett, og det kan sjå ut som om dei einaste vinnarane av det er dei spelarane og trenerane som får høgare løn. Mange klubbar gjeng i underskot når rekneskapan skal takast i slutten av året har det vist seg. Når det gjeld Rosenborg og deira budsjett, legg dei opp til å hevde seg ute i Europa og at det skal kome inn litt pengar der. I år har laget svikta totalt ute i Europa, i serien og cupen, og alt i alt fører dette til underskot i budsjettet. Det at mange lag opplev ein sterk publikumsnedgang på sine arenaer, hjelp heller ikkje på det økonomiske. Mange gongar i

løpet av 2011 undra eg meg ofte over kor lite menneske det var på Lerkendal i forhold til dei offisielle tilskodartala som blei lest opp via høgtalarane. Ein kunne tydeleg sjå at det ikkje var over 10.000 på tribunene sjølv om talet dei gjekk ut med var godt over 10.000. Det som skjer er at dei ikkje trekkjer frå alle dei med sesongkort som ikkje møter opp på stadion, og dermed blir tala feil i forhold til det ein kan observere på tribunene. Tilskodarnedgangen har nok med medieavtalen og gjere, det er lettare og sete heime og sjå kampen direkte, spesielt dersom vêret ikkje er heilt på topp eller liknande. Det er òg billigare so lenge kampane blir vist på gratiskanalar som TV2 og TV2 Zebra. Men likevel, dette er menneske som moglegvis hadde tatt turen på stadion ein gong i blant dersom kampen ikkje blei vist på tv. Men det er klart at det er forskjellar på dei som gjeng på kamp ein gong i blant og dei som er fast inventar og har vore det i mange, mange år. Men denne medieavtalen gjeld både aktive og mindre aktive supporterar. Den gjeld alle som vil følge klubben sin, både heime og borte, men som får avgrensa høve til dette på grunn av medieavtalen og dei ulike og ugunstige tidspunkta kampane blir spelt på. Dersom du bur eit godt stykke utanfor Trondheim, tek det deg gjerne ein-to timar og køyre til Lerkendal. Dersom kampen byrjar klokka 20 og sluttar klokka 22, er du kanskje ikkje heime igjen før rundt midnatt, og moglegvis har du ein jobb som byrjar klokka 07 måndagsmorgon. Mange har eit ynskje om og take med seg barna sine på kamp, men med kampar som startar klokka 20 og sluttar klokka 22 er dette svært ugunstig. Børre sa dette om stoda si, «jeg har et ønske om at min datter skal få være med hit men vi har en avtale om at hun kun får lov til å være med de dagene det er fridag og kampen begynner klokken 18. Det her er første muligheten i år, og da er hun på ferie». Denne samtalen her hadde vi før ein kamp i sumar, og kampen starta tilfeldigvis klokka 18 på ein søndag, men då var dottera hans på ferie då anledninga bydde seg for å få vere med pappaen sin på fotballkamp. Det Børre illustrerer her er typisk for mange fotballsupporterar med familie.

Medieavtalen er noko supporterane har reagert veldig sterkt på, og har gjennom heile årets sesong aksjonert på varierende nivå. På heimekampane skjer det på følgjande måte; alle på Kjernetribuna sett seg ned og er heilt stille i dei ti første minutt av kampen, ingen flaggar, syng eller hoppar. Det einaste bannaret som blir vifta med er bannaret for aksjonen som viser ein hammar som slær sundt eit fjernsyn. Symbolet viser tydeleg ein avsky mot makta media har fått når det kjem til ting som medieavtalar og å tene store pengar på å gjere det på deira måte heller enn å gjere vilkåra betre for supporterane som stille opp kvar søndag på dei respektive fotballarenaene. Hammaren som slær sundt fjernsynet symboliserer supporterane som det heile gjeng utover, mens fjernsynet symboliserer dei med store pengesummar og makt til å gjere det på sin måte for å tene mest mogleg på det.

FOTBALL SKAL SPILLES



I HELGEN

Figur 10- Aksjonsmerket som ein har på banner under aksjonering (Illustrasjon: Fotballihelgen.no).

På bortekampane blir det total boikott frå mange av supporterklubbane som er med på aksjonen, men ein har likevel anledning til å dra på kamp for og sjå laget sitt, men det er då uorganisert. Det blir heller ikkje sal av supportereffektar på kampdagen ved bortearenaen. Dei som tek turen blir oppmoda til å syne aksjonsflagget eller bannaret som det einaste visuelle. Dette for å syne Noregs Fotballforbund at dei ikkje godtek det som skjer og at dei krev forandringar. Det er tross alt viktigare å ha mykje folk på stadion enn at dei set heime i sofaen sin og ser på fotballkampen, spør mange seg. Eg spurde Martin om han sitt syn på aksjonen og om han støtta den;

selvfølgelig, men at kamper spilles på andre dager er et resultat av kommersialiseringen.

Kamper skal spilles når folk flest har anledning til å gå på kamp, og hvis TV sender kamper uten supportere, leverer de ikke et så godt produkt som de ellers kunne.

Han snakkar her om at dersom TV-selskapa sendar kampar utan tilstrekkeleg stemning og publikum, er ikkje produktet så bra som det kunne ha vore, i motsetning til om ein hadde sendt ein kamp frå Lerkendal som gjekk klokka 18, mot til dømes Molde eller Lillestrøm. Mange meiner at å vere stille i ti minutt ikkje førar til noko som helst, at ein må ta sterkare verkemiddel i bruk for å oppnå noko. Det er her tale om total boikotting av både borte- og heimekampane.

Supporterane vil vere i eit slags ambivalent forhold til kjærleiksobjektet sitt, som i dette tilfellet

er Rosenborg Ballklubb. Boikottinga gjer at motstridande kjensler dukkar opp hos supporterane. På ei side vil dei sjølvsagt vere til stades på kvar ein kamp for å støtte laget sitt, men på ei anna side gjer jo medieavtalen sitt til at vilkåra for supporterane på langt nær blir optimale. Det er då snakk om flytting av kampar, endra kamptidspunkt og lange reiser der ein må take seg fri frå jobben for og vere med på.

I psykologisk antropologi blir forhold som er prega av ambivalens ofte unngått (avoidance) (Brøgger 1999:91). Brøgger omtalar reaksjonen som ein del av det kvardagslege rollespelet til menneske, og illustrerer med eit eksempel frå Etiopia der svigerfar og svigerson endar opp med å ha eit ambivalent forhold til kvarandre. Eit vanleg forhold mellom svigerfar og svigerson er i det daglege ikkje ambivalent, men når det er snakk om til dømes brudeprisen, blir det raskt det. Då utfordrar svigersonen autoriteten til svigerfaren, og dermed kjem ambivalente kjensler til syne. Brøgger skriv at «den intime relasjonen er med konen, autoritetsrelasjonen til svigerfaren, men gjennom svigerfarens nære forhold til sin datter blir han i følelseslivets logikk identifisert med henne» (Brøgger 1999:92). Liksom at ein Rosenborgsupporter i det lengste vil prøve å unngå ein boikott, vil svigersonen i det lengste unngå og hamne i eit ambivalent forhold med sin svigerfar. Korkje Rosenborgsupporteren eller svigersonen har i det daglege problem med dette forholdet, men som det kjem fram av teksten dukkar kjenslene av og til opp.

Hittil har Kjernen kompensert litt i forhold til dette med boikotting av kampar på Lerkendal spesielt. Dei aksjonerer i ti minutt, men til gjengjeld held dei trykket til dei grader oppe i dei siste 80 minutt av kampen. Mot at det er stilt i ti minutt, blir lyden merkbar betre, høgare og til glede for både ein sjølv, spelarane og eigentleg heile Lerkendal stadion, når supporterane byrjar å syngje, hoppe og flagge igjen. Midtbaneankeret Markus Henriksen uttalte til Adresseavisen at det alltid er betre å spele dei siste 80 minutta av kampen det er boikotting i, samtidig som spelarane og apparatet rundt Rosenborg har full forståing for kvifor Kjernen aksjonerer og at det ikkje har noko med fotballklubben å gjere (Rise 2011).

Ein total boikott av heimekampane utanom helga hadde nok satt sine spor på Lerkendal, då det ikkje fins verken entusiasme, engasjement eller stemning andre stadar enn oppe på Øvre Øst tribunen, og boikottar alle der kampane, blir alt dette borte og Lerkendal Stadion stend igjen som ein «spøkelsesstadion». Dette er slik mange Rosenborgsupporterar ser på Lerkendal stadion uten ei livleg Øvre Øst tribune, men mange nøytrale supporterar meiner at det ikkje blir slik. Det vil fortsatt vere noko liv og ståk ved store sjansar og ved mål. Mange hevdar at ein total boikott er for drastisk og har førebels lagt diskusjonen i grus, og seier at «Troillongan», Rosenborglaget sitt kallenamn, treng vår støtte meir enn nokon gong no i desse harde fotballtider. Likevel vil nok aksjoneringa fortsette til det skjer noko, kanskje i aukande grad, eller som den er no, det vil tida vise. I september månad i fjor uttalte sportssjef i Canal Plus, Kenneth Fredheim, at kanalen vil splitte opp

søndagsrunda når dei no overtek TV-rettighetene frå og med 2013. Kva tidspunkt kampane vil bli spelt på er førebels usikkert, men han seier at deira fokus ligg på å sende kampar i helga (Herrebrøden & Skaret 2011). Landet sin skare av fotballsupporterar reagerte ulikt, nokon meinte at dette var endå eit stikk, mens andre meinte at det var forbetring i forhold til korleis det er i dag med kampar frå fredag-måndag. I denne saka om medieavtalen er det mange aktørar med innflytelse som skal samverke. Sponsorar og media er dei med pengane, klubben får pengane sine derfrå mens spelarane får pengane sine frå klubben. Fotballforbundet fungerer som ei rettesnor for ulike reglar og sanksjonerer dersom reglar blir brote. Så har du supporterane til slutt, som til tider blir plassert nedst på rangstigen av aktørar med makt og innflytelse. Det er ikkje nødvendigvis snakk om ein rangstige, men for å illustrere betre nyttar eg denne metaforen. Fotballsupporterane har få midlar å take i bruk for å få fram sitt eige budskap. Dei kan aksjonere, skrive beskjedar på flagg og banner, samt dei kan engasjere seg politisk både i Rosenborg og i Kjernen. Elles har faktisk supporterane litt makt i det at dei er konsumentar av varen fotball, samt at dei har symbolkapital (Wilken 2008:39). Kommersielle aktørar vil tene mest mogleg pengar på å få ut varen til massane, og ved å få eit betre produkt å selje, vil det trekkje til seg større mengder menneske. Når dei autentiske og aktive supporterane lagar liv og røre på tribunen, vil produktet bli betre enn om dei ikkje er tilstade vil mange argumentere for. Derfor kan moglegvis dei kommersielle aktørane vere avhengig av dei autentiske og aktive supporterane på grunn av deira posisjon som konsumentar og det at dei har mykje symbolkapital. Denne forma for kapital er ettertrakta hos kommersielle aktørar fordi det i stor grad er den som skil dei frå fotballsupporterane.

Sponsorane er dei som investerer i klubben. Det er ofte snakk om store pengesummar og då er det lett for at det er dei som har den største makta til og avgjere saker og ting. Media er ein stor kommersiell aktør i dette maktspelet. Det er gjennom media at fotballen kjem ut til massane, og det er gjennom media dei store TV-selskapa tener store pengar, noko som viser seg ganske klart gjennom til dømes kor mykje pengar som er i omløp når retten til å sende norsk og engelsk fotball på TV skal kjøpast og seljast.

Supporterar versus klubben; kven sine interesser blir prioritert?

Noko som kjem med den aukande kommersialiseringa rundt fotballen er dette med kven sine interesser som kjem til syne. Det ser du raskt om du nokon gong har vore på ein fotballstadion. Der er det sponsorane sine interesser utan tvil som regjerer. Ein fotballstadion er overfylt med sponsorreklamer, det same er til dømes spelardrakta. Mange supporterar synes dette er synd, dei vil jo i all hovudsak at klubblogoen skal visast godt og vil ha ei rein og fin drakt, noko som omtrent er umogleg. Kvar lag har som regel ein hovudsponsor framme på drakta og ein på baksida på drakta,

samt nokre småsponsorar elles på drakta. Marius uttrykte seg slik når vi snakka om spelardrakta og reklame, «Vi bryr oss først og fremst om verdispørsmål i klubben. At de ikke lesser ned drakta med reklame er en slik sak, der de selvfølgelig vil tjene mest mulig pengar og vi ønsker ei ren og pen drakt som fremhever klubbfarene». Men det meiner han at ei spelardrakt skal bere fargane og logoen til klubben, ikkje noko anna. Ei spelardrakt er i dag nedlest med reklame frå ende til annan. Det har faktisk vore vanleg med reklame på spelardraktene sidan 1970-talet (Hjelseth 2006), men då kommersialiseringa gjorde sitt inntog har det auka i stor grad i forhold til før. Det heng truleg saman med at dei største kampane ofte blir vist på TV i beste sendetid, og det er då sponsorane ser sitt snitt til og tene mest mogleg pengar. Rosenborg har vore Noregs største fotballklubb i fleire tiår, og ein attraktiv klubb å sponse eller drive med reklameverksemd igjennom. I 2001 ytra Kjernen motstand mot korleis spelartrøyene til Rosenborg såg ut, med fleire fargerike logoar enn tidlegare. Supporterane meinte at det blir vanskelegare og bere spelardrakta med ærefrykt og stolthet på same måte som ved ei rein drakt der fokuset er på klubbfarene og logoen. I denne samanhengen blei Kjernen sensurert i sine ytringar fordi dei ytra meiningar som var annleis enn dei meiningane Rosenborg hadde (Kjernen.com, c).

Her kjem vi igjen inn på dette med det heilage og det reine versus det ureine og ikkje-heilage. Spelarskjorta med Rosenborglogoen på er heilage for veldig mange supporterar. Dei vil helst at drakta skal vere rein, det vil seie fri frå reklame. Men dette vil nærast vere urealistisk i dagens fotballverd, med tanke på at reklame er ei stor inntektskjelde for mange sponsorar. Så, kvar gjeng grensa for når ei drakt er rein versus urein i dagens fotballverd? Ei drakt fri for reklame kan ein sjå lenge etter, men kva med ei drakt med redusert mengde reklame på? Berre hovudsponsorane til dømes? Ville ei drakt med berre reklame frå to-tre hovudsponsorar òg verte sett i kategorien urein? Dette er eit tema som mange fotballsupporterar har ganske så ulike svar på. Nokon vil ha ei drakt med berre klubblogoen på og der fargane til klubben er i hovudfokus, mens andre gjerne syns at noko reklame er greitt. Det er vanskeleg og drage ei grense for kva som er reint versus ureint her, mest fordi det fins så utruleg mange meiningsaspekt. Det einaste ein kan vere einige i er at slik som dei aller fleste klubbdraktene er i dag, er dei for lessa ned med reklame og rimeleg langt frå å bli kategorisert som rein.

Supporterane har frå tid til annan eit budskap dei gjerne vil ha fram, og einaste måten å få det fram på er ved å lage eit banner eller eit flagg med skrift på. Dermed blir eit banner laga med skrift på og den blir hengt framføre tribuneseksjonen til Kjernen. Men, om det heng i vegen for sponsorane sine reklamer, blir det beordra flytta og Kjernen får kjeft for å dekkje til sponsorane sine interesser. Det har blitt fortalt at slikt noko har skjedd på Lerkendal minst ein gong. På mange måtar er det vel slik at Sparebank-1 og Rema1000 har investert mykje meir i klubben enn det mange supporterar har gjort, økonomisk sett. Likevel meiner mange at supporterane òg burde få eit høve til

og uttrykkje sine meiningar utan at dei blir forsøkt knebla, deriblant ein del av informantane som òg engasjerer seg i det klubbpolitiske i Rosenborg. For kva hadde ein fotballkamp vore utan supporterane? Korleis hadde det vore og reist på kamp på Lerkendal Stadion utan ei full Øvre Øst tribune med syngjande, hoppande og engasjerte supporterar? Her kan ein skilje mellom supporterane si meining, og korleis ein meir nøytral person hadde oppfatta det. For ein supporter hadde stemninga ikkje vore tilstade utan grupperingar som Kjernen og Ultras Nidaros, mens for ein nøytral person hadde moglegvis ein fotballkamp vore ein fotballkamp anten grupperingane hadde vore aktive eller ikkje. Poenget er at det ikkje alltid har vore ståande, syngjande supporterar på landet sine fotballstadionar, men det likevel har blitt spelt fotball og folk har møtt opp for å sjå på. Supporterane legg mykje arbeid i og vere aktive, kanskje ikkje like mykje økonomisk for alle, men det engasjementet, den entusiasmen og den kjærleiken ein kan finne hos mange, er det få eller ingen som kan måle seg opp mot. Som informanten Roger beskrev til meg, «Det er klubben vår. Det er kjærligheten vår», og då snakkar han om sitt forhold til Rosenborg Ballklubb. Der har ikkje sponsorane mykje å stille opp med. Pengar kan ikkje kjøpe engasjement, entusiasme og kjærleik til klubben, sjølv om enkelte sponsorar og investorar påstend at dei bryr seg om klubben. Her har vi igjen poenget med at sponsorane søker å oppnå same type symbolsk kapital som supporterane har, moglegvis for å styrke sin sosiale posisjon i fotballkonteksten. Sjølv sagt veit ein at det økonomiske må til for at spelarar skal kome til og for at klubben i det heile skal overleve, men det er feil at det i all hovudsak skal handle om pengar. For det gjer ikkje fotball, fotball handlar om kjensler, engasjement og kjærleik som gjeng langt utover det ein investor eller ein sponsor er opptatt av, eller bryr seg om.

Ved andre tilfelle har bannerar blitt fjerna, til dømes etter fotballstreiken i 2002 då Kjernen demonstrerte med å hengje opp eit banner med teksten «Ut av NISO-nå!» Saman med denne episoden og episodar frå tidlegare, toppa det seg i 2005 då Tifo Trondheim, gruppa med supporterar som kjem saman og teiknar, målar og lagar bannera, flagg og liknande visuelle effektar, som nyleg var blitt starta opp blei sensurert og nærmast trakassert av dei arrangementsapparatet til Rosenborg under heimekampane på Lerkendal. Kjernen reagerte med og vere still dei første femten minutta av heimekampen mot Real Madrid. Dette fekk konsekvensar då arrangementsansvarleg i Rosenborg sa opp få dagar seinare (Kjernen.com, c).

Rosenborg Ballklubb har tradisjonelt sett vore ein open og folkeleg ballklubb der ein har som prinsipp og vere open og tilgjengeleg for supporterane. Dette er blant anna manifestert i klubbhuset Brakka, der kven som helst kan kome inn. Mange Rosenborgsupporterar er òg medlemmar i Rosenborg Ballklubb, og deltek på medlemsmøter og årsmøter i forbindelse med fotballklubben. Mange av dei same er medlemmar i Kjernen, mens mange ikkje er det. Dei som er medlemmar i ballklubben har interesser for korleis klubben blir driven og kva som skjer inne i klubben, og

sjølvsagt støttar ballklubben økonomiske med medlemskontingent. Her ser vi ein kombinasjon av ulike roller for Rosenborgsupporterane. Nokre er medlemmar i Rosenborg Ballklubb, andre er medlemmar i Kjernen, mens andre igjen er begge deler. I enkelte situasjonar kan dette føre til eit rolledilemma for den det gjeld, spesielt dersom ein supporter berre er medlem i Rosenborg Ballklubb og ikkje i Kjernen, og omvendt. Ein situasjon der eit rolledilemma kan vise seg kan til dømes vere når ein medlem av både Kjernen og Rosenborg Ballklubb skal legge fram noko på medlemsmøtet først for Rosenborg og deretter for Kjernen. Supporteren vil moglegvis legge saken fram på to ulike måtar, ein måte tilpassa medlemmane i Rosenborg og ein måte tilpassa medlemmane i Kjernen. Framføre Rosenborg vil moglegvis supportereren sin åtferd vere meir formell og seriøs enn framføre Kjernen. Det treng sjølvsagt ikkje vere slik, men det er eit mogleg scenario. Her er det eit poeng at Kjernen per definisjon er uavhengige supporterar i forhold til Rosenborg, og at relasjonane enkelte gongar kan bli oppfatta som ambivalente. Men ved å vere uavhengige av klubben, insinuerer Kjernen at dei handlar og uttrykkjer seg på egne vegne og at dei er i eit uavhengig forhold til Rosenborg. Ein bedriftsleiar vil opptre sameleis framføre eit styre samanlikna med framføre arbeidarane på golvet, han vil ikkje ha same åtferda begge stadane i og med at det er ulike menneske han har med og gjere. Sameleis vil gjelde denne supportereren som både er medlem av Rosenborg og i Kjernen. Dette med rolledilemma hos ein fotballsporter er interessant, spesielt i 2011-sesongen som har vore ein bølgedal for Rosenborg. Mange av supporterane har krevja at både den eine og den andre i styret til Rosenborg skulle gå av. Spesielt har dette gått utover sportsdirektør Hoftun som dei meiner er ansvarleg for ein halvgod spelarstall og med følgjande halvgode sportslege resultat. Hoftun har ikkje gått nokon stad, men det har der i mot tidlegare dagleg leiar, Nils Skutle då han tidleg i haust sa frå seg stillinga si. Poenget er at mange supporterar som både er sterkt engasjert i Rosenborg og i Kjernen kanskje kan ha problem med å stelle seg til både klubben og supporterklubben i slike saker der kritikken er ganske hard og sterk mot styret i klubben. Styret sjølv står kvarandre kjem det fram i media og i intervju med både hovudtrenar Jønsson, sportsdirektør Hoftun med fleire.

Rosenborg Ballklubb har vore ein klubb der foreiningsmodellen har passa fint, det vil seie at klubben er ei idrettsforeining der fokuset er på å dyrke fram lokale spelarar, trenarar og andre i nettverket med god kompetanse i faget. Pengane har rolla som eit middel, ikkje som eit mål. Målet her er gode idrettsprestasjonar (Gammelsæter & Ohr 2001). Den andre typen modellen ein kan finne blant klubbar i norsk fotball er investormodellen, som er stadig meir vanleg i desse kommersialiseringstidene. Investormodellen har i motsetnad til foreiningsmodellen pengar som eit mål og gode idrettsprestasjonar som middelet til å oppnå dette. I denne modellen vil investorane ha avkasting på det dei har investert i fotballklubben, sjølv om dei hevdar at dei bryr seg om klubben (ibid.). Dette er det svært mange fotballsporterar som ikkje er eining i, dei meiner at investorane

sin omsorg har store avgrensingar når det er store pengebeløp inne i bilete. For ein investor med mykje pengar er det mogleg å kjøpe seg kompetanse, men mange vil hevde at kompetanse er unik og kan ikkje flyttast på. Men likevel er det truleg grunnen i følge Gammelsæter og Ohr (2001) til at vår litle nasjon Noreg kan hevde seg i ein så stor og kommersiell idrett som fotballen faktisk er, at ein kan flytte på kompetente aktørar for å hente inn god kompetanse på faget. Enkelte fotballklubbar bytte ofte trenarar eller andre medlemmar i og rundt klubbens støtteapparat, og det er nettopp det som blir gjort då, ein hentar inn ekstern kompetanse for å heve idrettsprestasjonane som skal gjeve pengar i kassa og avkastning til investorane. Det som ofte skjer då, er at kontinuiteten i laget eller i klubben blir mindre grunna hyppige utskiftingar.

Max Weber skriv at

ein kvar refleksjon over grunntrekka ved menneskes meiningsberande handling knytt seg først og fremst til kategoriane «mål» og «middel». Når ein i det konkrete liv strevar til noko, er det enten «for eigen skuld» eller som eit middel til å oppnå det ein til sjuande og sist har som mål
(2000:162).

Her kan ein drage parallellar til foreiningsmodellen versus investormodellen. Ein fotballklubb som vel og behalde foreiningsmodellen vil i større grad streve etter noko «for eigen skuld» heller enn et middel for å oppnå eit mål, som fotballklubbar med investormodellen heller vil tenkje. Dei mindre klubbane i Noreg med mindre pengar og mindre handlingsfridom er i større grad prega av å nå eit mål for målets skuld. Ser ein på storklubbane i Noreg, som til dømes Rosenborg og Vålerenga, er det i større grad pengane som er målet. Samstundes er det òg slik at Rosenborg Ballklubb i størst mogleg grad søkjer og behalde sin folkelege sjel og set fortsatt verdiar som det og vere folkeleg og opne høgt. Slik som fotballen har utvikla seg vil dei fleste fotballklubbane vere litt av begge delar, forsøkje og behalde foreiningsmodellen i størst mogleg grad sjølv om pengar har meir og meir og seie, og ein ser klare dragningar mot investormodellen. Det er nemleg slik i dag at mange representantar frå investorane til dei største fotballklubbane faktisk sit i fotballklubbens styre, for å betre kunne representere deira egne interesser. Rosenborg har mange tilsette i den kommersielle avdelinga i klubben, der dei tilsette har stillingstittel som partner- og VIP-ansvarleg. Deira jobb handlar om og sjå til at partnerane får den beste oppfølginga og at deira interesser stend i samsvar med det Rosenborg Ballklubb føretek seg. Generelt er den kommersielle avdelinga i Rosenborg Ballklubb ganske stor med heile 26 tilsette (Rbk.no, d). Til samanlikning med Aalesunds Fotballklubb har dei til saman ein administrasjon på 15 tilsette (Aafk.no). Det er tydeleg her at ein har gått meir og meir over frå og vere eit idrettslag til å bli ein idrettsbedrift der pengane er det

viktigaste. Ein kunne lese i Adressa om at det er aktuelt at multimillionær Ivar Koteng kan vere aktuell å bli velt inn i Rosenborg sitt styre ettersom Terje Svendsen gjekk av tidlegare i haust (Saltbones & Sagbakken 2011). Ivar Koteng er eigedomsmeklar og har nok stor interesse av og sitje i styret til Rosenborg i og med at dei har fått klarsignal for å starte bygginga av eit nytt hotell på Lerkendal. Men igjen er dette eit eksempel på overgangen frå å vere eit idrettslag tufta på foreiningsånda og til å bli ei bedrift tufta på pengeinteresser i mykje større grad.

Weber skriv vidare at vi skal vere i stand til å fastslå kva slags middel som er best egna til oppnå det bestemte målet vi har, og at vi kan bedømme om det er praktisk mogleg å gjennomføre det eller om det er meiningslaust under dei gitte forholda ein har (Weber 2000:162). Her er det òg snakk om kven sine interesser ein skal ta utgangspunkt i, investorane (investormodellen) eller fotballklubben (foreiningsmodellen). Båe har ulike interesser og ulike middel for å nå det bestemte målet. Målet til foreiningsmodellen vil ikkje vere godt nok for investormodellen, mens investormodellen sitt mål ikkje vil vere oppnåeleg for foreiningsmodellen. Dersom foreiningsmodellen legg fram sine interesser vil det i større grad gagne fotballsupporterane enn det interessene til investorane vil gjere. Investorane vil tene mest mogleg pengar. Dei gjer då fotballen meir og meir om til ei vare der alle som kjem på stadion eller følgjer med på fotball blir konsumentar. Det er heilt klart at frå ein fotballsupporter kontekstuell posisjon er det overhovudet ikkje ønskeleg med ein investormodell i fotballklubben. Samstundes er mange supporterar innforstått med at klubben må tene pengar for å overleve, og for å greie å kjøpe gode nok spelarar som kan heve idrettsprestasjonane. Slik det til dømes er for Rosenborg Ballklubb i dag, er det store pengebeløp inne i bilete, og då kan ein undre seg over kven som har størst makt når det kjem til det økonomiske og kven sine interesser klubben i størst grad skal ta omsyn til. Weber definerer makt som «et eller fleire menneske sin sjanse til å sette igjennom sin eigen vilje i det sosiale samkvem, og det sjølv om andre deltakarar i det kollektive livet skulle gjere motstand» (Weber 2000:53). Investorane er dei som set på pengesekken og som kan gjere det litle ekstra slik at fotballklubben kan kjøpe ein eller to spelarar som dei sårt treng for å heve idrettsprestasjonane og kanskje kome nokre runde lenger i Champions League kvalifiseringa, som er eit av måla for Rosenborg Ballklubb, å hevde seg ute i Europa. Her kan investorane med si makt over pengane avgjere om ein kan snakke om spel i Europa eller ikkje. Men sidan Rosenborg har det på si liste over sportslege resultat dei ønskjer å oppnå, er det ganske stor moglegheit for at dei blir tildelt pengar til å forsterke spelarstallen sin. Då i motsetning til dei mindre klubbane i landet, som ikkje har like mange eller like store investorar som er villig til å spytte inn like mykje pengar. Men så lenge Rosenborg Ballklubb er ein storklubb som satsar på nasjonalt og internasjonalt vil det vere investorane og pengane som avgjer, og kva supporterane måtte meine vil då kome i andre rekkje av ting og take omsyn til. Fotballsupporterane er jo den gruppa som markerer mest motstand mot den makta som blir utøvd frå dei makthavande, og dette er

eit tema eg vil skrive om i neste avsnitt.

Globalisering og utfordringar for den stadfesta identiteten

Her kjem vi over på det neste temaet, nemleg kva som kan skje når pengar blir blanda med fotballen. På mange måtar er det omtrent uunngåeleg i desse tider. Dersom sponsorar og investorar ikkje involverer seg vil klubbane få eit mindre budsjett og rutte med. Det kan likevel oppstå ein viss fare med store pengesummar involvert. Blant anna når det er snakk om spelarkjøp- og sal. Mange spelarar er i klubben berre på ein midlertidig basis og ofte blir det stilt spørsmål om desse spelarane eigentleg er mest interesserte i løna si og i å vise seg fram for ein større klubb. Å bruke si tid i Rosenborg som eit springbrett til noko større. At mange gjer det slik kan vere sant, men samtidig er det særskild viktig for supporterane at desse spelarane samtidig spelar med sjela si i klubben og gi alt, blør for drakta, anten dei er der i eitt år eller i fire år. Det og vere lojal til klubben den tida ein er der, har mykje å seie. Men for mange kan det bli litt for mykje snakk om høge løningar, spel i utlandet og så vidare. Ein spelar som har fått høyre dette er Rosenborgs Michael Lustig som gjerne vil spele for den italienske klubben AC Milan. Mange vil påstå at hovudet hans ofte er i Milan mens han spelar for Rosenborg, at hans prestasjonar ikkje held mål for Rosenborg ein gong. Kvifor skal han då gå rundt og drøyme om å spele fotball for eit internasjonalt storlag som AC Milan? Dette fekk Lustig erfart etter at Rosenborg rauk ut av Noregsmeisterskapet mot Aalesunds Fotballklubb i kvartfinalen, ein kamp der han måtte gå av bana etter berre nokre minutt grunna skade. Då spelarane skulle gå inn i spelarbussen etter kampen, fekk Lustig tilropet «Milan, ha ha» av nokre supporterar. Det blei litt opphissa stemning mellom partane, men dei fekk ordna opp i følgje spelaren sjølv (Stendal 2011). Roger seier kva han er opptatt av i denne forbindelsen, «det eneste jeg er opptatt av, er at de som spiller for Rosenborg spiller i rosenborgdrakta med en forståelse for hvor privilegerte de faktisk er som får spille for Nordens største klubb. Og at de har en innsats deretter». Akkurat dette synet er det mange som deler med han blant Rosenborgsupporterane. Slik den økonomiske situasjonen er i dag for mange fotballspelarar, har dei enormt store løningar og spesielt dersom spelarane er unge, kan dette spele inn på haldningane deira. Dei tek på seg fotballsko og skal på jobb ute på grasmatta. Dette er ei haldning ingen fotballspelar blir satt pris på for å ha. Oppofrande, lojale og tålmodige spelarar er det supporterane set pris på. Alejandro Lago er ein slik spelar i Rosenborg, men han har diverre ikkje fått kontrakt vidare og spelte sin siste kamp for laget mot Viking i den avsluttande runda i fjorårets Tippeliga. Etter kampen blei det trampeklapp til ropet «Lago, Lago, Lago» frå Kjernen.

Pengar kan ha mykje og seie når det kjem til kontraktsinngåingar og overgangar. Dersom to klubbar er ute etter ein spelar, er det den klubben som betalar høgast løn og har dei beste vilkåra for

spelaren som vil trekkje det lengste strået. Slik var det i fjor sumar når både Rosenborg og Vålerenga var ute etter Veigar Pall Gunnarsson, der Vålerenga trakk det lengste strået. Denne saken har fått mykje merksemd i media grunna korleis avtalen blei forhandla om. Det var både skitne triks og utelating av å betale pengesummar inne i bilete, og det enda med at både leiinga i Stabæk og Vålerenga blei politimeldt. Rosenborg sin leiing hadde tittelen som vitne i saken, då dei òg la inn eit bod på Gunnarsson (Dagbladet, b). Det er ikkje alltid det fell på løna og pengane i Noreg, men i utlandet der dei store og rike klubbane sloss om dei same spelarane, har ofte pengar mykje meir å seie. Men det har heilt klart ein del og seie her i landet òg. Mange klubbar, inkludert Rosenborg, vel ofte å kjøpe utanlandske spelarar framfor å satse på unge og lovande lokale spelarar. Dette fordi dei har høve til det økonomisk sett. Mens mindre og ikkje så økonomiske sterke klubbar som Sogndal til dømes, må satse på lokale spelarar i større grad fordi dei ikkje har noko anna val. Det er ikkje dermed sagt at spelaren frå Ghana er betre enn den lokale spelaren frå Sogndal, men den siste kostar ofte mindre og er lokal. Med denne trenden pågåande blir den lokale forankringa til klubben sett på prøve. Svært mange av landets profesjonelle fotballag har ein stall der overvekta er Norske statsborgerar nettopp av den enkle grunn at dei er dyre, mens å kjøpe utanlandske spelarar ofte er billigare. Skal ein kjøpe Noregs beste spelar må ein ute med mykje pengar, og når klubbane stadig får beskjed om budsjettkutt, er det ofte løysinga å leite utanlands. Den lokale forankringa som svært mange fotballsupporterar steller seg bak, vil moglegvis forsvinne meir og meir med dersom denne trenden blir heldt fast på. Eit poeng her kan vere at den lokalt forankra identiteten kan blir utfordra av ein meir global og internasjonal identitet, og det kan vere med på å svekkje noko av det autentiske ved fotballen både for spelarane sjølve og for supporterane. Dette kan ein ikkje sei på førehand per i dag, men det er eit mogleg utfall ein kan tenkje seg i framtida. Eit Rosenborglag der 1-2 mann er frå Trøndelag, eller maks 4 mann frå Noreg, mens resten er frå utlandet seier i grunn sitt når det gjeld lokal identitet og forankring. For ein fotballsupporter er lokal forankring og lokal tilhørsle svært viktig. Dersom den forsvinn frå laget, kan ein samanlikne det med norske fotballsupporterar som identifiserer seg med engelske eller spanske lag. Dei opplev ein form for «imagined communitites» fordi dei følgjer laget sitt på avstand og gjennom media, og dannar seg eit bilete av korleis det er på bakgrunn av inntrykk og informasjon dei får gjennom media (Hognestad 2003).

Gjennom den auka graden av kommersialisering av fotballen ser ein eit klart skilje mellom den lokale fotballen og den globale fotballen, som Haugsbakken (2004) skriv om i ein artikkel om den vonde kommersialiseringa av fotballen. Ein viktig faktor for å skilje mellom global og lokal fotball er sjølvsagt økonomi, som eg har omtalt over. Mediedekning kan òg ha ein del og seie. Først og fremst mediedekninga på fjernsyn, det vil seie kva kampar som blir prioritert og til kva tidspunkt. Eit populært tidspunkt å sjå norsk fotball på er sundag klokka 20, då hovudkampen blir vist på TV2.

Elles blir kampane vist på ulike kanalar, som TV2 Zebra, MAX og nokre betalingskanalar. At lokale kampar blir vist på betalingskanalar er med på og skilje supporterar som held med det lokale laget og mellom dei som held med topplaget. Topplaget sin kamp blir vist på TV2 klokka 20, mens kampen til det lokale laget blir vist på betalingskanalen klokken 18. Supporterane som følger det lokale laget må då oppsøke andre fora for å få med seg kampen, som internett og TV til dømes (Haddal & Haugsbakken 2004:19).

Ein annan ting som er viktig å ta med her er prestisjen og den økonomiske gevinsten mange lag dreg nytta av ved å delta i ulike turneringar, då spesielt dei større som Champions League. Her er det mykje pengar i spel, og dersom ein gjer det brukbart som norsk lag i ei slik turnering, kan det vere gode pengar å hente ut i gevinst. Dette har blant anna Rosenborg fått erfare i den perioden dei deltok og på det beste kom seg til kvartfinalen. Det har skjedd ein internasjonalisering av kampprogrammet til dei største klubbane i Noreg, der alt skal passe saman. Det er snakk om Tippeligaspel, Noregsmeisterskapet, og for nokre lag, spel i Europa. På sumarhalvåret kan det vere lag som har opp mot tre kampar på ei veke, og det gjer at belastninga på laget blir svært høg. Men for dei fleste lag som deltek i Europa er det knytt stor prestisje til det, og dei ser på det som viktig «matching» og få prøve seg mot utanlandske lag på omtrent same nivå. Fjernsyn har stor påverknad når det gjeld å formidle det globale spelet fotball. Men det har òg andre mediar som aviser og magasin. Korleis sportsjournalistane formulerer seg og uttalar seg om den aktuelle fotballklubben, kan gjere at supporterane gjer seg opp ei meining på bakgrunn av informasjonen lest i avisa eller magasinet (Haddal & Haugsbakken 2004:21). I Adresseavisen, lokalavisa i Trondheim, har sportskommentator Kjetil Krogsæter blitt mykje kritisert i fjorårets sesong. Kritikken har gått på korleis han vinklar stoff om Rosenborg og deira supporterar på ein negativ måte og korleis han meiner at alt var mykje betre før då Nils Arne Eggen var Rosenborgtrenar. Dette snakka eg om med informant Stein som meinte at den innstillinga var det ikkje berre Krogsæter i Adresseavisen som hadde, men at den var å finne blant den jamne Rosenborgsupporter og trønder òg. Når Rosenborgsupporterane omtalar tribunen sin, seier dei Øvre Øst, og ikkje Øvre Adressa som tribunen eigentleg heiter. Grunnen til det er at Adresseavisen har sponsormerket sitt på den delen av stadion. Poenget her er at dette moglegvis bunnar ut i Adresseavisen sin kritikk, og supporterane føler at det blir meir ekte og kalle tribunen Øvre Øst enn Øvre Adressa. Media er ein kommersiell aktør med stor makt, men det er likevel stor takhøgde for å kritisere og boikotte media for andre aktørar (fotballsupporterar, fotballtrenarar og liknande) om dette skulle vere ønskeleg.

Pengar i fotballen har gjort sitt til at mange klubbar ikkje lenger er store på bakgrunn av berre dei sportslege resultata dei oppnår, men meir på grunn av kor rike dei er. Ein kan nemne klubbar som Barcelona og Manchester United som døme, då dei er nokre av verdas rikaste. Å samanlikne Rosenborg med desse klubbane vil ikkje vere optimalt, men i ein norsk målestokk er Rosenborg ein

av den rikaste klubbane i landet, og den klubben med mest sportsleg suksess opp i gjennom åra, både i inn- og utland. Eg tenkjer spesielt på perioden på 90-talet og framover då klubben tok tretten seriemeisterskap på rad med Nils Arne Eggen som hovudtrenar. Etter 2004 har klubben derimot berre teke tre seriemeisterskap og ingen Noregsmeisterskapstitlar heller (Rbk.no, a). Likevel blir dei sett på som eit av Noregs beste fotballag. Trass i at dei sportslege resultata ikkje er dei same som i gullalderen, blir det forventat av omgivnadane at Rosenborg skal fortsette å gå rundt som før, økonomisk og sportsleg sett. Men aukane pengesuksess er ingen sikker faktor for gode sportslege resultat, heller ikkje i Rosenborg. Dei har gjort nokre dårlege signeringar av spelarar, samt at ryggraden av rutinerte spelarar har forsvunne. Hittil har dei ikkje greidd å etablere eit stabilt lag som leverer over tid, men dei er heller i ein oppbyggingsfase. Fleire uttalar at «det var betre før når Eggen var trenar», og stadig vekk høyrer ein om kor dårleg trenar laget er no i forhold til då og at ein må tilsetje mentaltrenar igjen. Ein høyrer om dei som vil ha Eggen tilbake som trenar, og er av den oppfatninga av at dersom han tek over som trenar igjen, vil alt ordne seg. Dei første ut til å kritisere korleis klubben blir styrt er ofte supporterane. Det handlar ikkje om kven som veit best og ikkje, men at det er mange aktørar som føler at dei har noko dei skulle ha sagt med omsyn til korleis klubben blir styrt, og at ein bør take omsyn til alle partane før ein tek ei avgjerse.

Nye kategoriar og typar fotballsupporterar

Kommersialiseringa av fotballen har ført til diverse endringar både i supporterkulturen og i rama rundt ein fotballkamp. Først og fremst har dei kommersielle aktørane blitt konkurrentar til dei autentiske fotballsupporterane som strevar for å halde på sin maskuline og autentiske supporterkultur på tribunen. Dei kommersielle kreftene utfordrar dette blant anna ved å auke kompleksiteten i supporterkulturen ved å danne nye konsumgrupperingar. Dette er ein prosess som er stadig pågåande, men begge partar sine interesser må takast i vare for at prosessen skal fortsette. Sjølv om dei ulike aktørane har ulike interesser, vil eg argumentere for at nokre av dei er like og av den grunn av dei vere i eit avhengnadsforhold til kvarandre. Utan dei autentiske og aktive fotballsupporterane vil ikkje produktet til dei kommersielle aktørane bli like bra som det kunne ha vore. Og dersom dei kommersielle aktørane ikkje engasjerer seg i fotballklubbane, kan mange av dei stå i fare for å gå konkurs eller slite stort økonomisk sett. Dette kan gå utover supporterane ved blant anna auka billettinntekter og kutting både her og der for å få budsjettet til å gå opp.

Noko som har kome meir og meir med kommersialiseringa er auka fokus på rekruttering av barn og unge til å reise på fotballkamp. Familietribunar har i større grad enn tidlegare komme på omtrent alle fotballarenaer i landet. Mange supporterklubbar har ei gruppering kalla «miniklanan», som i Vålerenga, kor dei unge supporterane kan stå saman og støtte laget sitt. For det er ei generell oppfatning at det ikkje er barnevenleg å ta med barn opp til supportertribunane. Rosenborg hadde

ikkje ei slik «minigruppering», men dei har både familietribune og familierestaurant på stadion som skal gjere det attraktivt å ta med seg heile familien på fotballkamp. Mange supporterar syns det ikkje er heilt på sin plass med ei slik «minigruppering», mens mange ynskje dei yngste velkomne. Dei fleste syns det er bra at barn og unge kan reise på kamp så tideleg som mogleg slik at dei kan utvikle engasjementet sitt for klubben. Det er sjølvsagt ikkje alle barn og unge som drar på Lerkendal stadion som held på interessa etterkvart som dei veks til, men det er moglegvis større sjanse for at dei gjer det dersom dei gjeng på kamp enn om dei ikkje gjer det. Det har blitt tala om at mange unge har større interesse for dei større laga ute i verda, til dømes Manchester United, Barcelona og liknande, enn dei har for lag heime i Noreg. Roger seier dette om familiesatsinga på Lerkendal;

Ingenting er viktigere for Rosenborg og Kjernen enn at barn kommer på kamp. Barn må komme på Lerkendal og oppleve Kjernen og Rosenborg på nært hold. Jo oftere, jo bedre. Jo sjeldnere, jo lettere er det å tape de til den helvetes engelske fotballyken.

Her ser ein at han oppmodar dei som har barn til å ta dei med på Lerkendal ofte for at dei skal oppleve Rosenborg og Kjernen ofte og på nært hald, i staden for å bli oppslukt av engelsk fotball, som mange barn ofte blir oppslukt av på eit eller anna tidspunkt. Han meiner at det er viktigare å rekruttere supporterar til Rosenborg enn til engelske lag. Mange held sjølvsagt med eit lag heime i Noreg og i tillegg eit ute i Europa. Men det er synd dersom dette laget ute i Europa skal ta opp det meste av interessa, mens interessa for til dømes Rosenborg vil kome i skuggen. Dette er ein problematikk som Hognestad skriv mykje om. I eit intervju kallar han nordmenn for «fotballbigamister», men hevdar at det gjeng greitt for norske supporterar å halde med eit utanlandsk lag og eit norsk lag, så lenge ikkje desse skal spele mot kvarandre. Då blir det plutsleg problematisk. Han hevdar på bakgrunn av ein undersøking at 45 % av norske fotbalsupporterar held mest med sitt utanlandske lag, mens berre 15 % set sitt norske lag først (Jensen 2012). Av dette eksempelet ser vi at det som Roger fryktar har skjedd, at fleire bryr seg meir om eit utanlandsk lag enn eit norsk. At far og son reiser på fotballkamp og det auka fokuset mot familiar, kan moglegvis opne for at fleire kvinner lettare kan delta på tribunen, er noko å spekulere i. Dette er ein trend som er aukande, og ein kan observere fleire og fleire kvinner på tribunen, både i dei inaktive delane av stadion og i den aktive delen. Det er snakk om kvinner i alle aldrar, både unge som er saman med vennar eller familien, eller dei litt eldre som er saman med vennar, kjærast eller familien. Ser ein til dømes på Øvre Øst tribunen er det eit klart overtal av menn der, men andelen kvinner er aukande. Då eg snakka med informantane om dette med kvinner versus menn på tribunen, meinte dei at det åtferdsmessig ikkje var nokon forskjell på kjønna, men observasjonane mine er ikkje heilt einige i

det. Når det gjeld å rope nedlatande ord til motstandar og liknande, er ikkje kvinner så deltakande i forhold til menn, dei modererer seg i mykje større grad. Dette var både noko eg observerte og som dei kvinnelege informantane sa til meg. Det kunne sjølvstundt hende at dei kvinnelege supporterane òg fekk «utbrudd» i løpet av ein kamp, men dei prøvde å moderere reaksjonane sine på trass av at kjenslene er i fri flyt i dette liminale rommet dei oppheld seg i. Som eg har omtalt tidlegare i oppgåva er det ingenting som stoppar kvinner i å delta på lik linje med menn på tribunen, det er ikkje det biologiske kjønnet som avgjer. Men det sosiale kjønnet kan ha noko å seie. Det er mest snakk om at grenser blir tøya, spesielt for kvinnene, då supporterkulturen på Øvre Øst er veldig maskulin, og det blir sagt mykje som til tider kan bli oppfatta som støytande for enkelte.

Noko som er verdt å spekulere i, er om ein breiare samansett supporterskare i forhold til kjønn, alder og klasse på sikt vil utfordre dei tradisjonelle maskuline uttrykksformene i supporterkulturen? Og om desse formene vil føre til eit større mangfald i supporterkulturens uttrykksformer? Dei kommersielle marknadskreftene ønskjer ein breiare og meir samansett supporterskare fordi dei ser på supporterane som konsumentar av investorane sine varer og tenester. For dei tradisjonelle og autentiske supporterane kan dette by på utfordringar, då dei i større grad ser på seg sjølve som laget sin 12 mann heller enn konsumentar av varen fotball. Rosenborgsupporterane differensierer som kjent andre supporterar frå seg sjølve nettopp på bakgrunn av at andre supporterar i større grad står på Øvre Øst på grunn av stemninga utan å delta sjølve. For ein medlem av Kjernen eller Ultras Nidaros er det uaktuelt og stå på Øvre Øst utan å delta og bidra til å lage liv og stemning. Når det gjeld kvinner og barn på tribunene, er det naturleg nok ulike oppfatningar om dette. Men dei aller fleste fotballsupporterane syns det er ein positiv ting at barn og unge møter opp på kamp i ung alder, og at det er gode utsikter for ein kan behalde interessa ettersom ein veks til. Dei fleste supporterane vil heller ikkje ha eit problem med at kvinner i større grad er deltakande på tribunene. Eg snakka med nokre av informantane om dette, og dei hevda at dei var positive til at kvinner i større grad var delaktige på Øvre Øst. Dei meinte at deira maskuline identitet og uttrykksform ikkje ville bli truga av dette. Ein kan såleis spekulere i om dette vil by på utfordringar for den maskuline supporterkulturen, eller om det rett og slett vil vere ein bra ting med ein auka del kvinner blant dei mest aktive supporterane.

Kapittel 7 - Konklusjon: Mot ein meir mangfaldig supporterkultur

Meininga med å skrive denne oppgåva har vore å sjå på ei lokal gruppe med fotballsupporterar i eit samla perspektiv. Eg har studert Rosenborgsupporterane innanfrå og vore deltakande i størst mogleg grad på tribunen saman med dei for å oppnå eit inside-perspektiv. Eg har hatt fokus på kompleksiteten blant supporterane, og har fokusert på vanlege Kjernenmedlemar, medlemar i Ultras Nidaros, Tifo Trondheim og forsongargruppa. Eg har drøfta materialet mitt i forhold til ulike teoriar og påstandar i den samfunnsvitskapelege litteraturen om fotballsupporterar. Desse teoriene og påstandane har vore bekreftande på enkelte områder, mens dei har vore bakgrunn for problematisering andre stadar.

I analysane mine av kategorisering av fotballsupporterar, var Giulianotti sin firefelts tabell eit nyttig reiskap, men i forhold til hans plassering av supporterar viser studiet mitt at det kan vere vanskeleg å kategorisere enkelte av supportergrupperingane. Ein treng fleire nyansar enn det Giulianotti bruker i tabellen sin. Poenget mitt er at ved innføringa av kategoriane familie, barn, og kvinner, og organiseringa av minisupporterklubbane, vil det bli ytterlegare komplisert å bruke firefeltstabellen. Moglegvis er det moden for ei re-vurdering, men dette er ikkje noko eg har som mål å gjere i denne oppgåva. Vidare har eg undersøkt korleis Rosenborgsupporterane skil seg frå Lillestrømsupporterar og Moldesupporterar. I samband med det har eg knytt min eigen empiri opp mot empirien til Archetti frå Argentina og korleis supporterar nyttar nedlatande ord og uttrykk for å nedverdige og umenneskeleggjere motstandaren sine supporterar. Her fell mykje av det eg har kome fram til saman med det Archetti argumenterer for. Frå materialet mitt har eg har tolka at dei regionale identitetane som fell saman med by-land-kategorien blir svært viktige for supporterane, og stemmer godt overeins med påstandane til Hognestad (2001) frå Bryne-Viking-eksempelet, sjølv om utgangspunktet der var noko annleis enn i mitt tilfelle. Då tenkjer eg spesielt på linken mellom Bryne og bondekulturen. Eg har òg tolka at åtferda til to supportergrupperingar blir uttrykt som symmetriske schismogeneser i form av at dei prøver å overgå kvarandre i måten å uttrykke seg på og kva midlar dei tek i bruk for å differensiere seg sjølve i forhold til «dei andre».

Eg har funne teoriar og perspektiv frå religions- og ritualstudiar (Asad 1993, Bell 1997, Geertz 1973) både interessante og nyttige i studiet av opplevingsdimensjonen i supporterpraksisar. Men eg er delvis ueinig i at vi kan klassifisere denne typen uttrykksformer og opplevingar som religion. Som eg har vist er dette delvis avhengig av kva slags religionsdefinisjon ein vel å bruke. Her har eg føretrekt ein definisjon frå Geertz som tek utgangspunkt i det sosiale og kulturelle, og som ikkje ekskluderer at fotball kan vere religion. For å vise til at alt kjem an på kva for ein definisjon ein vel å ta utgangspunkt i, har eg satt Asad sin religionsdefinisjon opp mot Geertz sin. Asad sin definisjon av religion ekskluderer nemleg at fotball kan vere religion fordi han tek utgangspunkt i

kristendommen og det overnaturlige. Eg har argumentert for at å delta i ei supportergruppering kan opplevast som noko liminalt og det kan vere rom for å oppleve ekstatiske kjensler.

I den siste delen av oppgåva drøfta eg dei moglege endringane i supporterkulturen. Den aukande graden av kommersialiseringa ser ut til å drive fram nye supportergrupperingar som familiar og barn. Det er eit mogleg utfall at dette kan vere ei opning for større deltaking av kvinner i supporterkulturen, som igjen vil kunne påverke supporterkulturen sine uttrykksformer og praksisar. Kommersialiseringa av fotballen er ein langvarig og langsam prosess som bringer nye aktørar og bevegelsar inn i supporterkulturen. Kvar denne brytingstida endar opp sosialt og kulturelt sett er det vanskeleg å seie noko om. Det største beviset på sosial og kulturell endring er kanskje korleis den sosiale figuren, sosiale praksisen og sosiale kategorien «casuals» vert til. «Casuals» er vanskelege å kategorisere innanfor dei institusjonaliserte kategoriane av fotballsupporterar. Dei er eit marginalt fenomen, men òg eit grensefenomen som i si form trekkje veksling på alle typar fotballsupporterar og aktørar i supporterkulturen: 1) Dei er casuals som vekker konnotasjonar til tilfeldige, flyktige, og slumpmessige som «stemningsturister» og «medgangssupporterar». 2) Dei har ein måte å kle seg på som er forvekslande lik dei nye kommersielle aktørane. 3) Dei har ei solidaritetskjenne og ein lojalitet til forveksling med ein autentisk Kjernemedlem, men står utanfor den formelle organiseringa av supporterane. 4) Dei dyrkar rein valdeleg maskulinitet som «hooligans», men bryter med alle andre kjente teikn på «hooligans» og «hooliganism».

Det er ikkje tilfeldig at denne uklare kategorien og sosiale figuren dukkar opp når fotball- og supporterkulturen er i ei uoversikteleg sosial og kulturell drift i eit skjæringspunkt mellom klasse, kjønn, aldrar og kommersialisering.

Kjeldeliste

- Archetti, E. & Dyck, N. (2003) *Sport, Dance and Embodied Identities*. New York, Berg.
- Archetti, E. (1985) Fotball og nasjonal etos. I Olsen, E. red. *Fotball – Mer enn et spill*. Oslo, Cappelen Forlag A.S.
- Asad, T. (1993) *Genealogies of Religion: Discipline and Reasons of Power in Christianity and Islam*. London, The Johns Hopkins University Press.
- Barth, F. (1994) *Manifestasjon og Prosess*. Oslo, Universitetsforlaget.
- Barth, F. (1969) *Ethnic Groups and Boundaries*. Bergen, Universitetsforlaget.
- Bateson, G. (1972) *Steps to an Ecology of Mind*. Chicago, University Press of Chicago.
- Baumann, G. (1992) Ritual Implicates «Others»: Rereading Durkheim in a plural society. I de Coppet, D. *Understanding Rituals*. London, Routledge.
- Bell, C. (1997) *Ritual - Perspectives and Dimensions*. New York, Oxford University Press.
- Bourdieu, P. ([1984]2010) *Distinction*. London & New York, Routledge.
- Briggs, C. L. (1986) *Learning how to ask. A sociolinguistic appraisal of the role of the interview in social science research*. Cambridge, Cambridge University Press.
- Bromberger, C. (1995) Sport as Metaphore Soccer in Europe. I Lavenda, R.H. & Schultz, E.A. eds. *Anthropology – What does it mean to be human?*. Oxford, Oxford University Press.
- Brøgger, J. (1999) *Psykologisk Antropologi*. Trondheim, Cappelen Akademiske Forlag.
- Buford, B. (1991) *Among the Thugs*. London, Secker & Warburg.
- Coddington, A. (1997) *One of the Lads. Women who follow football*. London, Harper Collins Publishers.
- Csikszentmihalyi, M. (2002) *Flow: The classic work on how to achieve happiness*. California, Rider Books.
- Dahl-Jørgensen, C. (2003) Håndtering av usikkerhet i en global verden – å tenke lokalt som en overlevelsesstrategi. *Tidsskrift for Arbeidsliv* [Internett], 5 (1). Tilgjengeleg frå: <http://www.nyt-om-arbeidsliv.dk/images/pdf/2003/nr1/ta03-1-29.pdf> [Lesedato 12.05.2012].
- Douglas, M. (1966) *Purity and Danger*. London, Routledge.
- Fossum, L. (2009) *Man vil jo ikke være en del av den moderne fotballen – En studie av ultras og deres posisjon I en supporterkulturell kontekst*. Masteroppgave, Universitetet i Oslo.
- Frøystad, K. (2003) Forestillinger om det «ordentlige» feltarbeid og dets umulighet i Norge. I Marianne Rugkåsa, M. & Thoresen, K.T. red. *Nære steder, nye rom. Utdfordringer i antropologiske studier i Norge*. Oslo, Gyldendal Norske Forlag.

- Gammelsæter, H. & Ohr, F. (2001) Hvor styres norsk toppfotball? *Aftenposten* 3.februar 2001 [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.mfm.no/db/5/1760.pdf>, [Lesedato 03.12.2011].
- Gary, J., Sandvoss, C. & Harrington, C. L. (2007) *Fandom: Identities and communities in a mediated world*. New York, New York University Press.
- Geertz, C. (1973) *The Interpretation of Cultures*. New York, Fontana Press.
- Giulianotti, R. (2002) Supporters, Followers, Fans, and Flaneurs: A Taxonomy of Spectator Identities in Football. *Journal of Sport and Social Issues* [Internett], 26 (1): 25-46. Tilgjengeleg frå: <http://jss.sagepub.com/content/26/1/25.full.pdf+html> [Lesedato 12.05.2012].
- Giulianotti, R. (1999) *Football – A Sociology of the Global Game*. Cambridge, Polity Press.
- Giulianotti, R. (1999a) Hooligans and Carnival Fans. Scottish Football Supporter Cultures. I Armstrong, G. & Giulianotti, R. red. *Football Cultures and Identities*. Basingstoke, MacMillan.
- Haddal, K. & Haugsbakken, H. (2004) *Markedspenetrasjonen – Nye utfordringer i studiet av supportere og fotball*. Akademisk avhandling, Universitetet i Bergen.
- Hammersley, M. & Atkinson, P. (1987) *Feltmetodikk. Grunnlaget for feltarbeid og feltforskning*. Oslo, Gyldendal Norske Forlag.
- Harris, J. & Parker, A. (2009) *Sport and Social Identities*. New York, Palgrave MacMillan.
- Hastrup, K. (1995) *A passage to anthropology: Between Experience and Theory*. London, Routledge.
- Haugsbakken, H. (12.05.2004) *Den onde kommersialiseringen av fotball* [Internett], Bergen, Studvest. Tilgjengeleg frå: http://old.studvest.no/print.php?art_id=545&seksjon=print, [Lesedato 03.12.2011].
- Haugset, A. S (28.03.2007) *Pauseunderholdning – nei takk!* [Internett], Oslo, Forskning.no. Tilgjengeleg frå: <http://www.forskning.no/artikler/2007/mars/1174904188.71.print>, [Lesedato 04.12.2011].
- Herrebrøden, Ø. & Skaret, P.M. (21.09.2011) *Canal Plus fjerner søndagsrunden i eliteserien* [Internett], Oslo, Verdens Gang. Tilgjengeleg frå: <http://ww.vg.no/sport/fotball/norsk/artikkel.php?artid=10038769>, [Lesedato 21.09.2011].
- Hjelseth, A. (2006) *Mellom børs, katedral og karneval. Norske supporteres forhandlinger om kommersialisering av fotball*. Akademisk avhandling, Universitetet i Bergen.
- Hjelseth, A. (2005) De som streber nedover – Om klasse og identitet blant fotballsupportere. *Sosiologi i Dag*, Årgang 35, (4), s. 69-87.
- Hognestad, H. (2001) Viking and Farmer Armies: The Stavanger-Bryne Norwegian Football Rivalry. I Armstrong, G. & Giulianotti, R. eds. *Fear and Loathing in World Football*. Oxford, Berg.
- Jenkins, R. (2008) *Social Identity*. London, Routledge.

- Jensen, I.M. (30.04.2012) *Nordmenn er fotball-bigamister* [Internett], Oslo, Aftenposten. Tilgjengeleg frå: <http://fotball.aftenposten.no/england/article234587.ece>, [Lesedato 08.05.2012].
- Johnson, J. (2001) *Is football becoming the religion of the masses?* [Internett], Hackwriters. Tilgjengeleg frå: <http://www.hackwriters.com/footyjj.htm>, [Lesedato 03.11.2011].
- Larsen, T. (1984) Bønder i byen – På jakt etter den norske konfigurasjonen. I Klausen, A.M. red. *Den Norske Væremåten. Antropologisk søkelys på norsk kultur*. Oslo, Cappelen.
- Leirvik, E.H. (2000) Samhandlingens ethos – Et blikk på ledelse og kommunikasjon I Rosenborg Ballklubb [Internett]. KUNNE Nedtegnelse N05/00, SINTEF Teknologiledelse 2000. Tilgjengeleg frå: http://www.kunne.no/upload/Gamle%20publikasjoner/Nedtegnelser/Samhandlingens%20ethos%20N0500_Hoff-Leirvik.pdf [Lesedato 10.05.2012].
- MacClancy, J. (1996) *Sport, Identity and Ethnicity*. London, Berg.
- Mathisen, E. B. & Flatås, S. (11.08.2011) *Må ikke kneble supporterne* [Internett], NRK Trøndelag. Tilgjengeleg frå: http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk_trondelag/1.7746604, [Lesedato 11.08.2011].
- McLellan, I. (20.09.2008) *The Cult of Football: A Religion of the Twentieth Century and Beyond* [Internett], The Bleacher Report. Tilgjengeleg frå: <http://bleacherreport.com/articles/59738-the-cult-of-football-a-religion-for-the-twentieth-century-and-beyond>, [Lesedato 04.11.2011].
- Moore, H. L. (1988) *Feminism and Anthropology*. Cambridge: Polity Press.
- Myren, T. (23.05.2008) *Den plagsomme lillebroren* [Internett], Trondheim, RBKweb. Tilgjengeleg frå: <http://www.rbkweb.no/skrivut/6062>, [Lesedato 17.10.2011].
- Myren, T. (10.10.2006) *Flere kjernepartikler* [Internett], Trondheim, RBKweb. Tilgjengeleg frå: <http://www.rbkweb.no/skrivut/4828>, [Lesedato 19.10.2011].
- Pals, D. L. (2006) *Eight Theories of Religion*. New York, Oxford University Press.
- Pettersen, T. E. (31.10.2008) *Casuals like opptatt av fotball som andre* [Internett], Oslo, Dagbladet. Tilgjengeleg frå: <http://www.dagbladet.no/art/tippeligaen/sosiologi/3564908/>, [Lesedato 17.04.2012].
- Raknes, O. (1927) *Møtet med det Heilage*. Oslo, Gyldendal Norsk Forlag.
- Reim, N. (2008) *Øl, vold og skamslåtte bønder*. Masteroppgave, Universitetet i Oslo.
- Repstad, P. ([1993]1987) *Mellom nærhet og distanse: kvalitative metoder i samfunnsfag*. Oslo, Universitetsforlaget.
- Rise, O. M. G. (07.11.2011) *Best å spille de siste 80 minuttene* [Internett], Oslo, Aftenposten. Tilgjengeleg frå: <http://fotball.aftenposten.no/eliteserien/article210197.ece>, [Lesedato 25.04.2012].
- Rosaldo, R. (1984) Grief and the Headhunter's Rage. I Burner, J. ed. *Text, Play and Story*. Washington DC, American Ethnological Society.

- Rosch, E. (1978) *Cognition and Categorization*. New Jersey, Lawrence Erlbaum Associates Publishers.
- Rosch, E., Simpson, C. & Miller, R.S. (1976) Structural Bases of Typicality Effects. *Journal of Experimental Psychology: Human Perception and Performance* [Internett] 2, 491-502. Tilgjengeleg frå: <http://psycnet.apa.org/journals/xhp/2/4/491.pdf> [Lesedato 13.05.2012].
- Røssevold, A. (2005) *Dø for Brann, Alle mann*. Masteroppgave, Universitetet I Bergen.
- Saltbones, F. & Sagbakken, O. K. (20.12.2011) *Koteng: Vi har snakket om flere roller i RBK* [Internett], Trondheim, Adresseavisen. Tilgjengeleg frå: <http://fotball.adressa.no/eliteserien/article216928.ece>, [lesedato 13.12.2011].
- Scheper-Hughes, N. (2006) The Primacy of the Ethical: Propositions for a Militant Anthropology. I Moore, H. L. & Sanders, T. eds. *Anthropology in Theory. Issues in Epistemology*. Oxford, Blackwell Publishing.
- Schilbrack, K. (2005) Religion, Models of, and Reality: Are we through with Geertz? *Journal of the American Academy of Religion* [Internett], June 2005, Vol. 73, No.2. Tilgjengeleg frå: <https://www.amherst.edu/media/view/120868/original/Dole-Schilbrack%2BKevin-%2BAre%2BWe%2BThrough%2BWith%2BGeertz.pdf> [Lesedato 12.05.2012].
- Skoglund Johnsen, E. (2007) *Den Kollektive Kroppen*. Oslo, Akilles Forlag.
- Smith, L. & Kleinman, A. (2010) Emotional Engagements: Acknowledgement, Advocacy, and Direct Action. I Davies, J. & Spencer, D. eds. *Emotions in the Field. The Psychology and Anthropology of Fieldwork Experience*. California, Stanford University Press.
- Stendal, C. S. (18.08.2011) *Lustig beklager kaffekastingen* [Internett], Oslo, Aftenposten. Tilgjengeleg frå: <http://fotball.aftenposten.no/nm/article207315.ece>, [Lesedato 30.08.2011].
- Stoller, P. (1989) *The Taste of Ethnographic Things: The Senses in Anthropology*. Philadelphia, Philadelphia University of Pennsylvania Press.
- Turner, V. (1969) *The Ritual Process: Structure and Anti-Structure*. New York, Aldine de Gruyter.
- Van Gennep, A. (1960) *The Rites of Passage*. London, Routledge.
- Weber, M. ([1922]2000) *Makt og Byråkrati*. Oslo, Gyldendal.
- Wilken, L. (2008) *Pierre Bourdieu*. Trondheim, Tapir Akademiske Forlag.
- Wilson, M. (1954) Nyakyusa Ritual and Symbolism. *American Anthropologist, New Series*, Vol.56, No.2. Part.1. Tilgjengeleg frå: <http://www.jstor.org/stable/pdfplus/664361.pdf?acceptTC=true> [Lesedato 12.05.2012].
- Wolden, O. R. (03.11.2008) *Bilde tå'n Ivers live* [Internett], Trondheim, Rosenborg Ballklubb. Tilgjengeleg frå: <http://www.rbk.no/incoming/article121843.ece>, [Lesedato 08.11.2011].
- Aasen, J. (19.11.2010) *Verdens nordligste katedral* [Internett], Trondheim, Rosenborg Ballklubb. Tilgjengeleg frå: <http://www.rbk.no/incoming/article160973.ece>, [Lesedato 04.05.2012].

Internettkjelder utan forfattarar

Against Modern Football (2012). Tilgjengeleg frå: <http://www.againstmodernfootball.com>.

Dagbladet, a (03.07.2011). *Mann mistenkt for steinkasting mot Stabæk-buss* [Internett], Oslo. Tilgjengeleg frå: <http://www.dagbladet.no/2011/07/03/sport/fotball/tippeligaen/17175184/>, [Lesedato 13.05.2012].

Dagbladet, b (30.11.2011). *Utelukker ikke flere pågripelser i Gunnarsson-saken* [Internett], Oslo. Tilgjengeleg frå: http://www.dagbladet.no/2011/11/30/sport/fotball/veigar_pall_gunnarsson/herman_stengel/truls_ha_akonsen/19231988/, [Lesedato 25.04.2012].

Den Katolske Kirke (14.09.2003). *Relikvier* [Internett]. Tilgjengeleg frå: http://www.katolsk.no/tro/tema/helgener/artikler/relikvier_peo, [Lesedato 24.04.2012].

Football Derbies (2012). Tilgjengeleg frå: <http://www.footballderbies.com>.

Fotball i helgen (2011) *Hvorfor i helgen?* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.fotballihelgen.no/promotert/hva-vil-vi> [Lesedato 10.11.2011].

Kjernen, a (17.03.2010). *Historien om Kjernen* [Internett], Trondheim. Tilgjengeleg frå: <http://www.kjernen.com>, [Lesedato 18.10.2011].

Kjernen, b (17.03.2010). *2005-2008: Blod på tann* [Internett], Trondheim. Tilgjengeleg frå: http://www.kjernen.com/index.php?option=com_content&view=article&id=133&Itemid=187&limitstart=4, [Lesedato 18.10.2011].

Kjernen, c (17.03.2010). *2001-2004: Stor og sterk* [Internett], Trondheim. Tilgjengeleg frå: http://www.kjernen.com/index.php?option=com_content&view=article&id=133&Itemid=53&limitsart=3, [Lesedato 18.10.2011].

Rosenborg Ballklubb, a (2012). *Fakta RBK* [Internett], Trondheim. Tilgjengeleg frå: <http://www.rbk.no/info/article53848.ece>, [Lesedato 18.10.2011].

Rosenborg Ballklubb, b (2012). *Fra Odd til Nordens stolthet* [Internett], Trondheim. Tilgjengeleg frå: <http://www.rbk.no/info/article103354.ece>, [Lesedato 18.10.2011].

Rosenborg Ballklubb, c (2012). *Lerkendal Stadion* [Internett], Trondheim. Tilgjengeleg frå: <http://www.rbk.no/info/article53890.ece>, [Lesedato 18.10.2011].

Rosenborg Ballklubb, d (2012). *Organisasjon* [Internett], Trondheim. Tilgjengeleg frå: <http://www.rbk.no/info/article53864.ece>, [Lesedato 25.04.2012].

Aalesunds Fotballklubb (2012). *Ansatte* [Internett], Ålesund. Tilgjengeleg frå: <http://www.aafk.no/employees>, [Lesedato 25.04.2012].

Andre kjelder

Svart på hvitt. Medlemsblad for Kjernen, 2006 nr.1, årgang 8.

Vedlegg for bilete



Figur 11- Tifo frå kampen mellom Rosenborg og Lyon i 2002 (Foto: Tifo Trondheim).



Figur 12- Tifo frå kampen mellom Rosenborg og Molde på Lerkendal stadion i 2011 (Foto: Tifo Trondheim).



Figur 13- Tifo frå hyllestkampen til Roar Strand på Lerkendal stadion i 2011 (Foto: Tifo Trondheim).



Figur 14- Tifo frå kampen mellom Rosenborg og Chelsea i 2007 (Foto: Rbkweb.no).